ALVER
KOMMUNE

# Innkalling
# av
# Alver kommunestyre

**Møtedato:** 24.11.2022
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland
**Møtetid:** 12:00 -

Eventuelle forfall må meldast til https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det er spørjetime i starten av møtet.

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 138/22 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 139/22 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 140/22 | Melding frå kontrollutvalet |
| 141/22 | Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022 |
| 142/22 | Revidering av retningsliner for tildeling av ungdomsrådmidlar |
| 143/22 | Prioritering av søknader om spelemidlar 2023 |
| 144/22 | Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak |
| 145/22 | Mandat for ny ungdomsskule på Frekhaug |
| 146/22 | Kunnskapsgrunnlag redusert tal barn i barnehage og skule |
| 147/22 | Samlokalisering av avlastingstiltak i Alver kommune |
| 148/22 | Evaluering prøveordning - Kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne |
| 149/22 | Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i Alver kommune frå 2023 |
| 150/22 | Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune |
| 151/22 | Kanal- og servicestrategi 2022-2026 |
| 152/22 | Alversund - Tveiten kai, gbnr. 139/11 jfr. politisk sak 21/4865 |
| 153/22 | Mogelege straumsparetiltak - kostnadsreduksjon |
| 154/22 | Endra forskrift om vass- og avløpsgebyr, gebyrgrunnlag som er kobla til garasje |
| 155/22 | Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad |
| 156/22 | Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2024 - 2027 |
| 157/22 | Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver kommune-Framlegg til vedtak etter høyring og offentleg ettersyn |
| 158/22 | Melding/orientering til kommunestyret 24.11.2022 |

159/22 Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 24.11.2022

17. november 2022

Sara Hamre Sekkingstad
ordførar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-033 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 17.11.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 138/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Godkjenning av  innkalling og saksliste**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Innkalling og saksliste vert godkjent.

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-033 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 25.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 139/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Godkjenning av møteprotokoll**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Møteprotokollen vert godkjent.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 24.10.2022 | Protokoll - Alver kommunestyre - 20.10.2022 | 1822746 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-033, TI-&17 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 04.11.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 140/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Melding frå kontrollutvalet**

**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**
Meldinga vert teke til orientering

**Politisk handsaming**
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Meldingar frå kontrollutvalet:**

- Møteprotokoll frå kontrollutvalet 31.10.2022
- Kontrollutvalet sak 62/22 med vedlegg
- Kontrollutvalet sak 64/22
- Kontrollutvalet sak 65/22

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 02.11.2022 | Alver kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 31.10.2022 | 1827977 |
| 14.11.2022 | 2022 10 31 Møteutskrift sak 62_22 - Alver kontrollutval (L)(869924) | 1834012 |
| 14.11.2022 | Prosjektplan for forvaltningsrevisjon av beredskap mv (L)(869684) | 1834015 |
| 14.11.2022 | Møteutskrift sak 6422 - Alver kontrollutval (L)(871231) | 1834014 |
| 14.11.2022 | 2022 10 31 Møteutskrift sak 65_22 - Alver kontrollutval (L)(871247) | 1834013 |
| 14.11.2022 | 2022 10 17 Møteutskrift sak 57_22 - Alver kontrollutval med vedlegg | 1834017 |
| 14.11.2022 | Protokoll - Alver kontrollutval ekstraordinært møte | 1834018 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-033, FA-C10 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 19.09.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 058/22 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 04.10.2022 |
| 071/22 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 08.11.2022 |
| 141/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**
**Handsaming:**
Saka er utsett til neste møte.

**OKK- 058/22 Vedtak:**
Saka er utsett til neste møte.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**
**Handsaming:**
Orientering frå medlemmer i ungdomsrådet: Leonie Sophie Thiele og Frida Fammestad

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 071/22 innstilling:**
Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**
Jfr. Politisk reglement. Ungdomsrådet skal kvart år legge fram årsmelding til kommunestyret. Årsmeldinga vert lagt fram munnleg.

**Saksopplysninger:**
Årsmeldinga er for perioden september 2021-september 2022.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 03.11.2022 | Årsmelding 2021-2022 Alver ungdomsråd | 1828940 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-033, FA-C10 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 31.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 043/22 | Ungdomsråd | 07.11.2022 |
| 070/22 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 08.11.2022 |
| 142/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Revidering av retningsliner for tildeling av ungdomsrådmidlar**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Ungdomsråd 07.11.2022:**
**Handsaming:**
Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen og Leonie Sophie Thiele

**UR- 043/22 Uttale:**
Ungdomsrådet ynskjer å fremme følgjande endring, under punkt 3/Støtte:

Ein aktør:
Inntil 7500,- per søknad
To eller fleire aktørar i samarbeid:
Inntil 20000,- per søknad.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**
**Handsaming:**
Orientering frå medlemmer i ungdomsrådet: Leonie Sophie Thiele og Frida Fammestad.

**Framlegg frå ungdomsrådet:**
Ungdomsrådet ynskjer å fremje følgjande endring i retningslinjer under punkt 3/Støtte:

Ein aktør:
Inntil 7500,- per søknad
To eller fleire aktørar i samarbeid:
Inntil 20000,- per søknad.

OKK slutta seg til framlegget frå ungdomsrådet.

**Tilleggsframlegg frå OKK v/Christel V. Håland-H:**

*Ungdomsrådet kan av dei avsette midlane søkja om å arrangere konferanse, prosjekt eller liknande for rådet. Søknad vert sendt til administrasjonen og handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**OKK- 070/22 innstilling:**
OKK sluttar seg til følgjande endring i retningslinjer for ungdomsrådet - under punkt 3/Støtte:
Ein aktør: Inntil 7.500,- per søknad
To eller fleire aktørar i samarbeid: Inntil 20.000,- per søknad.

Ungdomsrådet kan av dei avsette midlane søkja om å arrangere konferanse, prosjekt eller liknande for rådet. Søknad vert sendt til administrasjonen og handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i ungdomsråd
Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Saka gjeld**
Saka gjeld revidering av retningsliner for tildeling av ungdomsrådmidlar.
**Saksopplysningar**

**Bakgrunn:**

***Sakshistorikk***
Noverande retningsliner for ungdomsrådmidlane vart vedtatt i sak 032/21 av Alver kommunestyre 22.02.21 (retningslinene ligg vedlagt saka).

Ordninga byggjer på politisk reglement for Alver kommune, der det heiter:

*Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har på kommunebudsjettet, midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.*

§ 2 i forskrift om medvirkningsordninger gjer rom for at ungdomsrådet sjølv kan fordele midlane. Ut frå ordlyden i "politisk reglement for Alver kommune", står ungdomsrådet relativt fritt til å disponere dei midlane dei har på kommunebudsjettet, så lenge dei nyttast til å betre dei unge sitt oppvekstmiljø. Våren 2020 utarbeida Alver ungdomsråd retningsliner for å klargjera formålet med midlane, samt opne for at Alver ungdomsråd kan fordela tilskott etter søknad og syta for god handsaming.

***Behov***
Alver ungdomsråd har bedd administrasjonen om å opna opp for revidering av retningslinene. Mellom anna fordi dei ynskjer å justera beløpsgrensa og krav til søkjar, for å stimulera til fleire søknadar.

Framlegg til endringar vert fremma av Alver ungdomsråd direkte i møte 7.11, for vidare handsaming i utval for Oppvekst, kunnskap og kultur, før handsaming i Kommunestyret.

**Kommunedirektøren si tilråding**
Tilrår at Alver ungdomsråd fremmar sine framlegg til endringar i sitt møte 7.11.22 for vidare politisk handsaming.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 01.11.2022 | Retningsliner Ungdomsrådmidlane - vedtatt 22.02.2021 | 1827220 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-243 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 24.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 068/22 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 08.11.2022 |
| 143/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Prioritering av søknader om spelemidlar 2023**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommunestyre godkjenner prioritering av spelemidlar 2023 slik det ligg føre i saka.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**
**Handsaming:**
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 068/22 innstilling:**
Alver kommunestyre godkjenner prioritering av spelemidlar 2023 slik det ligg føre i saka.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Saka gjeld**
Prioritering av søknader om spelemidlar.

**Saksopplysningar**
**Bakgrunn:**
Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, populært kalla «spelemidlar», er ei tilskotsordning for bygging og rehabilitering av anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Midlane er overskot frå Norsk Tipping. Det kan søkjast om støtte til ordinære anlegg og til nærmiljøanlegg. Ordinære anlegg er anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet, medan nærmiljøanlegg er for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i knytt til bu- og/eller opphaldsområde. Berre utandørsanlegg kan vera nærmiljøanlegg.

Alle innkomne spelemiddelsøknader, både søknader for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, skal vera omtala i anleggsstrategien/kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet og prioriterast gjennom eit politisk fatta vedtak. Med unntak av nærmiljøanlegg med kostnadsramme under 600 000 kroner. Fylkeskommunen står for endeleg tildeling utifrå ramme gitt av Kulturdepartementet.

Det er kome inn 22 søknader om tilskot til ordinære anlegg og 3 søknader om tilskot til nærmiljøanlegg i Alver kommune.

Søknadsprioriteringa er i samsvar med Anleggsstrategi for Alver 2020-2024. Strategien

vart sist rullert i kommunestyret 16.juni 2022 *sak 085/22*.

**Uttale frå idrettsrådet**
Idrettsrådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vurdering:**
**Ordinære anlegg**
Eit ordinært anlegg kan få inntil 1/3 av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane. I ordninga for ordinære anlegg må ein søkja minst tre gonger (tre år) for kvart anlegg før det kan få tildelt midlar. Dette gjeld uavhengig av kommunen si prioritering av innkomne søknader. Alle søknader må likevel stå på prioriteringslista, sjølv om dei ikkje kan få tilskot dette året.

Søknadene er prioriterte ut frå om dei er i posisjon for å få utbetaling i 2023, etter tre års minste ventetid, og *Anleggsstrategi for Alver 2020-2024* sitt prinsipp om balanse mellom private og offentleg søknader.

Kommunedirektøren foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for ordinære anlegg:

| Pri. | Anlegg | Stad | Søkar | Første søknadsår | Søknadssum |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Etablering av lager | Fossemyra Idrettspark, Frekhaug | IL Kvernbit | 2020 | 1 000 000,- |
| 2 | Rehabilitering av grasbane | Hordabø | Hordabø IL | 2020 | 128 000,- |
| 3 | Hus for drift og materiell | Hordabø | Hordabø IL | 2020 | 848 000,- |
| 4 | Klubbhus | Stokkedalen | Radøy skyttarlag | 2020 | 1 400 000,- |
| 5 | Kunstgrasbane I, rehabilitering og lysanlegg | Fossemyra Idrettspark, Frekhaug | IL Kvernbit | 2020 | 2 360 000,- |
| 6 | Standplass | Lindås | Lindås skyttarlag | 2021 | 1 053 000,- |
| 7 | Kunstgrasbane 9'ar | Leirdalen | Nordre Holsnøy IL | 2021 | 669 000,- |
| 8 | Basishall /turn | Alversund | Alver kommune | 2020 | 4 000 000,- |
| 9 | Fleirbrukshall | Alversund | Alver kommune | 2020 | 10 500 000,- |
| 10 | Rehabilitering basseng og bygningsmasse | Radøyhallen | Alver kommune | 2020 | 284 000,- |
| 11 | Buldreanlegg | Knarvik Arena | Alver kommune | 2020 | 300 000,- |
| 12 | Orienteringskart | Eikanger/Baståsen | Idrottslaget Gular Orientering | 2021 | 160 000,- |
| 13 | Rehabilitering kunstgrasbane II, 11-ar + lysanlegg | Fossemyra | IL Kvernbit | 2022 | 1 700 000,- |
| 14 | Dagsturhytte | Eldsfjellet | Alver kommune | 2021 | 390 000,- |
| 15 | Dagsturhytte | Byngja | Alver | 2021 | 390 000,-* |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | med trepromenade og grusveg | | kommune | | |
| 16 | Dagsturhytte | Vardefjellet | Alver kommune | 2021 | 390 000,- |
| 17 | Rehabilitering kunstgrasbane, 11-ar | Knarvik | Alver kommune | 2022 | 1 000 000,- |
| 18 | Standplass og skyteskiver | Stokkedalen | Nordhordland jakt og fiskelag | 2022 | 675 000,- |
| 19 | Gapahuk | Vallevika | Bergen og omland friluftsråd (BOF) | 2022 | 93 000,- |
| 20 | Gapahuk | Io | Bergen og omland friluftsråd (BOF) | 2022 | 173 000,- |
| 21 | Rehabilitering kunstgrasbane, 11-ar + lysanlegg | Ostereidet | Alver kommune | 2023 | 1 700 000,- |
| 22 | Rehabilitering kunstgrasbane, 7-ar | Knarvik | Alver kommune | 2023 | 500 000,- |
| | | | | | **Kr 29 713 000** |

*tilskotssum for trepromenade og grusveg er ikkje medrekna då tala ikkje er klare endå.

**Nærmiljøanlegg**
Eit nærmiljøanlegg kan få inntil 50 % av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane. I denne ordninga kan ein få tilskot første gong ein søkjer. Kommunen si prioritering og den totale ramma i fylket vert såleis avgjerande for kva anlegg som får midlar. Prioriteringa under er i tråd med prioriteringsrekkjefølgja i *Anleggsstrategi for Alver 2020-2024*:

Kommunedirektøren foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for nærmiljøanlegg:

| **Pri.** | **Anlegg** | **Stad** | **Søkar** | **Første søknadsår** | **Søknadssum** |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Ballbinge | Mjåtveitmarka | Mjåtveitmarka velforeining | 2022 | 263 000,- |
| 2 | Ballbinge | Fløsvika | Fløsvika ve og vel | 2022 | 300 000,- |
| 3 | Utandørs treningsapparat | Knarvik ungdomsskule | Alver kommune | 2023 | 268 000,- |
| | | | | | **Kr 831 000** |

**Oversyn tidlegare års tildelingar**

Ordinære anlegg 2022

| **Søkjar** | **Søknad** | **Tildelt** |
|---|---|---|
| Kvernbit | Fossemyra fotballhall | 5 000 000,- |
| Alver kommune | Knarvik Arena, fleirbrukshall | 2 838 000,-<br>(rest av delutbetaling) |
| Alver kommune | Lyssett turveg Manger | 1 700 000,- |
| | | **Kr 9 538 000** |

Nærmiljøanlegg 2022

| **Søkjar** | **Søknad** | **Tildelt** |
|---|---|---|
| Manger IL | Minibane kunstgras + lys, Grønålen | 454 000,- |
| Manger IL | Pump track, Grønålen | 251 000,- |
| Manger IL | Buldrestein, Grønålen | 167 000,- |
| Manger IL | Utandørs treningsapparat, Grønålen | 75 000,- |
| Mjåtveitmarka velforeining | Ballbinge, Mjåtveitmarka | 266 000,- |
| Alver kommune | Nesvatnet UU baderampe | 53 000,- |
| Alver kommune | Utandørs treningsapparat, Grønålen | 171 000,- |
| Alver kommune | Aktivitetspark, Manger skule | 282 000,- |
| Alver kommune | Aktivitetsanlegg, Sæbø skule | 300 000,- |
| | | **Kr 2 019 000** |

Ordinære anlegg 2021

| **Søkjar** | **Søknad** | **Tildelt** |
|---|---|---|
| Meland golf | Driving range, oppgradering, takoverbygg | 700 000,- |
| Radøy IL | Garderobebygg, Austmarka | 1 827 000,- |
| Radøy skyttarlag | 200 meter riflebane med støydempa standplassbygg, Stokkedalen | 765 000,- |
| Seim skyttarlag | 15 meter miniatyrbane | 1 800 000,- |
| Alver kommune | Fleirbrukshall, Knarvik Arena | 4 800 000,- |
| | | **Kr 9 892 000** |

Nærmiljøanlegg 2021

| **Søkjar** | **Søknad** | **Tildelt** |
|---|---|---|
| Alver kommune | BMX-bane, Alversund skule | 300 000,- |
| Alver kommune | Utandørs bordtennisbord, Alversund skule | 45 000,- |
| Alver kommune | Ballbinge, Sæbø skule | 110 000,- |
| Alver kommune | Aktivitetsområde, Austebygd skule | 300 000,- |
| Alver kommune | Hinderløype, Leiknes skule | 300 000,- |
| Alver kommune | Pump track, Leiknes skule | 300 000,- |
| Alver kommune | Fleiraktivitetsområde, Eikanger skule | 247 000,- |
| Alver kommune | Utandørs basketbane, Alversund skule | 266 000,- |
| | | **Kr 1 862 000** |

Ordinære anlegg 2020

| **Søkjar** | **Søknad** | **Tildelt** |
|---|---|---|
| Nordhordland pistolklubb | Skytebane Stokkedalen, Pistol feltanlegg | 690 000,- |

| | | |
|---|---|---|
| Alver kommune | Radøyhallen fleirbrukshall, rehabilitering | 1 308 000,- |
| Alver kommune | Nesvatnet nærmiljøanlegg, toalett | 149 000,- |
| Alver kommune | Nordhordlandshallen, fotballhall | 600 000,- |
| Alver kommune | Knarvik Arena, klatrehall | 3 000 000,- |
| Alver kommune | Nordhordlandshallen, delanlegg friidrett | 276 000,- |
| Alver kommune | Knarvik Arena | 2 000 000,- (+ 2 762 000,-) |
| | | **Kr 8 023 000 (Kr 10 785 000)** |

Nærmiljøanlegg 2020

| **Søkjar** | **Søknad** | **Tildelt** |
|---|---|---|
| Alver kommune | Knarvik barneskule, street basket | 289 000,- |
| Alver kommune | Knarvik barneskule, skating og sykling | 300 000,- |
| Alver kommune | Knarvik barneskule, lysanlegg skate- og sykkelområde | 53 000,- |
| Alver kommune | Knarvik barneskule, lysanlegg nærmiljø vestside | 300 000,- |
| Alver kommune | Frekhaug torg, aktivitetsområde | 300 000,- |
| Alver kommune | Meieriparken | 266 000,- |
| Alver kommune | Sagstad skule, parkour/klatring/trimpark | 89 000,- |
| Alver kommune | Sagstad skule, fleirbruksanlegg | 241 000,- |
| Alver kommune | Alversund, minibane multisport | 300 000,- |
| Alver kommune | Alversund skule, tursti | 600 000,- |
| | | **Kr 2 738 000** |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-C20 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 19.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 041/22 | Ungdomsråd | 07.11.2022 |
| 044/22 | Eldreråd | 07.11.2022 |
| 048/22 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 07.11.2022 |
| 066/22 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 08.11.2022 |
| 144/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret vedtar Plan for friluftslivslivets ferdselsårer 2022-2026.

**Eldreråd 07.11.2022:**
**Handsaming:**
**Olav M. Steinsland sette fram følgjande felles framlegg til uttale:**
*Eldrerådet sluttar seg til Plan for friluftslivets ferdselsårer.*
*Rådet vil understreka behovet for å leggja til rette for universell tilkomst og ferdselsårer som er tilpassa eldre.*
*Eldrerådet ser også eit betydeleg behov for tilrettelegging av sjøverts ferdselsårer, og har forventningar til at dette i det vidarearbeidet blir knytt opp mot Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland.*

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

**ER- 044/22 uttale:**
Eldrerådet sluttar seg til Plan for friluftslivets ferdselsårer.
Rådet vil understreka behovet for å leggja til rette for universell tilkomst og ferdselsårer som er tilpassa eldre.
Eldrerådet ser også eit betydeleg behov for tilrettelegging av sjøverts ferdselsårer, og har forventningar til at dette i det vidare arbeidet blir knytt opp mot Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:**
**Handsaming:**
Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 048/22 uttale:**
Ingen merknader.

**Ungdomsråd 07.11.2022:**
**Handsaming:**

**UR- 041/22 uttale:**
Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**
**Handsaming:**
Laila Bjørge-Sp bad om vurdering av sin habilitet jf. ko.loven §11-10. Utvalet erklærte henne samrøystes som inhabil, og ho deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-einingsleiar Kultur

**Tilleggsframlegg frå Jostein Borlaug-AP:**
*Kartlagte ferdselsårer i Stølsheimen som kjem innunder områda som er vurdert i ein eventuell framtidig nasjonalpark. Under desse punkta ønsker ein også å sjå på desse områda som å ha nasjonal verdi, ikkje berre lokale og regionale verdier.*

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 066/22 innstilling:**
Kommunestyret vedtar Plan for friluftslivslivets ferdselsårer 2022-2026, med slik endring:
Kartlagte ferdselsårer i Stølsheimen som kjem innunder områda som er vurdert i ein eventuell framtidig nasjonalpark. Under desse punkta ønsker ein også å sjå på desse områda som å ha nasjonal verdi, ikkje berre lokale og regionale verdier.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur. Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Bakgrunn**

I *Handlingsplan for friluftsliv* frå 2018 initierer regjeringa eit fleirårig prosjekt, *Friluftslivets ferdselsårer*, som har som mål å fremja planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar. Miljødirektoratet utarbeidde ein rettleiar (*M-1292 2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer*) som skulle nyttast i samband med utarbeiding av planar for friluftslivets ferdselsårer.

Alver kommune forankra Plan for friluftslivets ferdselsårer i Anleggsstrategi for Alver kommune 2021-2023. Planstrategien slår fast at Plan for friluftslivets ferdselsårer skal ha status som temaplan.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vedtok i møte 20. april 2021, sak 020/21, oppstart av Temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2024 i Alver kommune, og i møte 31. mai sak 039/22 å leggja planen ut på høyring med høyringsfrist 31. august. Denne saka gjeld endeleg vedtak av Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune 2022-2026.

Kommunen har fått 240 000 kroner i tilskot frå Miljødirektoratet til å utarbeida planen. Dette inkluderer tilskot som vart gjeve til Radøy, Lindås og Meland kommunar.

**Saksopplysningar**
Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune gjev oversikt over viktige ferdselsårer for friluftslivet i kommunen. Planen er ein del av kunnskapsgrunnlaget som skal vera med på å sikra areal for friluftslivet i samband med byggesaker og arealplanlegging, og den skal peika ut strategiar for arbeidet med friluftslivets ferdselsårer i planperioden. Plan for friluftstlivets ferdselsårer vil også vera eit viktig kunnskapsgunnlag for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

<u>Avgrensing av planen</u>
Storleiken på kommunen og det høge talet på ferdselsårer gjorde at det var naudsynt å avgrensa planarbeidet for å koma i hamn. I denne planen var det avgjerande å få kartlagd

dei stiane og turvegane som har høgast bruksfrekvens, mest slitasje og størst tilretteleggingsbehov. For å få med desse ferdselsårene vart planarbeidet avgrensa til å omhandla stiar og turvegar kring skulestader (og dermed også kommunesenteret, lokalsentra og nærsentera). I tillegg er turstiar og -vegar som er vurderte å ha regional verdi eller interesse tatt med i kartlegginga (sjå planutkastet kap 1.2 punkt 3 for definisjon av desse omgrepa). Kartlegging av turstiar og -vegar i resten av kommunen er tatt med som eit tiltak i handlingsdelen (jf kapittel 5.2 punkt 1).

Det er både ynskjeleg og naudsynt med meir kunnskap også om ferdselsårer på vatn og på sjø. Desse ferdselsårene er likevel ikkje tatt med i denne planen då dette hadde vorte for omfattande. Det er hausten 2022 sett i gang ein eigen prosesse med kartlegging og gradering av ro- og padleruter i samband med prosjektet Ro- og padleruter i Vestland som fylkeskommunen har initiert.

<u>Utarbeiding av planen og medverknad</u>
Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune har følgd metodikken Miljødirektoratet sin rettleiar. I tråd med denne rettleiaren er prosessen gjennomført i fire steg:

1. Oppstart (forankring, prosjektplan og annonsering)
2. Kartlegging av no-status
3. Analysera og vurdera tiltak
4. Samanstilling og vedtak

Det vart sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå kulturavdelinga, plan og analyse, og landbruk. Arbeidsgruppa har hatt ansvar for heile planprosessen, og har også utarbeida planen.

Kartlegginga av ferdselsårene er gjort av arbeidsgruppa i samarbeid med og i dialog med lokale ressurspersonar, og lag og organisasjonar. Etter at kartlegginga var gjennomført vart skular og barnehagar innanfor dei kartlagde områda bedne om å koma med innspel kartlegginga. I tillegg er lokale kjentpersonar innanfor kvart område kontakta og bedne om å kvalitetssikra kartlegginga.

Totalt er 268 ferdselsårer og 243 målpunkt kartlagde i samband med planarbeidet. 212 av ferdselsårene ligg i tilknytning til skulestadene, medan 56 er vurderte til å ha regional verdi eller interesse. I kartlegginga har ein vurdert på tilstanden på ferdselsårene, kva som finst av tilrettelegging og tilretteleggingsbehova for dei ulike ferdselsårene. Resultatet av kartlegginga går fram i kapittel 3, og i vedlagde kart og liste over kartlagde ferdselsårer. Alle kartlagde ferdselåser og målpunkt er lagt ut på
https://www.nordhordlandskart.no/apps/map/alverturogfriluft

<u>Handlingsdelen</u>
Tiltaka i handlingsdelen tar utgangspunkt i analysen i kapittel 4, der no-status er vurdert opp mot resultatmåla. I dei aller fleste tilfella er ein avhengig av at frivillige ynskjer å ta på seg arbeidet med fysisk tilretteleggjing ferdselsårer for at det skal verta utført. Berre i nokre få tilfelle er tilretteleggingstiltaka av ein slik storleik eller type at det er naturleg at kommunen tar på seg ei rolle som tiltakshavar, eller bidar med finansiering utover mindre tilskot. Dette gjeld også der kommunen er eigar av turvegar eller andre friluftslivsanlegg. På bakgrunn av dette er det i handlingsdelen ikkje gjort ei prioritering av mindre tiltak. Tilskotsordninga *Friluftstiltak*, som er ei av dei kommunale tilskotsordningane til kultur og idrett, har løpande søknadsfrist og gjer at ein kan løyva tilskot der det er frivillige som ynskjer å bidra til tilrettelegging av ferdselsårer.

**Innspel til planen**

Planen vart lagt ut høyring 31. mai. Dette vart kunngjort på nettsidene, på facebook og i lokalavisene. I tillegg vart det sendt ut brev til aktuelle lag og organisasjonar. Det vart, i samarbeid med Nordhordland turlag, arrangert ope innspelsmøte 23. august.

Det kom ti skriflege innspel i løpet av høyringsperioden, og i tillegg kom det nokre innspel på innspelsmøtet. Innspela til planutkastet er oppsummerte og kommenterte i tabellen nedanfor.

| Avsendar | Innspel | Kommentar |
|---|---|---|
| Nordhordland turlag | Nordhordland turlag fekk planen til uttale før den vart lagt ut til høyring. Dei kom med innspel 9. mai.<br><br>Ein del forslag til endringar i tekst.<br><br>Turlaget kom også med innspel om at fleire av turane i fjellområda mot grensa til Masfjorden og Modalen burde vore med under regionale turar. | Nokre av innspela vart innarbeidd i planutkastet som vart lagt ut på høyring.<br><br>Ferdselsårene frå Eikemo til Fjelde, frå Fjelde og Stussdal til Kalvedalen, frå Vemundsbotn mot Sørdalsnuten og frå Heimsta Sørdalsvatn til kommunegrensa mot Modalen i retning Skavlabu er tatt inn i planen. |
| Jon Vidar Sakseide | «Jeg er svært positiv til enda bedre stier, flere klopper, utsiktsrydding, parkeringsplasser etc. Dette er folkehelse og livskvalitet. Urørt natur har vi mye av i Norge, så noen klopper her og parkeringsplasser der har vi god råd til. Dessuten, folk som er glad i å bruke naturen, blir fort også glad i naturen, og ønsker å holde den ren og fin. Dette er et flott prosjekt som jeg håper blir gjort mye ut av.» | Tatt til orientering. |
| Kenneth Alvær | Savnar tilretteleggjing for enkle gapahukar i planen. | Kartlegginga viser at det manglar gapahukar mange av nærområda til skulane, og i løpet av kartlegginga har fleire av skulane også meld inn ynskje om dette. Dette er lagt inn under behov for tiltak. Kommunen kan gje tilskot til bygging av gapahukar i tilknyting til turstiar gjennom ordninga Tilskot til friluftslivstiltak. Det er også mogleg for lag og organisasjonar å søkja tilskot frå andre bidragsytarar enn kommunen. |
| Terje Hopland | Ber om at sti frå Hopland mot Husfjellet med ID 73 vert fjerna frå planen.<br><br>Innsendar kjem med kritikk om at grunneigar ikkje har vorte kontakta i samband med at sti over hans eigedom er tatt inn i planen. | Stien vert fjerna frå kartet og planen då det er uklart om første del av stien kan reknast som sti som fører til utmark (jf friluftslova § 3.1).<br><br>Det er berre stiar og turvegar der allemannsretten gjeld og stiar som går over innmark der det er gjort avtale med |

| | | |
|---|---|---|
| | | grunneigar som skal vera tatt med i planen. Det vert ikkje utført tiltak på ferdselsårer utan at grunneigar samtykkjer. |
| Arvid, innbyggjar | «Med den store folkeveksten som er planlagt i Knarvik med alle boligprosjektene, trenges det mer Brekkeløype med grusdekke for å fordele trykket, slik at ikke turen i løypa bærer preg av trengsel i fremtiden. Det vil også bidra til mer variasjon i tilbudet, det blir jo nokså ensformig med bare en enkelt runde på 1700 meter å velge i. (…) Smale stier i marken er ikke for alle og er lite egnet på dager med mye nedbør og søle.» | Innspelet vert tatt med under behov for utbetring under Brekkeløypa. Tiltaket vert ikkje prioritert i planperioden då det er fleire av dei andre sentra som ikkje har turvegar, medan det er to i Knarvik. |
| Vestland fylkeskommune | Alver kommune har gjort eit grundig arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer og kartlagt mange stiar, turvegar og andre ferdselsårer. (…) Planen har gode målformuleringar og ei fornuftig avgrensing av planarbeidet. (…) Ein god del turruter er allereie lagt inn i kartverket sin turrute-database og gjort tilgjengeleg i offentlege kart som t.d.Norgeskart. Det ser likevel ut til at ikkje alle dei kartlagde ferdselsårene er registrert i turrute-databasen. (…) Vi minner om at alle merka eller skilta turruter skal registrerast i turrute-databasen til Kartverket.<br><br>Vi tilrår og at det vert registrert tilknytta målpunkt som t.d. gapahukar, parkeringsplassar, utsiktspunkt osv. (…)<br><br>Vi oppmodar om å nytte plan for friluftslivets ferdselsårer aktivt i forvaltninga og utviklinga av stiar og turvegar i kommunen. | Det er eit tiltak i planen at Startens kartverk sitt kartgrunnlag for tur- og friluftsruter skal oppdaterast.<br><br>Målpunkt er kartlagt og regigstrert på digitalt kart, men ikkje på papirkarta av plassomsyn. |
| Stiftinga Uttoskavågen | Området er svært mykje brukt både av sjøfarande og folk som kjem til fots.Vi meiner at Friluftsområdet med tilkomstveg , parkeringsplass og sti på Uttoska bør koma med underpunkt 3.2: Ferdselsårer med regional verdi/potensiale. | Uttoskavågen har lenge vore mykje bruk av båtfolket, medan turstiane har vore lite nytta fram til det vart eit av turmåla i stolpejakten. Området vert difor ikkje vurdert til å ha regional verdi slik det er definert i planen.<br><br>Store delar av området vert beita av skotsk høglandsfe heile året. Kommunen vil difor vera varsam med å tilrå turgåarar å bruka området, jamvel om rasen er rekna som roleg og lite |

| | | |
|---|---|---|
| | | aggresiv. Området er blant anna difor ikkje tatt med under turområde med regional interesse. |
| Statsforvaltaren i Vestland | Statsforvaltaren meiner det er positivt at Alver kommune har utarbeida ein temaplan for friluftslivetsferdselsårer. Dette vil vere eit nyttig dokument både i kommunens arbeid med kommuneplanen,reguleringsplanar og i enkeltsaker. | Tatt til orientering. |
| Alver kulturråd | Alver kulturråd meiner det er gjort eit bra arbeid i kartlegginga. Rådet seier seg einig i at det er naudsynt med ei avgrensing grunna omfanget av eksisterande, og potensielle trasear, slik forslag til temaplan syner. Alver kulturråd registrerer at det er turtrasear som ikkje er nemt på det noverande tidspunkt, men som voneleg kjem med etter kvart.<br><br>Alver kulturråd vil minne om at det er viktig å sjå samanheng mellom eksisterande planar og tiltak og arbeidet som no gjerast, med nemte temaplan. Som døme kan nemnast<br>· koordinering av kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde<br>· skilting (turskiltprosjekt/ kulturminneskilting/ kulturlandskapsskilting/ skuleprosjekt m.m.)<br>· gradering av løyper<br>· verning av stor slitasje i terrenget<br>· padleløyper og padlekart<br>· jakt og fiskeområder<br>· naturvernområder<br>· turkonkurransar (stolpejakt, turkort, turkasser med bøker m.m.)<br>· parkeringsplassar<br>· sykkelsatsing | Det er eit tiltak i planen at ferdselsårer i resten av kommunen skal leggjast inn etter kvart som dei er registrerte.<br><br>Tatt til etterreting. |
| Alver idrettsråd | Ingen merknader | Tatt til orientering. |
| Frå innspelsmøtet | Bør ferdselsåra frå Skogen Sletta-Storsåta vere med?<br><br>Bør stien frå Kvalvågnes til Straumsneset vera med?<br><br>Det bør koma tydelegare merking/skildring/marknadsføring | Fell utanfor kriteria som er sett til kva ferdselsårer som er tatt med.<br><br>Fell utanfor kriteria som er sett til kva ferdselsårer som er tatt med. |

| | | |
|---|---|---|
| | for UU, barnevogn. | Dette vil verta følgd opp på skilt, turskildringar og på digitalt kart. |
| | Stort arbeid som er gjort. Kunnskapen bør vera grunnlag òg for nytt turkart for Alver. | Nytt turkart er tatt inn i tiltaksdelen. |
| | Parkering og behov for ny parkering må kome tydeleg fram. | Manglande parkering går fram av kartlegginga. Dei stadene der behovet for parkeringsplassar er størst, er tatt med i tiltakslista. |
| | Skiløyper er ikkje med, bør det vere med? | Skiløyper er ikkje tatt med i denne kartlegginga, Kan leggjast inn ved eit seinare høve. Behov for tilrettelegging på skiløyper vert tatt med i samband med KDP for kultur, idrett og friluftsliv. |
| | Innbyggarane treng informasjon om tilhøva for friluftslivsbruk og -opplevingar, og samla informasjon om dette. | Friluftslivskartet for Alver vil verta ein stad der informasjon om friluftsliv i kommunen vert publisert samla. |
| | Behov for fleire møteplassar langs vegen til Hopsdalen | Dette er utanfor det denne planen skal handsama. |
| | Ta med Kalvedalshytta og DNT-stiar, samt stiar mot aust / Stølsheimen | Sti frå Fjelde og Stussdalen til Kalvedalshytta er lagt inn. Det same er sti frå Vemundsbotn mot Sørdalsnuten og mot Skavlabu. |
| | Skausnøyni er ikkje korrekt namneform. | Retta til Skausnøya i tråd med namnevedtak. |

I tillegg endringar som er gjort på bakgrunn av innspel i høyringsperioden er det korrigert feil i teksten og i karta.

***Økonomiske konsekvensar***
Dei fleste av dei foreslåtte tiltaka kan gjennomførast som del av ordinær drift og innanfor gjeldande ramme og/eller med midlar som er sett av i fond til skiltprosjekt.

I tillegg er det behov for ei mindre auke av ramma til friluftsliv for å gjennomføre dei mindre tiltaka i planen. Avklaring på økonomisk ramme vert tatt i arbeidet med økonomiplanen.

I tiltaksdelen er det lagt inn følgjande kostader:
70 000 kr i 2023
270 000 kr i 2024
70 000 kr i 2025
70 000 kr i 2026

I tillegg kjem større einskildtiltak, jf kapittel 5.3. Desse vert tatt med og prioriterte i samband med kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunedirektøren rår til at planen vert vedtatt slik den ligg føre.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 31.10.2022 | Friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune | 1825623 |
| 31.10.2022 | Kart 1 | 1825624 |
| 31.10.2022 | Kart 2 | 1825625 |
| 31.10.2022 | Kart 3 | 1825626 |
| 31.10.2022 | Kart 4 | 1825627 |
| 31.10.2022 | Kart 5 | 1825628 |
| 31.10.2022 | Kart 6 | 1825629 |
| 31.10.2022 | Kart 7 | 1825630 |
| 31.10.2022 | Kart 8 | 1825631 |
| 31.10.2022 | Kart 9 | 1825632 |
| 31.10.2022 | Kart 10 | 1825633 |
| 31.10.2022 | Kart 11 | 1825634 |
| 31.10.2022 | Kart 12 | 1825635 |
| 31.10.2022 | Kart 13 | 1825636 |
| 31.10.2022 | Kart 14 | 1825637 |
| 31.10.2022 | Kart 15 | 1825638 |
| 31.10.2022 | Kart 16 | 1825639 |
| 31.10.2022 | Kart 17 | 1825640 |
| 31.10.2022 | Kart 18 | 1825641 |
| 31.10.2022 | Kart 19 | 1825642 |
| 31.10.2022 | Kart 20 | 1825643 |
| 31.10.2022 | Kartlagde ferdselsårer | 1825644 |
| 31.10.2022 | Uttale til Plan for Friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 | 1825645 |
| 28.10.2022 | Uttale - Høring - Alver - plan for friluftslivets ferdselsårer 2022 - 2026 | 1825647 |
| 31.10.2022 | Høyringsuttale til Plan for Friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 | 1825649 |
| 28.10.2022 | Høyringsmerknad - Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 | 1825651 |
| 31.10.2022 | Om friluftslivets ferdselsårer | 1825672 |
| 31.10.2022 | Høyringsuttale til Plan for friluftslivets ferdselsårer | 1825654 |
| 31.10.2022 | Innspel til ferdselsårer i Alver 9. mai 2022 | 1825673 |
| 31.10.2022 | Høyringsinnspel til plan for friluftlivets ferdselsårer | 1825655 |
| 31.10.2022 | UtvidetLoype | 1825668 |
| 31.10.2022 | Høyringsuttale til Plan for friluftslivets ferdselsårer | 1825669 |
| 31.10.2022 | Høyringsuttale til Plan for friluftslivets ferdselsårer | 1825670 |
| 31.10.2022 | Temaplan for friluftslivets ferdselsårer - uttale Alver idrettsråd | 1825671 |
| 01.11.2022 | Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak (L)(865224) | 1827164 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-614, FA-A20, TI-&42 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 27.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 040/22 | Ungdomsråd | 07.11.2022 |
| 053/22 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 07.11.2022 |
| 067/22 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 08.11.2022 |
| 107/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |
| 145/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Mandat for ny ungdomsskule på Frekhaug**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret vedtek mandat for konseptfase for utgreiing av ny Frekhaug ungdomsskule, slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:**
**Handsaming:**
Orientering til saka v/Oddbjørn Hindenes-rådgjevar bygg, areal og grønt

Ingen merknader, samrøystes

**RMNF- 053/22 uttale:**
Ingen merknader.

**Ungdomsråd 07.11.2022:**
**Handsaming:**

**UR- 040/22 uttale:**
Ungdomsrådet støttar kommundirektøren sitt framlegg til vedtak

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**
**Handsaming:**

**Spørsmål frå Anne Karin Eknes-Krf:**

1. Kva er kapasiteten på Meland Aktiv pr idag - meire korleis vil kapasiteten verte framover, Meland Aktiv.
2. Arealet på tomten - uteareal ift. krav evt. moglegheit til å kjøpe ekstra areal dersom det er behov for?
3. Er det "plasser" på Frekhaug, der desse skuleborna kan plasserast "trygt" i, under byggeprosessen?
4. Kva er tomtepris på areal som må kjøpast, ved Meland Aktiv/Langelandskogen, og pris inklusiv regulering?

5. Kostnad - utreda 2 eller 3? Meirpris?

**Spørsmål frå Yngve Walaker-Frp:**

1. Vurderer me 2. eller 3. alternativ må eksisterande tomt seljast.
2. Korleis er tidsaspektet ved dei ulike alternativa?

**Spørsmål frå Anna Nordlund-SV:**

1. Ynskjer ikkje ta vekk alternativ no i tilfelle det vert ståande utan nokon av dei til slutt.

Spørsmål frå utvalet vert vidaresendt til Formannskapet.

**Framlegg frå Laila Bjørge-Sp:**

Endra pkt.2: Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endre setning under pkt. 2 Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vere ein ressurs for

lokalbefolkninga. (Sambruk). Til :Bygget skal vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå Jostein Borlaug-Ap:**

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?

Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer utvalet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**OKK- 067/22 uttale:**

Endra pkt.2: Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.

Endre setning under pkt. 2 Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vere ein ressurs for

lokalbefolkninga. (Sambruk). Til: Bygget skal vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk).

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?
Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."

I utgangspunktet ynskjer utvalet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal.

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
**Framlegg frå J.Borlaug-AP:**

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?
Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."
I utgangspunktet ynskjer formannskapet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal

Framlegget vart vedteke mot 4 røyster (L.Johnsen-MDG, M.Færø-uavh., M.Klementsen-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

**Framlegg frå N.M.Aadland-H og I.Fjeldsbø-H:**
Område aust for Meland aktiv skal ikkje vurderast som aktuell tomt.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (N.M.Aadland-H, J.Borlaug-AP, N.Bognøy-AP, I.Fjeldsbø-H og A.Byrknes-KRF)

**Tilleggsframlegg frå A.Hetlebakke-KRF:**
Plassering av ny ungdomsskule i Havnevegen 53 vert ikkje utgreidd vidare.

Framlegget vart vedteke mot 4 røyster (L.Johnsen-MDG, M.Færø-uavh., M.Klementsen-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke med endringar.

**FO- 107/22 innstilling:**
Kommunestyret vedtek mandat for konseptfase for utgreiing av ny Frekhaug ungdomsskule, slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023., med føfgjande endringar/tillegg:

Under 2. Føremålet med prosjektet, kva må løysast?
Fjerna kulepunkt 4; "Avklara akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast."
I utgangspunktet ynskjer formannskapet at ungdomsskulen skal utgreiast med eigen kroppsøvingssal
Plassering av ny ungdomsskule i Havnevegen 53 vert ikkje utgreidd vidare.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i Ungdomsråd
Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal til innstilling i formannskap
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Saka gjeld**
Meland ungdomsskule består av fleire separate bygg der det eldste er frå 1920-talet.
Skulen har eit større behov for vedlikehald og oppgradering.
Det at skulen er så fragmentert medfører blant anna til at skulen ikkje har eit funksjonelt læringsmiljø.
Skulen manglar klasserom, fellesrom for samling av elevar og tilsette og møterom for alle tilsette. Ein manglar også areal for kroppsøving, symjeundervisning samt at ein treng eit større og meir variert uteområde.
Det er med andre ord behov for ein meir framtidsretta og optimalisert bygning.

I konseptfasen er det foreslått 3 tomter som skal vurderast:
1. Dagens plassering i Havnevegen 53 (regulert til offentleg)
2. Langelandsskogen (pågående planprosess)
3. Område aust for Meland Aktiv (uregulert)

Ein skal vurdere fordelar og ulemper ved alle tomtane, og konseptfasen skal enda opp med ei anbefaling vedr kva tomt som er best eigna for lokalisering av ny ungdomsskule, jfr vedlagt mandat.

Denne saka omhandlar mandat for konseptfasen/tidlegfasen. Saka omhandlar ikkje sjølve prosjektfasen/ gjennomføringsdelen.

**Saksopplysningar**
Tidlegare vedtak:
I gamle Meland kommune vart det i Formannskapet, sak 94/2018 den 17.10.2018 gjort vedtak som omhandla vidare arbeid med å planlegge for ungdomsskule i Langelandskogen.

I kommunestyremøte den 16.12.2021, sak 164/21: Økonomiplan 2022 – 2025.
*Kommunestyret ønskjer å forsere planlegginga av ny ungdomsskule på Frekhaug og ny barneskule på Eikanger, og legg inn midlar til dette frå og med 2022.*

Utgreiingsfasen:
Kommunen vil ha ansvar for å gjennomføre konseptfasen. Ved behov vil ein også leige inn rådgjevarar som kan bistå i denne prosessen. Undervegs vil det være nødvendig å involvere brukar- og referansegrupper.

I konseptfasen skal ein mellom anna vurdere plassering, dimensjonerande elevtal, avklare funksjonar som skal inn i bygget, vurdere uteopphaldsareal og sjå på nødvendig infrastruktur.

Kostnader:
I forslag til økononiplan investering 2023- 26 er det sett av kr 0,7mill i 2022, 3,6 mill i 2023, 4,9 mill i 2024 og 9,3 mill i 2025 for prosjekt *Frekhaug- Ny ungdomsskule*, for behovsavklaring, planlegging og etter kvart klargjering og prosjektering.

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunedirektøren tilrår at mandat for konseptfase for ny Frekhaug ungdomsskule, vert vedtatt slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 27.10.2022 | Mandat ny Frekhaug ungdomsskule | 1824526 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-A00 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 24.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 146/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |
| 069/22 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 08.11.2022 |
| 108/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |

**Kunnskapsgrunnlag redusert tal barn i barnehage og skule**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kunnskapsgrunnlaget Redusert tal barn og elevar i kommunen 2023-2033 blir tatt til orientering.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:**
**Handsaming:**
Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

**OKK- 069/22 uttale:**
Saka vert teke til orientering

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 108/22 innstilling:**
Kunnskapsgrunnlaget Redusert tal barn og elevar i kommunen 2023-2033 blir tatt til orientering.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Saka gjeld**

I samband med strategisamlinga for formannskapet 28.-29. april 2022 fekk administrasjonen i oppgåve å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag knytt til venta reduksjon i tal barn i barnehage og tal elevar i grunnskulen i åra som kjem.

Kunnskapsgrunnlaget som no ligg føre er utarbeidd i samarbeid med miljøretta helsevern, planavdelinga, eigedomsforvaltninga, styrar, rektorar og tenesteleiarane for barnehage og skule.

**Saksopplysningar**

Kunnskapsgrunnlaget som er presentert, viser prognose i høve til venta tal barn i barnehage og tal elevar i grunnskulen i Alver kommune i åra fram mot 2032.

Prognosane viser at tal barn i barnehage er venta å flate ut til litt under dagens nivå. Medan vi i 2015 hadde oppunder 2000 innbyggjarar i aldersgruppa 1-5 år, har vi i dag berre 1600.

Tilsvarande utvikling ser vi i høve til elevar i barneskule og ungdomsskule. Frå toppåret 2020 då det var 2900 elevar i barneskulen er talet venta å falle jamt dei neste åra, ned mot 2300 elevar i barneskulen i 2032. Utviklingsbiletet ser tilsvarande ut for ungdomsskulane, men her med ei forseinking i utviklinga i høve til reduksjonen. For ungdomsskulane er toppåret venteleg i 2023, med 1328 elevar totalt, og med jamn reduksjon ned mot 1087 elevar i 2032.

Samla elevtal for barneskule og ungdomsskule er stipulert til 4075 i 2023, dette inkluderer elevar i friskulane (private skular). Skuleåret 2022/23 har kommunen 314 elevar i friskulane.

I tabell *Nøkkeltal for den einskilde barnehage pr. 15.12.2022*, på side 15 i rapporten, blir mellom anna ledig kapasitet i dei kommunale barnehagane presentert. Samla utgjer ledig kapasitet i dei kommunale barnehagane over 200 plassar. Ved tildeling av barnehageplass tel barn under 3 år 2 plassar.

Avslutningsvis i kapittel 2 blir det presentert eit oversyn over ledig kapasitet i skulane som ein konsekvens av elevtalsutviklinga samt venta utvikling i tal klassar for neste skuleår. Samla har Alver kommune ein kapasitet på over 5000 elevplassar i grunnskulen i kommunen. Ved byrjinga av skuleåret 2022/23 hadde vi 3779 elevar i kommunale grunnskular, og etter prognosane kan vi vente oss 3387 elevar totalt i kommunen i 2032. Det er ikkje venta vesentleg endring i tal klassar neste skuleår.

I kapittel 3 er stipulerte kostnader til vedlikehald for bygga presentert. Dette er behov som vi kjenner til i dag, utan omsyn til nye vedlikehaldsbehov som kjem til i framtida. Samla utgjer dette over 100 millionar kroner i eit 5-10 års perspektiv.

Normtala for bemanning i barnehage og skule fastset minimumskrav i høve til bemanning. I barnehagane blir tal tilsette regulert årleg i samband med hovudopptak og tildeling av barnehageplassar om våren. Dei kommunale barnehagane i Alver kommune har eit ressursnivå som stettar minimumskrava etter norm for pedagog og norm for andre tilsette.

Skulane får tildelt ressursar for neste skuleår om våren, etter kommunal ressurstildelingsmodell. Skulane får tildelt ei ramme som rektor kan disponere i samsvar med lokale behov og prioriteringa. Rektor kan ikkje omfordele ressursane i så stor grad at norm for lærartettleik ikkje blir halden. Grunnnskulane i Alver kommune hadde skuleåret 2020/21 samla sett eit ressursnivå på 40 årsverk over minimumskrava etter norm for lærartettleik.

I kapittel 4 og 5 er dei kommunale barnehagane og skulane presentert. Presentasjonen viser at det er store variasjonar med omsyn til storleik, kvalitet på bygga og behov knytt til vedlikehald. Den pedagogiske vurderinga av anlegget, byggjer i stor grad på styrarar og rektorar sine opplevingar. Skildring av utviklingsarbeid og læringsmiljø er meint å skulle gje eit lite glimt av arbeidet ute i avdelingane.

**Vurdering**

Kunnskapsgrunnlaget er meint å skulle bidra til innsikt i nøkkeltal og faktorar for barnehage og skule i Alver kommune, som kan kome til nytte i samband med kommunal planleggjing og prioritering.

Alle tal og berekningar fram i tid er usikre, då desse byggjer på prognosar og berekningar, ikkje faktisk viten. Reelle tal kan først lesast ved å sjå utviklinga i ein historisk samanheng.

Kunnskapsgrunnlaget kan også nyttast som grunnlag for bestilling av nye undersøkingar og analysar.

Kunnskapsgrunnlaget blir lagt fram med ei innstilling om at det blir tatt til orientering.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 01.11.2022 | 30.10.22 Til politisk kunnskapsgrunnlag barne- og elevtal Alver kommune | 1826007 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID><br>FA-H32 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 24.10.2022 |

Saksframlegg

| **Saksnr.** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 044/22 | Ungdomsråd | 07.11.2022 |
| 052/22 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 07.11.2022 |
| 045/22 | Utval for helse og omsorg | 08.11.2022 |
| 109/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |
| 147/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Samlokalisering av avlastingstiltak i Alver kommune**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:**
**Handsaming:**
Orientering til saka v/Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habilitetstenester
Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 052/22 uttale:**
Ingen merknader.

**Ungdomsråd 07.11.2022:**
**Handsaming:**
Ingen orientering i saka

**UR- 044/22 uttale:**
Ungdomsrådet tek saka til orientering

**Utval for helse og omsorg 08.11.2022:**
**Handsaming:**
Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

**HO- 045/22 uttale:**
Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.

b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 109/22 innstilling:**
Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg og formannskap.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Saka gjeld**

Viser til Alver kommunestyre sak 054.21 møtedato 06.05.21 Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse- og omsorg – oppfølging av PwC rapport, samt
Alver kommunestyre sak 121/21 møtedato 28.10.21 Avlastingstiltak for barn og unge i Alver kommune.

Viser her til vedtak:
c. Starte arbeide med å finne eigna lokaler for å samlokalisere avlastingstiltaka som i dag vert gitt i Røsvikrenen i Knarvik, Havnevegen på Frekhaug og på Ostereidet. Målet er betre kvalitet og kostnadseffektiv drift. Kommunestyret ber rådmannen kome attende med ei sak om lokalisering, val av bygg/nybygg og eventuell økonomisk innsparing ved ei samlokalisering av desse avlastingstiltaka

**Saksopplysningar**
Kommuneplan

Alver kommune - kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga.

Utval for helse og omsorg sak 038/22 dato 04.10.22 har vedtatt å sende Alver kommune - høyring kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist er 01.12.22

I kommuneplan samfunnsdel kan ein til dømes vise til hovudmål 4: «Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse» med tilhøyrande mål og vegval. Fleire av desse gjev grunnlag for utvikling av tiltak med fokus på til dømes kap 5.2 i høyringsutkast til kommunedelplan – Helse, sosial og omsorg; *Meistring, deltaking og sjølvstendige liv i heile livsløpet* og kap 5.4 *Tidleg innsats, helsefremming og førebyggande arbeid.* Dette er følgt opp i framlegg til kommunedelplan helse, sosial og omsorg.

Lovgrunnlag

Lovgrunnlaget finn ein i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester:

§ 3-6.Kommunens ansvar overfor pårørende

«Til personer med særlig tyngende omsorgsarbeid skal kommunen tilby nødvendig pårørendestøtte blant annet i form av:
1. opplæring og veiledning
2. avlastningstiltak
3. omsorgsstønad»

og Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-8.Tiltak ved særlig tyngende omsorgsoppgaver

«De som har særlig tyngende omsorgsarbeid, kan kreve at den kommunale helse- og omsorgstjenesten treffer vedtak om at det skal settes i verk tiltak for å lette omsorgsbyrden og hva tiltakene i tilfelle skal bestå i».

Tenestebehov og kapasitet

Ein ny avlastingsbustad skal dekke behovet for avlasting for ungdomar som ikkje ønskjer tilbod ved, eller som ikkje passar saman med målgruppa for Kvasten avlastingsbustad.

Avlastingstilboda til barn og unge er i stadig endring. Ved dei 5 plassane i dei 3 avlastingsbustadane Ostereidet, Røsvikrenen, og Havnevegen vert det no gitt avlastingstilbod til 10 familiar, mot 6 i oktober 2021

Noverande avlastingstilbod:

| Bustad | Plassar | Ungdomar/ familiar som får tilbod | Kommentar |
|---|---|---|---|
| Ostereidet | 2 | 4 | 2 med omfattande tenester, 2 kun helg |
| Havnevegen | 2 | 5 | 2 med omfattande tenester, 3 kun helg + timar |
| Røsvikrenen | 1* | 1 | 1 med omfattande tenester. * Kapasitet til fleire, bemanning til 1 person i dag |

Nytt tilbod:

| Bustad | Plassar | Ungdomar/ familiar som får tilbod | Kommentar |
|---|---|---|---|
| Ny bustad | 5 | 10 | Det vil vere maks 4 ungdomar samstundes slik vedtaka er i dag. Kan aukast til 5 dersom det er personar som trivst og fungerer godt i lag. |

Kapasiteten og tilbodet til dei 10 familiane vil ikkje verte endra ved at tenestene vert gitt i eit bygg i staden for 3.

Brukarmedverknad

Det vart i vår gjennomført ei undersøking blant dei 6 familiane som då nytta tilbodet i dei 3 bustadane. 4 av familiane svara på undersøkinga. Det som kom fram av ønskje/kriteria var:

- Sentral plassering i høve til vidaregåande skular, offentleg kommunikasjon, og fritidstilbod. 3 av 4 nemnde Knarvik som eit alternativ.
- Ikkje for nær familieheimen
- Storleik 2 – 6 plassar, avhengig av alder og sosial fungering.
- Må vera mogeleg både å vere saman og trene på sosiale ferdigheiter, og å kunne vere for seg sjølv på eige rom
- God personaldekning og individuell oppfølging
- God kompetanse på ungdomane sine utfordringar og diagnosar

Alle respondentane kommenterte at dei var nøgd med tilbodet, både med omsyn til omfang, innhald og kvalitet.

Aktuelle bustader

I samarbeid med eigedomsavdelinga, har ulike alternativ vore vurdert ut frå følgjande kriteria:

- rom til inntil 5 ungdomar
- personalfasilitetar med moglegheit for kvilande nattevakt.
- 3 bad/toalett, 2 til ungdomane og 1 til dei tilsette.
- 2 stover
- gjerne 2 kjøkken
- ønskje om hage/uteområde

Bustader som kommunen eig

Lindåsvegen 163 Isdal: Tidlegare bustad for einslege mindreårige flyktningar. Denne bustaden var vurdert som eigna til formålet. På grunn av behov har denne vorte omgjort til gjennomgangsbustad og vert no nytta til flyktningar.

Røsvikrenen 4 – 6 som i dag er i bruk som kombinert midlertidig bustad for 1 person med døgnkontinuerlege tenester og avlastingsbustad for 1 person med behov for omfattande avlastingstenester. Etter ei ny vurdering av dette bygget er det eit behov for mindre vedlikehald estimert til kr 150 000,-

Røsvikrenen 4-6 har tidlegare vore brukt som avlastingsbustad i Lindås kommune, og fungerte svært godt for ein del born og unge. Grunnen for flyttinga til det som no er Kvasten avlastingsbustad, var behovet for betre universell utforming og mogelegheit for installering av hjelpemiddel for personar med fysisk funksjonshemming, som takheisar og liknande

Kjøp av bustad:

Det er svært få bustader på marknaden som har størrelse og fasilitetar som gjer dei eigna ut frå kriteria. Store bustader som har vore til sals, er kostbare, og det vil medføre kostnader for å fylle krava i arbeidsmiljølova når det gjeld personalfasilitetar.

Nybygg:

Dette har ikkje vore vurdert i særleg grad, då dette må forankrast politisk og krev store investeringar både knytt til tomtekjøp, prosjektering og byggekostnader.

Mogelege gevinstar

Å samle fragmenterte avlastingstenestene vil føre til:

- Mindre isolasjon og moglegheit til sosialt samvær ut frå den einskilde sine behov og evner
- Auka sjølvstende og meistring, ved å kunne nytte fritidsaktivitetar og møteplassar utan å vere avhengig av å verte transportert
- Større fagmiljø og betre rekruttering av fagpersonar og vikarar. Likevel få tenesteytarar til kvar einskild ungdom
- Betre kvalitet på tenestene
- Betre ressursutnytting
- Reduksjon i behov for nattevakter
- Betre rettstryggleik ved å ha meir transparente tenester
- Redusert bruk av overtid ved fråvær

Risiko:

- Nye born/unge der familiane kan ha behov for avlasting, vil ha behov for avlasting som kommunen ikkje kan møte innanfor noverande avlastingstilbod. Det vil då vere behov for å etablere nye tiltak.
- Turnover og rekrutteringsvanskar i den noverande organiseringa av desse avlastingstenestene, på grunn av at ein må arbeide mykje åleine, og opplever ikkje å vere ein del av eit fagmiljø/arbeidsmiljø.

Økonomi

Når det gjeld økonomi er dette for det meste knytt til lønsutgifter og årsverk.

Slik drifta er i dag treng me 14 årsverk for å drifte avlastingstenestene på 3 lokasjonar. Ved å samle dette på ein lokasjon vil me kunne drifte det med 12 årsverk.

For å rekruttere fagpersonar slik det er i dag har me lagt til rette som døgnturnusar, ved å samle teneste vil me kunne ha døgnturnusar kombinert med langvakter. Dette vil sikre kontinuitet i tenestene og redusere ressursbruk på natt.

Å drifte tenester på 3 ulike lokasjonar, fører til at me må bruke ekstra personalressursar for å ivareta tryggleiken for ungdommane og dei tilsette. I periodar må ha 2 tilsette på jobb på grunn av at det tar for lang tid å tilkalle ekstra personale dersom akutte situasjonar oppstår.

Ei innsparing på 2 årsverk utgjer om lag kr 1 500 000,- inkludert tillegg og sosiale utgifter.

**Vurdering:**

Kommunedirektøren vurdere at ein ved å ta i bruk Røsvikrenen som avlastingsbustad for den aktuelle målgruppa vil utvikle tenestilbodet i tråd me føringar i Kommuneplanen sin samfunnsdel, og høyringsutkast til kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034.

Kommunedirektøren vurdere at dei samla gevinstane for brukarane, dei tilsette sitt arbeidsmiljø, kvaliteten på tenestene, rettstryggleik, transport og logistikk, samt betre samla nytting av ressursar og kompetanse, vil føre til eit betre innhald og kvalitet i tenestene, og at opplevinga av reell avlasting for foreldre og føresette såleis vil verte betre.

Kommunaldirektøren vurdere at ein ved å samle avlastningstilbodet for den aktuelle brukargruppa, vil kunne gi kvalitativt gode tenester, og samstundes redusere utgiftene.

**Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren tilrår følgjande:

a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande organisering med avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-G00 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 19.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 045/22 | Eldreråd | 07.11.2022 |
| 050/22 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 07.11.2022 |
| 038/22 | Ungdomsråd | 07.11.2022 |
| 043/22 | Utval for helse og omsorg | 08.11.2022 |
| 110/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |
| 148/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Evaluering prøveordning - Kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommunestyre godkjenner å forlenge prøveordning kommunal følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.

Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkjeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

**Eldreråd 07.11.2022:**
**Handsaming:**
**Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:**
*Eldrerådet meiner det på grunn av koronapandemien og lite bruk av prøveordninga, er riktig å forlenga prøveperioden for å få meir erfaring med ordninga med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser.*

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

**ER- 045/22 uttale:**
Eldrerådet meiner det på grunn av koronapandemien og lite bruk av prøveordninga, er riktig å forlenga prøveperioden for å få meir erfaring med ordninga med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:**
**Handsaming:**
RMNF støttar kommunedirektøren sitt framlegg, samrøystes.

**RMNF- 050/22 uttale:**
RMNF støttar kommunedirektøren sitt framlegg.

**Ungdomsråd 07.11.2022:**
**Handsaming:**
Ingen orientering i saka

**UR- 038/22 uttale:**
Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Utval for helse og omsorg 08.11.2022:**
**Handsaming:**
Utvalet vedtok samrøystes kommunaldirektøren sitt framlegg.

**HO- 043/22 uttale:**
Alver kommunestyre godkjenner å forlenge prøveordning med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.
Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkjeleg, jamfør søknadstal, vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 110/22 instilling:**
Alver kommunestyre godkjenner å forlenge prøveordning kommunal følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.
Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkjeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.
Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg og formannskap.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Saka gjeld**
Alver kommunestyre sak 142/20 dato 26.11.20 godkjente prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021-2022.

Alver kommunestyre sak 031/21 dato 25.03.21 godkjente fondsvedtekter for prøveordninga – Fond for kommunalt følgje på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021-2022.

Det skal utformast evalueringsrapport innan desember 2022.

**Saksopplysningar**
Alver kommune etablerte prøveordninga for 2021-2022 med ønskje om å legge til rette for at personar med nedsett funksjonevne (fysisk og/eller psykisk) skal få eit tilbod om å gjennomføre ferie- og fritidsreise med bistand frå kommunalt personell. Ordninga er uavhengig alder og diagnose for den einskilde i målgruppa.

Vidare ville ein sikre at ferie- og fritidsreise vert planlagt og gjennomført forsvarleg, samt at arbeidsvilkår for tilsette er i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk.

Det er per tid ikkje lovgrunnlag som pliktar kommunen å etablere eit slikt tenestetilbod, og det er heller ikkje økonomiske vilkår som støttar opp om dekking av kommunal meirkostnad.

Relatert til kommunal meirkostnad vart det etablert prøvordning med kommunalt fond til dekking av inntil 50% av meirkostnad (løn, døgntillegg og diett). Reise og opphald for kommunalt personell vert å dekke av aktuell brukar/deltakar.

Kommuneplan
Alver kommune - kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga.

Utval for helse og omsorg sak 038/22 dato 04.10.22 har vedtatt å sende Alver kommune - høyring kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist er 01.12.22

I kommuneplan samfunnsdel kan ein til dømes vise til hovudmål 4: «Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse» med tilhøyrande mål og vegval. Fleire av desse gjev grunnlag for utvikling av tiltak med fokus på til dømes meistring, deltaking og sjølvstendige liv i heile livsløpet. Dette er fulgt opp i framlegg til kommunedelplan helse, sosial og omsorg med omsyn til å vidareføre dette tenestetilbodet.

Evalueringsgrunnlag

I prøveperioden har tilbod om kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise vore digitalt informert og tilgjengeleg på kommunal heimeside og facebook. I tillegg har alle aktuelle tenesteområde og avdelingar informert målgrupper direkte.

Datagrunnlag er per tid følgjande:

| År | Søknad - gjennomført tur | Søknad - ikkje gjennomført tur | Vurderte å søkje | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 3 | 0 | 0 | Dei som vurderte å søkje eller ikkje gjennomført tur oppgav ulike grunnar både relatert til økonomi og andre årsakar. |
| 2022 | 19 | 4 | 3 | |

Variasjon aldersfordeling: 19–65 år
Variasjon reisedøgn: 1–7 døgn
Bruk av fondsmidlar 2021: kr. 4.655, -
Bruk av fondsmidlar per oktober 2022: kr. 88.875,-

Unytta fondsmidlar per oktober 2022: Kr. 106.470,-

Alle som gjennomførte tur i 2021 og 2022 fekk tenester frå tenesteområde Habilitering. Det er per oktober 2022 ingen søkjarar relatert til tenesteområde psykisk helse og rus eller andre tenesteområde i helse og omsorg.

Administrasjon vurderer at evalueringsgrunnlag er svakt då tal søkjarar er lågt jamfør målgruppe. Lågt søkjartal kan til dømes relaterast til:

- pandemisituasjon i perioden
- at målgruppa opplever manglande eller ikkje tilstrekkjeleg informasjon, eller at ein ikkje forstår ordninga
- at personleg økonomi har gjort at ein ikkje har søkt på ordninga
- at ein har nytta andre ordningar som til dømes Ramberg legat og/eller nytta eige nettverk for å få gjennomført ønska tur.

Dei som har gjennomført tur gjev positive tilbakemeldingar både med omsyn til planleggings- og gjennomføringsfase. Det er ikkje gjennomført eiga undersøking i prøveperioden med omsyn til kvifor personar i målgruppa ikkje har nytta tilbodet.

Alternativ tilskotsordning

Når det gjeld tilgong på alternative tilskotsordningar kan ein vise til at kommunen administrerer ei anna ordning på vegne av styret i Ramberg legat: «Økonomisk støtte til avlasting og følgje på feriereise». Årleg ramme for tildeling er her kr. 150.000,-

Søkjarar til Ramberg legat var 26 personar i 2021 og 54 personar i 2022. Grunna auke i tal søkjarar i 2022 vedtok styret i legatet å auke økonomiske ramme for tildeling. Legatet gav kr. 324.000,- til føremålet i 2022. Ein avventer tilbakemelding frå styret for om ordninga held fram i 2023.

**Vurdering:**
Kommunedirektør vurderer at evalueringsgrunnlag er svakt med omsyn til å tilrå fast etablering av gjeldande retningslinje og/eller å tilrå justeringar.

Kommunedirektør vurderer at gjeldande vilkår i retningslinje og fondsvedtekter bør forlengast ut 2023. Vidare vert ubrukte fondsmidler frå 2022 å overføre til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkjeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

I utvida prøveperiode vil ein arbeide aktivt med å kvalitetssikre tilgjengeleg informasjon om tilbodet samt at ordninga vert forstått i målgruppa. Vidare vil ein både kvalitetssikre evaluering frå dei som gjennomfører tur samt etablere undersøking for å få tilbakemelding frå målgruppa på kvifor ordninga eventuelt ikkje er aktuell å nytte.

Ny evalueringsrapport vert utforma innan desember 2023.

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunedirektøren tilrår at kommunestyre forlenger prøveordning kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.

Ubrukte fondsmidlar vert å overføre frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkjeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evelueringsrapport innan desember 2023

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 31.10.2022 | Alver kommune - Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise | 1824270 |
| 31.10.2022 | Alver kommune - Fondsvedtekter for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser | 1824274 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID><br>FA-G01 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 01.11.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 048/22 | Utval for helse og omsorg | 08.11.2022 |
| 111/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |
| 149/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i Alver kommune frå 2023**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommunestyre tek saka til orientering og ØHD-tilbodet i kommunen vert frå 01.01.2023 organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.

**Utval for helse og omsorg 08.11.2022:**
**Handsaming:**
Kommuneoverlege Terese Folgerø orienterte i saka.
Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

**HO- 048/22 uttale:**
Alver kommunestyre tek saka til orientering og ØHD-tilbodet i kommunen vert frå 01.01.2023 organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 111/22 innstilling:**
Alver kommunestyre tek saka til orientering og ØHD-tilbodet i kommunen vert frå 01.01.2023 organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg og formannskapet.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Saka gjeld**
Viser til Alver kommunestyre sak 154/21 møtedato 16.12.21 der det vart vedtatt at Alver kommune seier opp avtalen med samarbeidskommunane om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod

I løpet av 2022 skulle kommunedirektør komme tilbake med sak om løysing av den lovpålagde oppgåva om å tilby døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for øyeblikkeleg hjelp.

**Saksopplysningar**

Sakshistorikk
Interkommunalt Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD) vart etablert i 2013 ved Nordhordland legevakt (NHLV), som eit prosjekt med finansiering frå Helsedirektoratet og helseføretak.

Frå 01.01.2016 vart det sett i verk lovkrav for kommunane å ha eit slikt tilbod for pasientar med somatiske lidingar, og frå 01.01.2017 blei lovkravet utvida til også å gjelde personar med psykisk sjukdom og/eller rusmiddelproblem. Frå 1.1.2016 er tiltaket finansiert gjennom rammetilskot til kommunane.

Tilbodet ved den interkommunale Øyeblikkeleg hjelp sengeposten vart evaluert, og i etterkant av evalueringa vart avtalen om interkommunal ØHD sagt opp. Kvar einskild kommune er i ferd med å etablere eigne ØHD sengar ut frå det som er hensiktsmessig i eigen kommune. Det har vore dialog mellom kommunalsjefane, mellom kommuneoverlegane, og i fellesmøte mellom kommunalsjefar for helse og omsorg og kommuneoverleger i Nordhordland og Gulen.

Kommuneplan
Kommuneplan Alver kommune - kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. I kommuneplan samfunnsdel kan ein til dømes vise til målformuleringa: «Innbyggjarane i Alver får tenester tilpassa sine behov». Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga.

Utval for helse og omsorg sak 038/22 dato 04.10.22 har vedtatt å sende Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist er 01.12.22

Lovgrunnlag:
Helse og omsorgstenestelova kapittel 1 syner formål og virkeområde.

Helse og omsorgstjenesteloven kapittel 3 skildrar "Kommunenes ansvar for helse- og omsorgstjenester». I § 3-5.*Kommunens ansvar for øyeblikkelig hjelp,* står det mellom anna «Kommunen skal sørge for tilbud om døgnopphold for helse- og omsorgstjenester til pasienter og brukere med behov for øyeblikkelig hjelp. Plikten gjelder kun for de pasienter og brukere som kommunen har mulighet til å utrede, behandle eller yte omsorg til.»

Helse og omsorgstenestelova kapittel 4 omhandler krav til forsvarlighet, pasienttryggleik og kvalitet.

Forskrift om kommunenes plikt til å sørge for øyeblikkelig hjelp døgntilbud
«§ 1.Kommunens plikt til å sørge for øyeblikkelig hjelp døgntilbud
Kommunen skal sørge for tilbud om døgnopphold for helse- og omsorgstjenester til pasienter og brukere med behov for øyeblikkelig hjelp.
§ 2.Begrensninger i kommunens plikt til å sørge for øyeblikkelig hjelp døgntilbud
Kommunens plikt etter § 1 gjelder kun for de pasienter og brukere som kommunen har mulighet til å utrede, behandle eller yte omsorg til.
Kommunens plikt etter § 1 gjelder pasienter og brukere med somatisk sykdom og sykdom innenfor psykisk helse- og rusområdet.
§ 3.Ikraftsetting
Forskriften settes i kraft fra 1. januar 2016.»

Lov om helsepersonell
«§ 4. Forsvarlighet
Helsepersonell skal utføre sitt arbeid i samsvar med de krav til faglig forsvarlighet og omsorgsfull hjelp som kan forventes ut fra helsepersonellets kvalifikasjoner, arbeidets karakter og situasjonen for øvrig.
Helsepersonell skal innrette seg etter sine faglige kvalifikasjoner, og skal innhente bistand eller henvise pasienter videre der dette er nødvendig og mulig. Dersom pasientens behov tilsier det, skal yrkesutøvelsen skje ved samarbeid og samhandling med annet kvalifisert personell.

Helsepersonell har plikt til å delta i arbeid med individuell plan når en pasient eller bruker har rett til slik plan etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5.
Ved samarbeid med annet helsepersonell, skal legen og tannlegen ta beslutninger i henholdsvis medisinske og odontologiske spørsmål som gjelder undersøkelse og behandling av den enkelte pasient.»

Tilhøve mellom lov/forskrift og rettleiarar/tilrådingar
Lov om kommunale Helse – og omsorgstjenester
*«§ 12-5. Nasjonale faglige retningslinjer, veiledere og kvalitetsindikatorer.*
*Helsedirektoratet skal utvikle, formidle og vedlikeholde nasjonale faglige retningslinjer og veiledere som understøtter de mål som er satt for helse- og omsorgstjenesten. Retningslinjer og veiledere skal baseres på kunnskap om god praksis og skal bidra til kontinuerlig forbedring av virksomhet og tjenester.*
*Helsedirektoratet skal utvikle, formidle og vedlikeholde nasjonale kvalitetsindikatorer som hjelpemiddel for ledelse og kvalitetsforbedring i den kommunale helse- og omsorgstjenesten, og som grunnlag for at pasienter og brukere kan ivareta sine rettigheter. Kvalitetsindikatorene skal gjøres offentlig tilgjengelig»*

Retningsliner og rettleiarar kan være verdifulle hjelpemiddel for å handtere dei vurderingane tenesteytarane må gjere for å oppnå forsvarlegheit og god kvalitet i tenestene, men er ikkje rettsleg bindande for kommunane. Kommunen må derfor sjølv vurdere om dei tenestene som den tilbyr oppfyller lova sine krav. Dersom ein kommune ønskjer å yte tenester på ein annan måte enn det som er gitt i ulike rettleiarar og retningsliner, så kan kommunar dokumentere og gjere greie for forvarlegheiten gjennom internkontrollsystem, planar eller lignande.

I det følgjande blir forkortinga «ØHD» nytta om øyeblikkeleg hjelp døgnplassar.

Oppsummering:
Det er gitt føringar i lov, forskrift og lovforarbeid, som kan samanfattast slik:

1. Det er kommunen som bestemmer innretninga og omfanget av ØHD-tilbodet.
2. Målgruppene er pasientar i kommunane som kan få eit forsvarleg tilbod i ØHD-senger.
3. Tilbodet skal vere fagleg forsvarleg og det skal vere kommunehelseteneste/allmennmedisin.
4. Kva pasientar som vert tatt inn i sengene gjev føringar for krav til bemanning – og omvendt: bemanninga set grenser for kva pasientar som kan få eit forsvarleg tilbod ved innlegging i ØHD.
5. Tilbodet skal gjelde pasientar med somatisk sjukdom og sjukdom innanfor psykisk helse- og rusområdet.
6. Tilbodet kan og omfatte brukarar som har eit meir omsorgsretta behov.
7. Eit hovudformål er å gi eit døgntilbod til dei pasientane som kan få eit forsvarleg tilbod i kommunehelsetenesta, og som ikkje treng spesialisthelsetenester.
8. Eit hovudformål med tilbodet er å betre pasientforløp og gje tenester nærare der pasientane bur.
9. Sentrale myndigheiter har lagt til grunn at kommunale ØHD tilbod vil føre til mindre etterspurnad etter sjukehussenger.
10. Tilbodet skal vere kostnadseffektivt.

Øyeblikkeleg hjelp døgnplassar er eit lovpålagt tilbod på linje med andre lovpålagde helse- og omsorgstilbod i kommunen, og det er opp til den einskilde kommune å sjølv ta stilling til kva som er den mest hensiktsmessige innretninga på tilbodet, sett i lys av andre tilbod i kommunen, og omsyn til gode pasientforløp og god ressursutnytting.

**Vurdering:**
Kommunedirektør vurderer at å yte tenestetilbod ØHD-seng for eigne innbyggjarar i eigen kommune vil gjere det lettare å skreddersy tilbod til den einskilde pasient i samarbeid med andre kommunale helse- og omsorgstenester. Dette var eitt av hovudføremåla med innføringa av kommunale ØHD sengar etter stortingsmelding nr. 47 om

Samhandlingsreformen.

Vi planlegg 1 ØHD- seng tilknytta korttidsavdeling ved Knarvik sjukeheim. Denne sjukeheimen er vurdert til å vera best eigna. Dette mellom anna grunna at det her er flest korttidplassar og lege til stades kvar vekedag. Kommunedirektør vurderer dette som eit fagleg best eigna tilbod for innbyggjarane.

Det vert vidare jobba med detaljar for planlegging av prosedyrar for innlegging og samarbeid med øvrige tenester før oppstart 01.01.2023. Prosedyrer vert her handtert i kvalitetssystemet.

***Økonomiske konsekvensar***
Økonomisk vurderer kommunedirektøren ØHD- tilbodet ved Knarvik sjukeheim som best eigna og økonomisk forsvarleg jamfør innsparingstiltak i budsjett og økonomiplan. Sjukeheimen har den kompetansen tilbodet krev og kompetansen vert nytta til andre pasientar om det ikkje er pasient i ØHD- seng.

Tenestetilbodet vert finansiert innanfor sjukeheimane sitt budsjett.

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunedirketør tilrår at saka vert tatt til orientering og at ØHD- tilbodet i kommunen frå 01.01.2023 vert organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-F06 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 19.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 051/22 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 07.11.2022 |
| 044/22 | Utval for helse og omsorg | 08.11.2022 |
| 150/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommunestyre godkjenner kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:**
**Handsaming:**
Orientering til saka v/Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg
Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 051/22 uttale:**
Ingen merknader.

**Utval for helse og omsorg 08.11.2022:**
**Handsaming:**
Sølvi Knudsen-SP er fast møtande 1.varamedlem til styret i Gløde, og ho ba utvalet vurdera sin habilitet i denne saka. Utvalet konkluderte samrøystes med at Knudsen er habil, og ho deltok i handsaminga av saka.
**Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande felles tilleggsframlegg til kommunedirektøren sitt framlegg:**
*Utval for helse og omsorg ber kommunaldirektøren komme tilbake i kommunestyret om konsekvensen av å endre ordbruken i retningslinja frå aktivitetstiltak til oppgåve.*

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

**HO- 044/22 innstilling:**
Alver kommunestyre godkjenner kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg.
Utval for helse og omsorg ber kommunaldirektøren komme tilbake i kommunestyret om konsekvensen av å endre ordbruken i retningslinja frå aktivitetstiltak til oppgåve.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Saka gjeld**

Viser til kommunestyre sak 054/21 dato 06.05.21 Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse og omsorg – oppfølging av PwC rapport. I vedtak står det at «…vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbodet»

Prosjekt leiing, kvalitetsforbedring og ressurseffektiv drift 2021-2024 arbeider med ulike forbedringsprosessar og tiltak. Det har vore etablert administrativ arbeidsgruppe relatert til dialog med vekstbedrifter i kommunen for vurdering av rammer for tiltaksutvikling. Det har parallelt blitt gjeve prosessorientering om prosjektarbeidet til råd samt utval helse og omsorg undervegs.

**Saksopplysningar**

Alver kommune - kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga.

Utval for helse og omsorg sak 038/22 dato 04.10.22 har vedtatt å sende Alver kommune - høyring kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist er 01.12.22

I kommuneplan samfunnsdel kan ein til dømes vise til hovudmål 4: «Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse» med tilhøyrande mål og vegval. Fleire av desse gjev grunnlag for vidareutvikling av tiltak med fokus på mellom anna tidleg innsats, helsefremming og førebyggjande arbeid. Dette er og fulgt opp i kommunedelplan helse, sosial og omsorg, som til dømes i kapittel 6.4 med forslag om å vidareutvikle samarbeid med lokale vekstbedrifter.

Dialogmøter med vekstbedriftene

Med grunnlag i nemnde kommunestyrevedtak har administrasjon arbeida saman med vekstbedriftene Aufera AS, Gløde AS og KIM AS med omsyn til tema. Ein har gjennomført dialogmøter, det siste 11.10.22. Dilaogmøtene har vore prega av diskusjon, erfarings- og kunnskapsdeling samt forbedringsområde relatert til tema. Vekstbedriftene har parallelt vore representert i referansegruppe for arbeid med kommunedelplan helse, sosial og omsorg.

Dei 3 tidlegare kommunane har praktisert tilbod om velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstilbod jamfør Helse og omsorgstenestelov noko ulikt. Når no Alver kommune er etablert er det mellom anna ei målsetting om:

- Å få ei kommunal retningslinje for handsaming av søknader med ønskje om plass hjå lokal vekstbedrift. Intensjon er mellom anna å ha lik praksis ovanfor vekstbedriftene i kommunen.
- At kommunen og vekstbedrift har føreseielege rammer, vilkår og rutiner for samhandling om velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstilbod til målgruppa
- At kommunen får eit godt og breitt tilbod til målgruppa samt at vekstbedrift sin eigenart vert ivaretatt i deira utforming av tilbod.
- Å legge til rette for gode overgangar mellom ulike tiltaksformer, og at rett type tiltak vert nytta til rett tid utfrå den einskilde søkjar sin livssituasjon. Dette vil mellom anna gje smidigare forløp, betre omløp og nytte av kapasiet samt synleggjere endringar i teneste- og tiltaksbehov.
- Å sikrer brukarmedverknad både i søknadsprosess og oppfølging i tiltak.

Diskusjonar i dialogmøta samt målsettingane over er grunnlag for utforming av kommunal retningslinje. Vekstbedriftene har vore aktive i utarbeidinga, og gjev uttrykk for et dei i all hovudsak er nøgd med framlegget.

Lovgrunnlag og avgrensing

Lovgrunnlag er Helse og omsorgstenestelova § 3-3: «Helse- og omsorgstjenesten skal arbeide for at det blir satt i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemmede og andre som har behov for det.»

Lovgrunnlag er ikkje ein individuell rettighet, men pålegg kommunen å tilby tiltak til målgruppa. Her finn ein tilbod om plass ved dag-, arbeids- og aktivitetssenter som vert ytt i kommunal eigenregi. I tillegg nytter kommunen samhandling med lokale vekstbedrifter for tilrettelagde tilbod til målgruppa der dette er føremålstenleg.

Målgruppa for framlegg til kommunal retningslinje er personar som treng midlertidig eller varig velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstilbod ved lokale vekstbedrifter.

Vedtaksmynde ligg hjå Forvaltningskontoret sektor Helse og omsorg.

Saksgrunnlag er her avgrensa til dei plassane som etter Helse- og omsorgstenestelova er fullfinansiert av kommunen, og som vert utført og tilrettelagt hjå vekstbedrift lokalisert i kommunen.

Avgrensinga betyr at saka ikkje omhandler tiltak i kommunal eigenregi. Dette er mellom anna grunngjeve med at det pågår forbedringsarbeid knytta til deltaking i KS sitt Læringsnettverk for tenester til menneske med utviklingshemming. Tema knytta til tiltak i kommunal eigenregi vert å kome attende til jfr progresjon i læringsnettverket. Saka omhandler heller ikkje tiltak etter Forskrift om arbeidsmarkedstiltak (tiltaksforskrifta) kapittel 14. Her finn ein tilbod om varig tilrettelagt arbeid i skjerma verksemd (VTA) der NAV stat tildeler og finansierer tiltaksplassar i vekstbedrift som tiltaksarrangør. Her er det i tillegg krav om minimum 25 % kommunale eigenandel per plass.

Økonomi

Ved etablering av kommunal retningslinje vert aktuelle teneste- og ressursbehov å finansiere innan til ei kvar tid gjeldande budsjettramme. Eventuell endring/auke i behov vert å handsame på lik linje med andre type endringar i teneste- og ressursbehov, og handsamast jamfør budsjett- og økonomiplanprosess.

Kommunal retningslinje gjeld nye søkjarar frå vedtaksdato i kommunestyre. Personar som fram til vedtak i kommunestyre allereie har etablert plass hjå vekstbedrift vert ikkje berørt. Desse personane får vidareført sine noverande plassar og vilkår.

Gjeldande budsjettramme 2022 for finansiering av plass hjå vekstbedrift er brutto kr. 6.934.000,- og omfatter pt 24 personar. Eventuell refusjon ressurskrevjande tenester vert årleg berekna.

Den kommunale retningslinja legg til grunn ei lik grunnfinansiering av plass hjå vekstbedrift. Individuelle ressursbehov ut over grunnfinansiering vert drøfta mellom forvaltningskontor, utøvande teneste og aktuell vekstbedrift i kvar einskild sak.

**Vurdering:**

Både vedtatt kommuneplan samfunnsdel og framlegg til kommunedelplan helse, sosial og omsorg, som er på høyring, peiker på at Alver kommune har målsetting om ein brei tiltaksmeny til målgruppa for denne type tilbod.

I arbeid med å utarbeide kommunal retningslinje har adminsitrasjon nytta dialogmøter med vekstbedriftene. Vi har vore opptatt av å samhandle med vekstbedriftene for å få etablert føreseielege rammer, vilkår og rutiner for tilbod jamfør Helse og omsorgstenestelova §3-3

Samstundes har vi vore opptatt av at vekstbedriftene sin eigenart skal ivaretakast.

Den kommunale retningslinja vil vere del av kommunen sitt kvalitetssystem, og vere til jevnleg vurdering for revisjon. Arbeid med revidering vil mellom anna ta utgangspunkt i samarbeids- og evalueringsmøter med vekstbedriftene i kommunen.

Ved etablering av kommunal retningslinje vert teneste- og ressursbehov finansiert innan til ei kvar tid gjeldande budsjettramme. Eventuell behovsendring i økonomiske rammer skal følgje ordinær prosess jamfør budsjett og økonomiplan.

Kommunedirektør vurderer at den kommunale retningslinja gjev både kommune og vekstbedrift føreseielege rammer, vilkår og rutiner for samhandling om velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstilbod til målgruppa.

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunedirektør rår til at kommunestyre godkjenner etablering av kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 31.10.2022 | Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune | 1823400 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-034 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 03.11.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 112/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |
| 151/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Kanal- og servicestrategi 2022-2026**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Formannskapet og kommunestyret vedtar Kanal- og servicestrategi 2022-2026.

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 112/22 innstilling:**
Formannskapet og kommunestyret vedtar Kanal- og servicestrategi 2022-2026.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Dette er den første kanal- og servicestrategien til Alver kommune. Strategien er eit verktøy for alle leiarar og tilsette i kommunen.

Målet med strategien er å sikre at innbyggjarar finn og forstår informasjon frå kommunen. I strategien har vi eit særleg fokus på å styrke nettsida og dei digitale tenestene vi tilbyr der, men strategien omtalar også alternative måtar å ta kontakt med kommunen.

Strategien foreslår reglar for svartid og service i følgjande kanalar:

- Dei digitale kanalane våre
- På telefon
- I sosiale medier
- Det personlege møtet
- Det digitale møtet
- Skriftleg kommunikasjon

Kanal- og servicestrategien gjeld i fire år, til og med 2026.

**Saksopplysningar**

10. juni 2021 (sak 054/21) fekk kommunedirektøren i oppdrag frå formannskapet å utarbeide ei «heilskapleg sak om kanalstrategi».

**Alver sine mål**

Sidan den politiske bestillinga i juni 2021 har vi fått på plass kommuneplanen sin samfunnsdel (2022–2034) som gir retning til arbeidet med kanal- og servicestrategien.

Kanal- og servicestrategien tar utgangspunkt i følgjande strategiar frå samfunnsdelen:

- Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester
- Vi skal utvikle kanalar og verktøy som sikrar god kommunikasjon og samhandling med innbyggjarar og næringsliv
- Vi skal ta i bruk fleire digitale sjølvhjelpsløysingar
- Vi skal samarbeide på tvers av fagområde for å koordinere tenester
- Vi skal sette innbyggjaren i sentrum, forenkle arbeidsprosessar og bruke teknologi/digitalisering til å utvikle tenester og organisasjon

**Nasjonale føringar**

Kommunelova § 4 og digitaliseringsstrategien for offentleg sektor (2019–2025) er også tydeleg på oppdraget til kommunane:

- Vi skal digitalisere tenestene på ein måte som gjer at kvardagen blir enklast mogleg for innbyggjarane.
- Vi skal aktivt informere om tilboda i kommunen, og leggje til rette for at innbyggjarane kan få innsyn i jobben vi gjer.

**Kartlegging av kanalane våre**

Før vi seier korleis vi skal vidareutvikle kanalane våre og kva kanalar som eventuelt manglar, treng vi kunnskap om kva som er status i dag.

Våren og sommaren 2022 kartla vi difor trafikken i dei ulike kanalane vi brukar i dag. Kunnskapsgrunnlaget vart presentert i formannskapsmøte 3. november, og er samla i ein rapport/presentasjon (vedlegg til denne saka).

Rapporten inneheld:

- Aktivitet på innbyggjarportalen www.alver.kommune.no – (oktober 2021–september 2022)
- Spørsmål til chatboten Kommune-Kari (18. april–14. august)
- Aktivitet på kommunen sine offisielle sider på Facebook, Instagram og LinkedIn – (1. oktober 2021–30. september 2022)
- Besøk til resepsjonane våre i Knarvik, på Frekhaug og Manger (18. april–14. august)
- Telefonar til sentralbordet (56 37 50 00) (18. april–14. august)
- Inngåande og utgåande post (siste halvår)
- Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) om tilgang til nett, verktøy og bruk av digitale tenester

Kartlegginga viser at ein stor del av kontakten vi har med innbyggjarane våre allereie er digital. Til dømes kjem berre 12 % av breva til dokumentsenteret på papir – resten kjem på e-post og andre digitale kanalar. Ein stor del av dei 12 prosenta er byggesaker. Når vi får på plass e-byggesak om 1-2 år, vil den digitale andelen bli endå større.

Kartlegginga viser også at det er minst trafikk i kanalane vi brukar mest ressursar på å bemanne, nemleg telefon og resepsjon, og mest trafikk i sjølvbetente kanalar som innbyggjarportalen og sosiale medier.

I arbeidet med kanal- og servicestrategien har vi særleg lagt vekt på følgjande funn frå

kartlegginga:

1. Besøk til resepsjonane våre i Knarvik, på Frekhaug og Manger:
    1. Vi brukar mest tid på å ta imot/levere ut post og opne døra til folk som skal på besøk/møte
    2. Vi brukar minst tid på innbyggjarrettleiing (16 % i snitt)
    3. Måndagar og tysdagar er dei travlaste dagane på Manger - onsdagar er dei travlaste dagane på Frekhaug og i Knarvik
    4. Det varierer når vi har mest besøk:
        1. Knarvik: 9-10 og 12-13
        2. Manger: 10-11 og 13-14
        3. Frekhaug: 8-9 og 12-13
    5. Besøket går markant ned etter klokka 15.00

2. Telefonar til sentralbordet 56 37 50 00:
    1. Vi får færrast telefonar i tidsromma 08.00–09.00 og 15.00–15.30 – flest telefonar i tidsromma 10.00–11.00 og 12.00–13.00.
    2. Om lag 90 % av telefonane kom mellom 09.00 og 15.00.
    3. Om lag 20 % av telefonane innbyggjarservice set over til andre avdelingar, kjem i retur til sentralbordet.

**Digitalt førsteval**

Bakgrunnen for digitalt førsteval er todelt:

- For det første gir digitale løysingar betre tenester til innbyggjarane, med enklare søknadsprosessar og raskare svar.
- For det andre har digitalisering av dialogen med innbyggjarane eit betydeleg innsparingspotensiale og kan bidra til at det er mogleg å frigjere eller omdisponere ressursar.

Målet når vi utviklar nye digitale tenester er å gjere desse så enkle og tilgjengelege at fleirtalet føretrekker den digitale dialogen (digitalt førsteval).

Vidareutvikling av digitale sjølvbeteningsløysingar er ein føresetnad for å realisere ein tids- og kostnadseffektiv dialog med innbyggjarane. Skal vi klare å realisere krava til innsparing i økonomiplanen og bruke ressursane som er att meir effektivt, må vi redusere trafikken i dei kostbare kanalane.

Kontakt via brev eller med personleg oppmøte er dei mest kostbare kommunikasjonsformene (sjå tabell 1). Det er med andre ord mykje å spare på å leggje meir til rette for gode sjølvbetente løysingar på nettsida til kommunen.

*Tabell 1: Digital agenda for Norge – kostnadar for kontakt til det offentlege(2015–2016)*

| Kommunikasjonskanal | Kostnad (2015) |
|---|---|
| Sjølvbetening på nett | Ca 3 kroner |
| Telefon | Ca 40 kroner |
| Personleg frammøte | Ca 80 kroner |
| Brev eller e-post | Ca 110 kroner |

Tal frå SSB, viser at stadig fleire har tilgang til ikt-verktøy og internett, og brukar dei aktivt i kvardagen:

- 99 % av alle hushald **har tilgang på internett** (2022)
- 96 % i aldersgruppa 16–79 år **brukar internett på mobil/smarttelefon** – bruken er størst i aldersgruppa 16-54 (99 %), lågast i aldersgruppa 75-79 (79 %) (2021)
- 70 % i aldersgruppa 16-79 **har skaffa seg informasjon frå offentlege aktørar sine nettsider** (2022) – aktiviteten er størst i aldersgruppa 25-34 år (80%) og minst i aldersgruppa 75-79 (45 %) (2022)

- 85 % i aldersgruppa 16-79 **har fått tilgang til eigen personleg informasjon lagra av offentlege aktørar** – aktiviteten er størst i aldersgruppa 45-64 år (89%) og minst i aldersgruppa 16-24 (72 %) (2022)
- 75 % i aldersgruppa 16-79 **har sendt inn utfylte skjema til det offentlege gjennom internett** – aktiviteten er størst i aldersgruppa 25-34 år (89%) og minst i aldersgruppa 16-24 (57 %) (2021)

**Vurdering**
I dag manglar vi ein overordna og heilskapleg tilnærming til innbyggjarservice i Alver kommune. Avdelingane i kommunen har ulike opningstider og ulike rutinar for kontakt med innbyggjarane. Dei fleste får god service og hjelp når dei tar kontakt med kommunen, men vi opplever også at enkelte går i ring mellom avdelingar eller må vente lenge før dei får svar.

Skal vi nå måla i samfunnsdelen må vi jobbe meir samla og fokusert med innbyggjarservice.

Korleis skal vi få til dette?

Hovudgrepa i kanal- og servicestrategien er å:

1. Endre opningstida på innbyggjarservice – og på den måten flytte ressursar og aktivitet frå dei dyre, fysiske kanalane til dei digitale, sjølvbetente kanalane.
2. Vidareutvikle nettsida og dei digitale tenestene.
3. Etablere ein felles servicestandard og systematisere samarbeidet mellom avdelingane i kommunen.

**Hovudgrep 1: Endra opningstid på innbyggjarservice**

I dag kan innbyggjarar som treng hjelp ringe innbyggjarservice på 56 37 50 00 eller besøke ein av dei tre resepsjonane våre i Knarvik Senter, kommunehuset på Frekhaug og kommunehuset på Manger. Telefonen og resepsjonane er opne frå 08.00–15.30.

Opningstida gjer at dei tilsette på innbyggjarservice må ha avdelingsmøte på overtid og har liten/ingen tid til å byggje kompetanse og samhandle med andre avdelingar.

Staben på innbyggjarservice er redusert med om lag 4 årsverk frå samanslåinga i 2020. Skal vi gi dei som er att ein god arbeidskvardag, og sikre at innbyggjarane får god hjelp når dei tar kontakt – må vi justere tilbodet.

Vi foreslår å endre opningstida på innbyggjarservice til 09.00–15.00. På denne måten kan vi frigjere tid til viktig samhandling med avdelingane. Når vi får sett samarbeidet i system, vil innbyggjarservice få meir kunnskap om kva som skjer i avdelingane. Effekten vil vere at innbyggjarservice kan svare på fleire spørsmål utan å involvere avdelingane, slik at dei får frigjort meir tid til sakshandsaming.

Vi foreslår også å endre kva dagar innbyggjarservice skal vere tilgjengeleg på dei ulike lokasjonane. Forslaget er at vi har ope alle dagar i Knarvik og deler veka mellom Manger (ope 3 dagar) og Frekhaug (ope 2 dagar).

Vi ønskjer å marknadsføre telefon som hovudalternativet til nettsida og dei digitale kanalane våre, og vil gjere det enklare for innbyggjarar å booke møte med saksbehandlarar og registrere seg sjølv når dei kjem til avtalte (fysiske) møte.

Vi vil etablere digitale kundemottak på Alver rådhus, kommunehuset på Frekhaug og kommunehuset på Manger, slik at innbyggjarane er i direkte dialog med den dei skal besøke utan noko mellomledd.

**Hovudgrep 2: Vidareutvikle nettsida og dei digitale tenestene**

For mange av innbyggjarane våre startar kontakten med kommunen på nett. Kanal- og servicestrategien har difor eit særleg fokus på å styrke nettsida og dei digitale tenestene vi tilbyr der.

Dei aller fleste innbyggjarane våre er digitale og har tilgang til ikt-verktøy. For denne gruppa blir det opplevd som god service at vi vidareutviklar og tar i bruk nye sjølvhjelpsløysingar.

Med fleire digitale skjema og fleire tenester på Min Side, kan innbyggjaren sjølv i større grad finne informasjon knytt til tenestene dei får frå kommunen.

**Hovudgrep 3: Felles servicestandard og systematisk samarbeid mellom avdelingane i kommunen**

Kanal- og servicestrategien set ein felles standard for service i Alver kommune. Den er eit viktig verktøy for leiarar og tilsette, og skal sikre at vi jobbar ilag for å møte behova til innbyggjarane våre.

Innbyggjarane skal sleppe å uroe seg for om dei tar kontakt med rett person eller avdeling. Når innbyggjarane tar kontakt med oss skal vi opptre som éin kommune. Vi skal ha tilstrekkeleg kunnskap om dei andre avdelingane, og ta ansvar for å lose innbyggjarane til rett stad om dei bommar når dei tar kontakt. Det er sjølvsagt ekstra viktig at innbyggjarservice kjenner organisasjonen og dei ulike fagområda godt, men vi må jobbe som eit lag på tvers av alle fagområde.

Kvar avdeling skal lage eigne handlingsplanar som sikrar at dei tilsette får tilstrekkeleg kunnskap om korleis vi skal møte og vareta innbyggjarane våre i ulike kanalar. Vi skal gjere service og tilgjenge til eit tema på leiarmøte og avdelingsmøte, og jakte på løysingar som møter behova til innbyggjarane.

Vi ønskjer også å invitere innbyggjarane til ei årleg spørjeundersøking og lage rapport om behovet til innbyggjarane og aktiviteten i dei ulike kanalane våre. På denne måten kan vi justere strategien og tiltaka – slik at vi endrar oss i takt med nye behov og forventningar.

**Oppsummering og konklusjon**

- Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får god informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester – då må vi vere tilgjengeleg for innbyggjarane våre i fleire kanalar.
- Nasjonale føringar, kunnskapsgrunnlaget (kartlegging av kanalane våre i dag) og statistikk frå SSB viser at det er dei digitale kanalane som er dei mest attraktive. Folk flest ønskjer å hjelpe seg sjølv på nett – difor må vi leggje til rette for at dei finn og forstår den digitale informasjonen vår. Vi må levere godt i dei digitale kanalane vi har i dag, og vi må utvikle og tilby nye digitale kanalar og løysingar.
- Samtidig må vi yte god service til innbyggarane våre som ikkje har dei digitale kanalane som sitt førsteval. Difor skal vi framleis vere tilgjengelege på telefon og på innbyggjarservice i Knarvik, på Manger og Frekhaug.
- Vi skal ha ein felles standard for service i Alver kommune. Innbyggarane skal vere trygge på at dei får svar frå oss, uansett kva kanal dei tar kontakt med oss i, og kva avdeling dei kontaktar. Vi skal sikre at vi internt har gode samhandlingsrutinar og handlingsplanar for god service til innbyggjarane våre.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 03.11.2022 | Kanal og servicestrategi 2022-2026 | 1828671 |
| 03.11.2022 | Vedlegg til FO_Rapport om kanalbruk i Alver_10-11-22 | 1828672 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-P24, GBNR-139/11 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 08.08.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 152/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |
| 105/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |

**Alversund - Tveiten kai, gbnr. 139/11 jfr. politisk sak 21/4865**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Kommunedirektøren rår til at eigedommen vert vurdert avhenda etter at ny arealdel til kommuneplan er vedteke.

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
**Framlegg S. Sekkingstad-SP:**
Framtidig bruk av eigedomen vert vurdert i arealdelen til kommuneplanen. Vurderinga skal ta omsyn til ålmenta sin tilgang til kai og sjø, vegrettar i området og bruk av bygg.
Kommunestyret ber kommunedirektøren om å kome tilbake med eiga sak om mogleg avhending etter at arealdelen til kommuneplanen er vedteken.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO- 105/22 innstilling:**
Framtidig bruk av eigedomen vert vurdert i arealdelen til kommuneplanen. Vurderinga skal ta omsyn til ålmenta sin tilgang til kai og sjø, vegrettar i området og bruk av bygg.
Kommunestyret ber kommunedirektøren om å kome tilbake med eiga sak om mogleg avhending etter at arealdelen til kommuneplanen er vedteken.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i formannskapet.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Bakgrunn**
Saka er ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak jfr. KO sak 21/4865. Saka gjeld avhending av gbnr 139/111 og 139/39, Alversund - Tveiten. Området er eit av få der kommunen har moglegheit til å sikre ålmentas tilgang til sjø. Jfr. vedtak vart det bestemt at dette skulle vere eit bærande omsyn i val av vidare prosess.

**Saksopplysninger:**
Kaia er del av ein større eigedom, gbnr 139/11. Den kommunale ungdomsklubben som nytta bygningsmassen tidlegare har flytta til Alversund skule. Eigedomen vil framleis vere i noko bruk av Lindås Sogelag. Sogelaget oppbevarer ein større båtsamling beståande av sjeldne, eldre båtar i to bygg på eigedomen. Kommunen har per i dag ikkje behov for eigedomen til sin tenesteproduksjon. Bygga på eigedomen er prega av dårleg vedlikehald. Alver komme er

eigar av to eigedomar. Gbnr 139/111 er den største eigedomen der kaia ligg i dag. Gbnr 139/39 er ein naturlig del av 139/111. Dei to fungerer i praksis som ein eigedom.




*Figur 1: Eigedomen er markert med blått, gbnr 139/111 og 139/39.*




*Figur 2: Oversiktskart over området. Lokalisering for aktuelt gards- og bruksnummer er ramma inn i svart.*

Saka løftast opp til politisk handsaming grunna at avhending av eigedomen vil vere i strid med retningslinjene for sal av kommunal eigedom.

Frå retningslinjene:
Følgjande eigedomar skal som hovudregel ikkje seljast. Eigedom krev særskild vurdering før sal:

1. Eigedom i 100-meter beltet.
2. Særskild vurdering skal også ligge føre der eigedom har stor verdi for allment bruk, herunder rekreasjon, leik og idrett.

Kommunedirektøren vurderer eigedomen til å falle inn under begge punkta. Det vert vidare

vurdert v at omsyna som gjer seg gjeldande i denne saka kan takast i vare ved å stille vilkår til eit eventuelt sal.

Uregulert eigedom skal som eit utgangspunkt ikkje seljast. Unntak kan skje der:

- Aktuelt salsføremål er vedteken i kommuneplanen sin arealdel
- Framtidig bruk må sjåast på som opplagt som følgje av gjeldande arealformål for omkringliggande eigedom.

Eigedomen er ikkje regulert.
Framtidig arealbruk vert avklara i prosessen med ny arealdel til kommuneplan.

**Vurdering**
Eigedomen er i dag avsett til offentleg/privat tenesteyting i arealdel til kommuneplanen, noko som inneber at handlingsrommet til ein eventuell kjøpar er lite. Det vil ligge føre ein risiko for at området ikkje let seg utvikle. Ved eit sal vil kjøpar ha risikoen for regulering. Dette inneber at situasjonen kan vere lik som i dag. Ved å knytte vilkår til eit sal vil kommunen sikre seg at ålmenta har fri tilgang og bruk, lik dagens situasjon. Dersom ålmentas tilgang til kaiarealet skal sikrast/forbetrast er det naudsynt med oppgradering av tilkomstveg. For å gjere området attraktivt for besøkande bør også bygningsmassen rustast opp. Slike tiltak vil krevje ein betydeleg kostnad for kommunen. For å setje verk tiltak på eigedomen må kommunen ha behov for eigedomen til sin tenesteproduksjon. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at kommunen har behov for arealet etter at Ungdomslaget flyttar ut og kommunen har per dags dato ikkje midlar til å setje i verk tiltak på eigedomen.

For å sikre ålmentas tilgang og bruk vil det vere naudsynt å stille krav til eit eventuelt sal. Vilkår kan gje negativt utslag i prisen som kommunen kan oppnå. I denne saka vert spørsmålet om kommunen skal ta ansvar for å sikre og leggje til rette for allmenn bruk og ferdsel eller om det er tenleg at denne oppgåva løysast av ein privat aktør.

Gbnr 139/111 og 139/39 bør avhendast samstundes. Det er ikkje behov for at kommunen skal sitte igjen med ein stripeeigedom.

**Økonomi / Takst**
Eigedomen med påståande bygningar representerer ein utgiftspost for kommunen i dag. Det vil vere betydelege kostnadar med å vedlikehalde eksisterande bygningsmasse. Det er henta inn takst på eigedommen.

Gbnr 139/111 og 139/39 har felles takst.

Taksering av eigedomen i høve marknadspris. Det vart vurdert at eigedomen ligg flott til ved Alverstraumen i Alver kommune, fin sjøutsikt, vestvendt og gode soltilhøve samt at eigedommen har sjølinje. Gangavstand til skule og barnehage, 2 minuttar køyring til butikk og ca. 6 min køyring til Knarvik senter.

Bygningane på eigedommen i dag er i så dårleg stand at dei vurderast til ikkje å ha noko verdi.
Det vart vidare vurdert at det vil vere ein del kostnadar knytt til infrastruktur som er vanskeleg å berekne.

**Takst**

- Taksert som Offentleg/privat tenesteyting (dagens føremål): Kr **550 000**,-

Kommunedirektøren ser tre moglege alternativ til vegen vidare

**Alternativ 1**
Eigedomane vert seld med klausul om at ålmenta skal ha fri tilgang og bruk langs og ved kai. Ei utvikling er avhengig av at området vert regulert. Kjøpar vil stå med risikoen for regulering.

Som nemnt er føremålet i arealdel til kommuneplanen offentleg/privat tenesteyting. Om dette ikkje vert endra i samband med ny arealdel er det ein risiko at arealet ikkje vert utvikla. Må
stillast krav om utbetring av tilkomstveg, ålmentas tilgang og bruk i eventuell detaljreguleringsplan.

**Alternativ 2**
Framtidig bruk vert vurdert i prosessen med ny arealdel til kommuneplan. Eigedomane vert vurdert avhenda etter at ny arealdel til kommuneplan er vedteke.

**Alternativ 3**
Eigedomane vert ikkje seld. Eventuell utbetring av eksisterande bygningsmasse, tilkomst og bruk for ålmenta vurderast i økonomiplansamanheng.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Kommunedirektøren rår til at framtidig buk av eigedomen vert vurdert i arealdelen til kommuneplanen. Då vil rammene for mogleg utvikling vere avklart og evt. kjøparar får eit betre grunnlag for å levere pristilbod.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 03.11.2022 | Takst | 1813365 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-200, TI-&48 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 24.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 114/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |
| 153/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Mogelege straumsparetiltak - kostnadsreduksjon**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner at følgjande tiltak blir gjennomført for å få ned straumforbruket og redusere kostnadene:

- Dei kommunale svømmebassenga medrekna terapibada blir stengt for resten av skuleåret (fram til ferien 2023).
- Lysanlegg ved idrettsanlegga blir slått av ein time tidlegare
- Veglys langs kommunale veger blir slått av, med unntak for kommunesenteret i Knarvik og lokalsentra på Manger og Frekhaug

Tiltaka skal evaluerast innan juni 2023.»

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
**Framlegg N.Bognøy-AP:**
Alternativt framlegg sak 114/22
Dei kommunale svømmebassenga medrekna terapibassenga vert ikkje stengt som ein del av straumsparetiltak.
Lysanlegg ved idrettsanlegga kan bli slått av ein time før den gjeldane avtalte tida som er praksis pr 9.11.22. Avslåing av lysanlegg må skje i samråd med Idrettsrådet.
Uteområde/parkeringsplassar ved hallar vert slått av kl 22.15
Kommunestyret ber om sak på kva vegar og konsekvens, samanlikna med trafikksikring og tryggleik som kan slåast av. Turvegar med lys kan slåast av i tidsrommet mellom kl 00.00 til 06.00 i den grad dei har døgnbelysning som fast ordning

Ø.Oddekalv ikke tilstades ved votering i saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO- 114/22 innstilling:**
Dei kommunale svømmebassenga medrekna terapibassenga vert ikkje stengt som ein del av straumsparetiltak.

Lysanlegg ved idrettsanlegga kan bli slått av ein time før den gjeldane avtalte tida som er praksis pr 9.11.22. Avslåing av lysanlegg må skje i samråd med Idrettsrådet.
Uteområde/parkeringsplassar ved hallar vert slått av kl 22.15

Kommunestyret ber om sak på kva vegar og konsekvens, samanlikna med trafikksikring og tryggleik som kan slåast av. Turvegar med lys kan slåast av i tidsrommet mellom kl 00.00 til 06.00 i den grad dei har døgnbelysning som fast ordning

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Saka gjeld**
Eitt av tiltaka i økonomiplanen har vore «Energiøkonomisering og reduksjon straumutgiften» heilt sidan 2020, forklart slik:

> «Tiltak for å redusere straumforbruket ved skulane, barnehagane, administrasjonslokala, idrettsanlegga, kulturbygg. Stille krav om energisparande tiltak ved prosjektering av nye bygg og til rehabilitering. Drive meir aktiv straumstyring via felles styringsanlegg på bygningane og redusere gjennomsnittstemperaturen der det er mogeleg. Tiltaket er avhengig av ytre faktorar som eventuell nedlegging av bygg som ikkje er i bruk, og andre tiltak kobla mot optimalisering av bygningsmassen.»

Sidan 2020 har kommunedirektøren særskilt hatt fokus på styringsanlegg for å redusere straumforbruket ved dei ulike bygningane. Budsjettet er teke ned med 3 mill, i tråd med forventningane ved kommunesamanslåinga, presentert i 2019, jf gjennomgang i formannskapet sin økonomiplankonferanse april 2022.

I 2022 har det ikkje vore kapasitet til å prioritere vidare tiltak knytt til bygningsmessige utbetringar for å få ned straumforbruket endå meir. Dette mellom anna på grunn av at deler av den kommunale bygningsmassen har lågare standard enn venta. På grunn av dei høge straumprisane, er det nødvendig å redusere forbruket på andre måtar, og i denne samanhengen betyr det å sette ned temperaturen, stenge anlegg eller slå av anlegg.

Denne saka handlar om mogelege tiltak for å redusere straumforbruket på område som innbyggjarane vil merke, og som dermed er av politisk interesse. Kommunedirektøren har frå før sett i verk interne straumsparingstiltak, dei blir nemnd berre til informasjon.

**Saksopplysningar**

**<u>Bakgrunn:</u>**
Sjølv om straumforbruket er tatt ned, har straumkostnadene auka. Jf tertialrapportane og budsjettjusteringar.

Rekneskapstala syner (utanom vatn og avløp):

- 2020: 19,9 mill
- 2021: 27,9 mill
- Hittil 2022: 23,1 mill (faktura t.o.m. september)
- Kalkyle for 2022: 30,8 mill

- Fordeling av straumkostnader pr formål, hittil i 2022:
- Skule kr 8,9 mill
- Barnehage kr 1,0 mill
- Helse kr 5,4 mill
- Idrettsanlegg kr 1,0 mill
- Kultur kr 1,3 mill
- Administrasjonslokale kr 2,9 mill
- Veglys kr 2,6 mill

Kommunedirektøren har iverksett interne tiltak for å få ned kostnadene, m.a.

- Kommunale ladepunkt for el-bilar er slått av (unntak for tenestebilar)
- Nattsenking og helgesenking av temperaturen generelt
- Senka temperaturen i administrasjonslokale / kontorlokale til 20 grader

- Senka temperaturen i klasserom til 21 grader
- Senka temperaturen i idrettshallar og gymsalar til 15 grader

***Gjennomførte tiltak***

Innetemperatur:

Den generelle romtemperaturen som Arbeidstilsynet anbefaler er 20 – 22 grader, og ikkje under 19 grader. For kostnadene sin del kan ein grovt rekne 5 % reduksjon pr grad som blir senka.

Temperaturen er generelt sett ned til 20 grader i administrasjons- og kontorlokale, også på skulane og i barnehagane. For klasseromma sin del er temperaturen senka til 21 grader.

Temperatursenkinga som nemnt over er venta å gje om lag 1 mill årleg innsparing (med dagens straumpris). Om temperaturen blir sett ned til 19 grader i administrasjons- og kontorlokale, vil ein kunne spare inn om lag 200 000 kr til.

Temperaturen er ikkje sett ned i sjukeheimane, helsestasjonane, legesentra og andre helserelaterte lokale, heller ikkje i barnehagane i rom der barn oppheld seg.

Redusert temperatur i idrettshallar og gymsalar

Temperatueren er sett ned til 15 grader, som er ein reduksjon frå standarden på 17 – 18 grader. Straumkostnaden utgjer om lag 1 mill med dagens straumpris, og tiltaket er venta å gje om lag 98 – 140 000kr i årleg innsparing.

Ladepunkt for el-bilar:

Stenging av ladepunkta for el-bilar (unntak for tenestebilar) er rekna å gje ei innsparing på om lag 1,5 mill årleg.

***Nye tiltak til vurdering***

Det er i all hovudsak kommunens eigne tilsette som opplever effekten av gjennomføret tiltak. Skuleelevane vil merke at klasseromma er kjølegare i starten av skuledagen, men det blir relativt raskt varmt nok inne i høve til tilrådd temperatur. Gymsalane vil kjennast kjølege, men også der blir det relativt raskt varmt nok, som følgje av aktiviteten.

Det er mogeleg å setje i verk fleire straumsparetiltak, men ikkje utan at innbyggjarane vil merke dei.

Slå av veglysa

Straumkostnadene utgjer om lag 2,6 mill med dagens straumpris. Her er det eventuelt mogeleg å vurdere differensiering, der t.d. sentrumsområde eller område med tettast eller mest konsentrert busetnad blir unnateke.

Veglys har verknad for trafikktryggleiken og generell kjensle av trygge omgjevnader.

Stenge svømmebasseng

- Alversund gamle skule: årleg straumkostnad om lag 190 000 kr
- Rossland barne- og ungdomsskule: årleg straumkostnad om lag 192 000 kr
- Ostereidet barne- og ungdomsskule: årleg straumkostnad om lag 197 000 kr
- Radøyhallen (m/terapibasseng): årleg straumkostnad om lag 381 000 kr
- LOAS Knarvik (terapibasseng): årleg straumkostnad om lag 228 000 kr
- Totalt 1,188 mill

Ved nedstenging av svømmebasseng kjem det i tillegg innsparingar på om lag 1,4 mill i andre driftskostnader.

Det går evt an å vurdere å senke temperaturen frå 30 grader (standard) til 28 grader i

bassenga. Det kan gje ein reduksjon på 116 000 kr (5 % pr grad)

Terapibassenga her temperatur på 33 – 34 grader. Her er det først og fremst fokus på helse, og kommunedirektøren meiner at evt innsparingstiltak bør vere knytt til nedstenging i staden for temperatursenking.

<u>Redusert utelys</u>
Det er mogeleg å slå av utandørs lys ved kommunale bygg og idrettsanlegg tidlegare enn i dag. Utelys ved skulane er sensorstyrt og er på om natta.

Ved idrettsanlegga står banelysa på fram til kl 22.15, då er det dei eldste brukarane som trener / speler kampar.

Utelysa er i same krets som bygningane og det er ikkje mogeleg å måle effekten av å evt redusere utelysa.

***Risiko***
Redusert innetemperatur vil alltid kunne bli opplevd som ubehageleg av ulike personar. Det kan t.d. oppstå helsemessige plager eller konsentrasjonsvanskar.

Stenging av bassenga er uheldig for svømmeopplæringa, som er viktig for tryggleiken til sjøs. Stenginga kan også ha negativ verknad for det generelle nivået på fritidsaktivtet. Terapibassenga er viktige for behandling av ei rekkje sjukdomsbilete, og nedstenging vil kunne medføre helsemessige utfordringar.

Redusert utelys ved kommunale bygg kan føre til auka hærverk og høgare driftskostnader til vakthald, alarmar og reparasjonar. Her er det kanskje nødvendig å prøve seg fram.

Reduserte veglys kan gå ut over trafikktryggleiken.

***Framtidige tiltak og økonomiske konsekvensar***
Gjennomføret tiltak og dei tiltaka som er sett opp for vurdering vil ha ein viss effekt. Dersom straumforbruket skal vesentleg ned, er det i hovudsak fire tiltak som må til:

1. Betre om meir differensierte styringssystem, særleg i eldre bygg, for å få fleire målepunkt og betre soneinndeling. Då vil ein kunne detaljstyre straumforbruket både i høve til formål og bruksfrekvens.

   Tiltaket krev større investeringar i eksisterande bygningsmasse (elektroinstallasjonar)
2. Oppgradering av veglysa med led-lys armatur og hensiktsmessige måle- og fordelingspunkt. Tiltaket krev større investeringar.
3. Auka vedlikehald generelt og etterisolering av eldre bygg / enøktiltak. Det pågåande arbeidet med å skifte tak vil ha god effekt. Andre tiltak kan vere utskifting av vindauge og dører. Enøk-tiltak generelt krev større investeringar.
4. Vurdere alternative energikjelder / soloppvarming for både gamle og nye bygg.

Kva nivå eventuelle investeringar vil ligge på, må kommunedirektøren eventuelt komme tilbake til. Eventuell gjennomføring vil ta tid.

**Kommunedirektøren si tilråding**
Dei gjennomførte tiltaka vil bli jamnleg evaluert og evt justert, dersom ein ser at det er mogeleg å ta ned straumforbruket endå meir utan at kostnadene auker på andre område.

Kommunedirektøren rår til at det også blir vurdert nye tiltak utover dei som er gjennomført, evt med tilpassingar, sjølv om desse tiltaka først og fremst er retta mot innbyggjarane.

Framtidige tiltak bør vurderast i økonomiplan investeringar.

Kommunedirektøren ville ikkje i ein normalsituasjon ha tilrådd tiltaka i framlegg til vedtak. Kombinasjonen av høge straumprisar og ein krevjande økonomi gjer at kommunen står i ein spesiell situasjon. Om kommunestyret ønskjer tiltak utover det som allereie er sett i verk, vil kommunedirektøren tilrå dei tre tiltaka i framlegg til vedtak.

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-M9, TI-&00 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 24.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 113/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |
| 154/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Endra forskrift om vass- og avløpsgebyr, gebyrgrunnlag som er kobla til garasje**
**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver, revidert 01.11.2022. Endringa gjeld:

Endra § 1-6
…….
I den grad utrekning av gebyr er avhengig av bygd areal, skal arealet målast ut frå bruksarealet (BRA) slik det er ført i matrikkelen. Tidlegare registrerte arealdata kan nyttast inntil matrikkeldata ligg føre.
….. »

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 113/22 innstilling:**
«Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver, revidert 01.11.2022. Endringa gjeld:

Endra § 1-6
…….
I den grad utrekning av gebyr er avhengig av bygd areal, skal arealet målast ut frå bruksarealet (BRA) slik det er ført i matrikkelen. Tidlegare registrerte arealdata kan nyttast inntil matrikkeldata ligg føre.
….. »

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Saka gjeld**
Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr for Alver kommune vart sist revidert etter vedtak i kommunestyret 17.12.2020. Forskrifta stiller opp Alver kommune sine reglar for korleis avgiftene skal reknast ut. Forskrifta gjeld heilt til den evt blir endra eller oppheva, og treng ikkje oppdaterast kvart år med mindre det er særskilt behov for det.

Sjølve avgiftene blir fastsett kvart år av kommunestyret i samband med budsjettprosessen. Denne saka handlar ikkje om avgiftene, men om forslag til endring av utrekningsreglane for å

kome fram til arealet som gebyret skal ta utgangspunkt i. Dette på bakrunn av erfaringar med praktisering av forskrifta, knytt til garasjeareal.

Dersom kommunestyret går inn for forslag til endringar, blir teksten i den lokale forskrifta § 1-6 endra.

**Saksopplysningar**

**Bakgrunn:**

***Sakshistorikk***
Gebyr for eigedom som blir nytta til fritidsbustad eller fritidseigedom skal reknast ut separat for kvar enkelt bueining, og arealet blir rekna ut frå bruksarealet (BRA) slik det er definert i Norsk Standard (NS-3940).

Direktoratet for byggkvalitet har nærare forklaring på kva som reknast for bruksareal. Det omfattar alt innvendig areal frå kjellar til loft, pluss opne areal  med overbygg som t.d. carport. Dette har betydning for eigedomen sin utnyttingsgrad, der m.a. parkeringsanlegg er medrekna, og er ein vanleg definisjon av kva for areal som inngår i BRA.

Ved føring av bruksareal i matrikkelen derimot, er ikkje garasjearealet rekna inn. Dette følgjer av reglane som gjeld for matrikkelføring.

Vår lokale gebyrforskrift inneheld eit skilje i forbruksgebyret på bruksareal under og over 90 m2. Det var ein intensjon om at mindre hushaldningar skulle ha lågare avgiftsnivå enn større hushaldningar. Bueiningar med BRA på inntil 90 m2 er ofte lokalisert i leiligheitsbygg, der det er felles garasjearel i underetasje, under bakken, i eige garasjebygg eller felles i eitt av fleire leiligheitsbygg.

Husvære under 90 m2 er eigna for 1-2 personar, og denne grensa gir ein grei indikasjon på vassforbruket. Når NS-3940 blir lagt til grunn for utrekningane, blir garasjearealet også rekna inn i BRA. Det medfører at bueiningar med BRA på inntil 90 m2 i følge matrikkelen, i ein del tilfelle hamnar i gruppa over 90 m2 etter at garasjearealet er lagt til. Dermed får også dei mindre bueiningane det same gebyrnivået som bueiningane med bruksareal over 90 m2.

***Behov***
Førebels gjeld problemstillinga eit relativt lite tal bueiningar i høve til den totale bustadmassen i Alver. For dei det gjeld, virkar det likevel urimeleg at gebyrnivået for mindre leiligheiter blir det same som t.d. for ein stor einebustad. Utbyggingstendensane framover er fleire leiligheitsbygg, særleg i kommune- og lokalsentra. Parkeringsarealet blir flytta frå overflateparkering til underetasjar, eigne parkeringshus eller parkeringsanlegg under bakken. I tillegg blir det fleire ein-persons hushald, som gjerne ønskjer mindre husvære. Denne problemstillinga vil derfor etter kvart gjelde mange hushaldningar, i etableringsfasen så vel som i pensjonistfasen.

**Vurdering:**
Kommunedirektøren vurderer at utrekning av årsgebyr for vatn og avløp bør ta utgangspunkt i at vassforbruket er lågare for små hushaldningar enn for større, slik intensjonen med forskrifta er. Når utrekningsreglane fører til at små hushald i enkelte tilfelle likevel får årsavgift som store, vurderer kommunedirektøren at dette er ein utilsikta effekt av ordlyden i forskrifta.

Det er mogeleg å endre teksten i § 1-6 slik at gebyrgrunnlaget er knytt til bruksarealet (BRA) i matrikkelen.

***Alternativ***
Alternativet er å legge NS-3940 åleine til grunn, utan å vise til matrikkelen, dvs ikkje endre forskrifta. Det kan medføre at fleire hushald vil oppleve urimelege avgifter framover, fordi det blir bygd fleire og fleire mindre bueiningar i leilighetsbygg.

***Økonomiske konsekvensar***
I dag er det om lag 60 – 70 bueiningar som får bruksarealet sitt endra frå under til over 90 m2 etter at garasjearealet er lagt inn. For einingar over 90 m2 har det ingen betydning om garasjearealet er med eller ikkje.

Dersom forskrifta blir endra, utgjer dette 250 – 300 000 kr i reduserte gebyrinntekter totalt, rekna i 2022-kroner. Dette er såleis ein svært liten del av dei samla gebyrinntektene.

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunedirektøren meiner at dei økonomiske konsekvensane ikkje er avgjerande her. Det er meir hensiktsmessig å jobbe for at fleire innbyggjarar og verksemder skal kople seg på det offentlege nettet, enn å halde fast ved den noverande ordninga.

Det er mange fordelar med å bygge mindre bustader meir konsentrert og med fleire fellesanlegg, ikkje minst i eit klimaperspektiv. Kommunedirektøren ønskjer at denne tilnærminga er synleg også i gebyrforskrifta, og rår til at § 1-6 blir endra tilsvarande.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 03.11.2022 | Endra forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune, framlegg 01.11.2022 | 1827521 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> PlanID-1263201407, Plannavn-1263-201407, Komnr-4631, FA-L13 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 26.08.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 108/22 | Utval for areal, plan og miljø | 07.09.2022 |
| 136/22 | Utval for areal, plan og miljø | 09.11.2022 |
| 155/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad**

**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagene i sak 20/1203 på vedtak med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert ikkje teke til følgje.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

**Utval for areal, plan og miljø 07.09.2022:**
**Handsaming:**
Utvalet var på 5 synfaringar i saka før møtet tok til.

**Framlegg frå Sveinung Toft-V:**
APM utset saka og ber om meir informasjon for å få svar på konkrete spørsmål frå dei instanser/fagmiljøa som har laga planen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**APM- 108/22 Vedtak:**
APM utset saka og ber om meir informasjon for å få svar på konkrete spørsmål frå dei instanser/fagmiljøa som har laga planen.

**Utval for areal, plan og miljø 09.11.2022:**
**Handsaming:**
Orientering til saka v/Kari Veseth Kinden frå Vestland fylkeskommune (deltok via teams)

**Framlegg frå Vigdis Villanger-Sp:**

APM ber om at det vert laga reguleringsplan langs den kommunale Hopevegen med formål om å få regulert fortau fram til Mongstadkrysset.

Vidare ber me om at det i det seinare byggeplanarbeid vert sett på optimalisering av avkøyringar, tilkomstvegar og tilkomstvegar til landbruket (ved gnr 118/1).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

**APM- 136/22 innstilling:**
APM ber om at det vert laga reguleringsplan langs den kommunale Hopevegen med formål om å få regulert fortau fram til Mongstadkrysset.

Vidare ber me om at det i det seinare byggeplanarbeid vert sett på optimalisering av avkøyringar, tilkomstvegar og tilkomstvegar til landbruket (ved gnr 118/1).

**SAKSUTGREIING**

Saka gjeld klage på vedtak av Alver kommunestyre (KO) i sak 20/1203 med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om reguleringsplan (detaljplan) for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263-201407, som vist på plankart sist datert 20.08.2021 og med føresegner av revisjonsdato 20.08.21.

Planområdet er på om lag 999 daa og strekk seg langs den 10 km lange strekninga av fylkesveg 57 mellom Lindås tettstad i sør og Mongstad i nord (kryssar kommunegrensa mellom Alver og Austrheim).

Vedtaket frå Alver kommunestyre av 07.04.2022 har følgjande ordlyd:

«KO- 038/22 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

**Saksgang – PMU/APM og KO**
Det vart varsla oppstart av planarbeidet i januar 2015, og det vart varsla utvida plangrense i januar 2017. I samband med oppstartsvarselet, vart det halde folkemøte i Lindåshallen 29.01.2015.

Forslag til detaljregulering var som sak 14/7379 i Plan- og miljøutvalet, PMU 17.10.2018 (i tidlegare Lindås kommune) vedtatt sendt ut til 1. gongs høyring, og låg ute til offentleg ettersyn i perioden 07.11.2018 – 20.12.2018.

Dei innspela som kom inn ved offentleg ettersyn førte til at det blei gjort fleire endringar i planforslaget, og som sak 018/21 vedtok Utval for areal, plan og miljø, APM 03.02.2021 å sende forslaget ut til 2. gongs høyring. Det låg ute til offentleg ettersyn i perioden 09.02.2021 – 23.03.2021.

Utval for areal, plan og miljø (APM) fatta vedtaket om godkjenning av reguleringsplanen i møte den 23.03.2022 med saknr. 032/22.

Vedtaket av 23.03.2022 har følјande ordlyd:

«APM- 032/22 Vedtak:

Innstilling i APM - 23.03.2022:
«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtaket frå Utval for areal, plan og miljø (APM) vart oppretthalden av Alver kommunestyre (KO) i møte den 07.04.2022 med saknr. 038/22.

Vedtaket av 07.04.2022 har følgjande ordlyd:

«KO- 038/22 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Det er vedtaket av 07.04.2022 frå Alver kommunestyre som er påklaga av 5 grunneigarar i planområdet.

**Føremålet med reguleringsplanen**

Det er Vestland fylkeskommune som har fremja reguleringsplan for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad. Føremålet med planarbeidet er å fastsette areal til plassering og utforming/utbetring av eksisterande fylkesveg frå Lindås tettstad til Mongstad med vegstandard og dimensjoneringsklasse U-H4 standard, samt å etablere ny gang- og sykkelveg.

Køyrevegen blir utbetra med utviding og utretting av veglina fleire plassar. Avkøyrsler blir sanert, vegkryss og kulvert utbetra. Nye kryssingar blir etablert for gåande/syklande.

Langs heile strekket er det satt av areal for midlertidig rigg og anleggsbelte som sikrar gjennomføring av prosjektet.

Bakgrunnen for planarbeidet er at det i dag manglar tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesveg 57 på heile strekninga mellom Lindås tettstad og dei sentrale næringsområda på Mongstad. Gåande og syklande må forflytte seg langs bilvegen. Fv. 57 er ein del av det overordna fylkesvegnettet i Hordaland som har ein viktig regional funksjon. Den eksisterande vegen har ein relativt låg vegstandard og høg trafikkbelastning. Det er registrert mange trafikkulykker her. Fartsgrensa er 70 km/t mellom Lindås tettstad og Lauvås, og 80 km/t frå Lauvås til Mongstad, med unntak av 60 km/t ved Lauvås og på Hope. Store delar av dagens veg har ein breidde på under 7,5 meter, og vegen har dermed ikkje tilfredsstillande breidde etter regelverket.

Reguleringsplanen skal betre trafikktryggleiken for alle, både harde og mjuke trafikantar, innanfor heile planområdet.

Planområdet strekk seg frå Lindås tettstad i sør til Mongstad i nord, ved kommunegrensa mellom Lindås og Austrheim. Planområdet fylgjer stort sett dagens fv. 57 og omfattar oppgradering av kryss ved Lindås tettstad (Kolås sør), nytt kryss til framtidig bustadområdet rett nord for Lindås tettstad (Kolås nord), oppgradering av kryss på Lauvås, Mongstad sør og Hope.

Vegen er ei viktig ferdselsåre som bind saman viktige næringsområde, senterområde og bustadområde. Det er i hovudsak spreidd busetnad langs fylkesvegen. Ved Lindås tettstad, som har funksjon som lokalt sentrumsområde, er busetnaden meir konsentrert med fleire større bustadfelt. I nord, ved Mongstad, er det eit stort næringsområde som er forsyningsbase for olje- og gassindustrien (Mongstad sør) og oljeraffineri (Mongstad nord). Utover dette er dagens arealbruk stort sett landbruks-, natur- og friluftsområde. Dagens veglinje ligg nære Tjukkhetlevatnet som i dag forsyner Mongstadområdet med industrivatn. Tjukkhetlevatnet skal nyttast som framtidig drikkevasskjelde.

Mange av bustadene langs fylkesvegen har dårlege avkøyrsler og vegen er ein vesentleg barriere for ferdsel i og mellom grendene langs vegen. Det er også eit stort tal på landbruksavkøyrsler frå fylkesvegen. Dei som bur i grendene nordover har skuleskyss til barne- og ungdomsskule på Lindås. I barnetråkkregistreringa er både Lauvås-krysset, Knarvik nord-krysset og Hope nemnd som utrygge punkt. Vidaregåande skule ligg i kommunesenteret Knarvik, men mange vel også å gå på vidaregåande skule i nabokommunen Austrheim. Det går skuleskyss begge vegar. Trygg tilkomst til busshaldeplassar er viktig for ferdselen i nærmiljøa langs vegen.

Det er i hovudsak spreidd busetnad langs vegen, og ein høg andel av desse har eigen avkøyring. I tillegg er det mange landbruksavkøyrsler langs vegen. Strekninga er på om lag 10 km og har varierande breidde frå ca. 6,8 m til over 8 m. Vegen har ei asfaltert skulder på ca. 30 cm, og utanfor dette ei uasfaltert skulder med varierande breidde.

Terrenget er lett kupert og vegen er delvis tilpassa terrenget. Enkelte plassar er kurvaturen på vegen knapp, noko som gjer at vegen ikkje har den standarden den bør ha i høve til funksjonen vegen har. Langs eksisterande Fv. 57 frå Lindås tettstad til Rossnesvågen går i dag hovudvassleidninga til industriområda på Mongstad og i tillegg vidare ut i Nordsjøen på båt.

På strekninga mellom Hellestveit til sør for Hope går høgspentleidning 132 kV og 420 kV tett i vestsida av Fv. 57 i luftspenn. På strekninga mellom Lindås tettstad og til Mongstad går høgspentleidning 22 kV i luftspenn. Mellom Hellestveit og Hope er linja lagt i kabel. Med unntak av den kabla strekninga ligg denne høgspentleidninga i god avstand til eksisterande Fv. 57.

For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planskildringa, saksframlegg til 1. gongs handsaming i PMU samt planframlegg til 2. og 3. gongs handsaming i APM og KO, som ligg vedlagt saka.

**Klage**

Kommunen har mottatt klager frå 5 grunneigarar innafor planområdet over vedtak fatta av

Alver kommunestyre av 07.04.20221:

1. Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1

2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7

3. Rita Waagenæs – gbnr 116/79

4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3

5. Karstein Stene – gbnr 116/36

**Klagerett og klagefrist**

Dei 5 grunneigarane innafor planområde har klagerett på vedtak om reguleringsplan som part i saka, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §12-12 tredje ledd, jf. §1-9 og forvaltningsloven (fvl.) §2 bokstav b).

Vedtak fatta av Alver kommunestyre den 07.04.20221, er sendt ut 23.04.2022 og kunngjort påfølgande virkedag 25.04.2022 med 3 vekers klagefrist innan 16.05.2022.

Klagen frå Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1

er datert 12.05.2022 og rettidig (innan rett tid) mottatt 13.05.2022.

Klagen frå Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 er rettidig mottatt 10.05.2022.

Klagen frå Rita Waagenæs – gbnr 116/79 er datert 14.05.2022 og rettidig mottatt 16.05.2022.

Klagen frå Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3 er datert 14.05.2022 og mottatt 19.05.2022. Kommunen har lagt til grunn datert dato, den 14.05.2022. Dette fordi då skrivet kan ha vore forsinka med postgangen som klagar ikkje forutså. Klagen vurderast å vere rettidig mottatt.

Klagen frå Karstein Stene – gbnr 116/36 er rettidig mottatt den 04.05.2022.

**Klagegrunnar og vurdering av klager**

Dei 5 klagane vert i utgangspunktet systematisert og vurdert kvar for seg. Det vert gjeve oversikt av grunneigars/klagars merknad/innspel, tilsvar frå Vestland fylkeskommunen, uttale frå Landbruk (der det er aktuelt) samt kommunen si vurdering av planprosessen og klagen.

Det overordna vurderingstemaet er kor inngripande planen er, der styrken av samfunnsinteressene vert målt opp mot grunneigars interesse. Dette beror på ein konkret heilskapleg vurdering.

**Klagar nr. 1 – Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1**

Kart/foto – plankart 3 og ortofoto – gbnr 118/1

Plankart 3 - oversikt



Plankart 3 – utsnitt vedlagt klagen - gbnr 118/1



Det er i plankartet (austsida av fylkesvegen) stengt avkøyrsel for køyretøy (ikkje gåande) tvers ovanfor avkøyrsla til gbnr 188/1. For kryssing med køyretøy/landbruksmaskiner er det veg f_SV7 og køyring på GS-veg som er løysinga.



*(Blå strekar: øvst viser noverande køyremoglegheit for kryssing til landbruksarealet på motsett side av fylkesvegen. Nedst. Viser ny køyremoglege kryssing til landbruksarealet)*

Ortofoto Alver 2020 - gbnr 118/1



Gardskart vedlagt klagen – gbnr 118/1




| **Nr. 1 Plankart 3** | **Frå** | **Samandrag av merknader/innspel til oppstart reguleringsplan** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 118/1 | Olav Kåre Tykhelle, 29.01.2015 | I – Dårleg og uoversiktleg avkøyrsel på vestsida av fv.57 til gardstun (118/1). | Merknaden vert teke til orientering.<br>I – Avkøyrsla vert utbetra med gode sikttilhøve.<br><br>II – Det er ikkje lagt | - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | II - Avgrensa tilkomst til dyrka mark/utmark/skogsområde på andre sida av fv.57. Traktor/saktegåande reiskap må krysse fv.57. Ber om løysing for tilgang til austsida utan kryssing av fv.57 (undergang). Same behov for andre landbrukseigedomar på Tykhelle.<br><br>III – Ønske om å få g/s-veg på vestsida på enkelte strekningar, t.d. Lindås – Tykhelle. Kryssing ved Tykhelle.<br><br>IV – Øydelegging av elva frå Tykhellevatn ved bygging av ny veg bør rettast. Regnbogeaura og sjøaure må kunne gå opp i Tykhellevatnet. | opp til nye planfrie landbruksundergangar i planen.<br><br>III – SVV har gjennom ein grundig og samla vurdering lagt gang- og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen på heile strekninga. Jamfør notat om val av side for gs-vegen i vedlegg til planforslaget.<br><br>IV- Det vil bli tilrettelagt for oppgang av fisk til Tjukkhetlevatnet | |
| gbnr 118/1 | Olav Kåre Tykhelle, 21.02.2017 | Viser til godkjend midlertidig avkøyrsle frå eigedomen 118/2. I søknaden er det argumentert for å bruke denne avkøyrsla også for andre eigedommar på austsida av vegen. Dette er ikkje ønskeleg og må ikkje vektleggast i den vidare planprosessen.<br><u>Vedlegg:</u> Søknad om løyve for ny avkøyrsel frå Asgeir Helle med tilhøyrande svarbrev frå Statens vegvesen | Den midlertidige avkøyrsla frå eigedomen 118/2 er ikkje ein del av reguleringsplanen | - |

| **Nr. 1 Plankart 3** | **Frå** | **Samandrag av merknader/innspel til 1. gongs offentleg ettersyn** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 118/1 | Olav Kåre Tykhelle, | Eigar av gnr./bnr. 118/1 på Tykhelle. | | - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 25.11.2018 | Garden blir delt av fv. 57 med hus og driftsbygning på vestsida og dyrka mark, utmark og skog på austsida. Alle tre gardsbruk på Tykhelle (118/1-2 og 3) er stort sett delt på denne måten. Gardane kom før vegen. Etter bygging av ny veg på 70-talet blei det vanskeleg for gardsbruka på Tykhelle å kunne nytta området på austsida. Vart i samband med prosessen med ny veg foreslått undergang mellom aust og vest samt å samle avkøyrsler. Noko kom med på planteikningar men vart ikkje utført. Det som vart etablert blei ei svært dårleg løysing for gnr./bnr. 118/1.<br><br>1. Minner om at det som blir bygd no skal vere framtidsretta og til nytte for alle brukarar. Stiller eit ufråvikeleg krav om at det må etablerast køyrbar overgang/undergang på staden.<br><br>2. Viser til ny tilførselsveg frå bruk 118/3 samt vidare veg til nytt pumpehus som kommunen skal bygga i sørenden av Tykhellevatn, og som er lagt gjennom gardstun. Vil ikkje at ein skal legge til rette for gjennomgangstrafikk til naboen sitt gardsbruk og vidare til pumpehus med denne traséen. | 1.Det er ikkje lagt opp til nye planfrie kryssingar i planen, med unntak av dei punkta der dette er naudsynt med omsyn til mengde kryssande trafikk<br><br>2. I revidert plan er tilkomstvegen til pumpehuset lagt om, f_SV76. Vegen ligg no parallelt med fylkesvegen fram til steingarden og går derfrå vidare opp til garasje og inn på eksisterande veg. Det er lagt opp til at garasje/uthus på gnr. 118 bnr. 1 må rivast ved bygging av | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | Atkomstveg til 118/2 og 3 må leggast parallelt med ny fv. 57 og slik knytast mot eksisterande vegar.<br><br>3. For å få fram bodskapen vert det oppmoda til synfaring på staden i næraste framtid. | f_SV10 og f_SV11. Ein har vist mogleg ny plassering som ein illustrasjon i plankartet sør for f_SV10.<br><br>3. Synfaring er gjennomført 12.11.19 der grunneigar vart orientert om prosjektet og vidare prosess. | |
| gbnr 118/1 | Olav Kåre Tykhelle, 11.12.2018 | 1. Ikkje mottatt bekreftelse på at tidlegare innsendte skriv er mottatt.<br><br>2. Var på open kontordag om planframlegget. Meiner at Statens vegvesen ikkje har forstått at på Tykhelle er det gardsbruk som vert delt av fv. 57, og at ein ikkje har sikker tilkomst for drift av gardsbruka slik som planframlegget er vist no. Landbrukskontoret må også på bana for å ivareta tryggleiken angåande dette. Minner om at ein no må tenkje langsiktig i planar, og at ein må ta dei som bur tett opp til ein svært trafikkfarleg veg, der trafikken vil auka enda meir og farten skal setjast opp, på alvor. | 1. Lindås kommune har dessverre ikkje høve til å bekrefte at dei har mottatt merknader. Alle innkomne merknader ligg i Lindås kommune si innsynsløysing under det aktuelle saksnummeret.<br><br>2. I planprosessen har trafikktryggleiken for alle brukarane vært i fokus. Avkøyrslene som er planlagt har god utforming og sikt. Å nytta fylkesvegen for å kome til jordbruksareal på motsett side vil ikkje utgjere ein vesentleg risiko i trafikken. Det vil difor ikkje bli sett på etablering av planfri kryssing i dette området. | |

| **Nr. 1** | **Frå** | **Samandrag av** | **Kommentar -** | **Kommunedirektørens** |
|---|---|---|---|---|

| **Plankart 3** | | **merknader/innspel til 2. gongs offentleg ettersyn** | **Vestland fylkeskommune** | **si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 118/1 | Olav Kåre Tykhelle | 1. Finn ikkje noko om tidl. innspel til kommunen er tatt opp. Det er heller ingen som har teke kontakt eller vore med på befaring frå kommunen (15.03.21).<br><br>2. Har vanskeleg for å forstå at framtidig tilkomst til eigedomen og den planlagde sykkel- og gangstien på austsida kan nyttast utan å risikera liv og helse. Har bedt om at det vert planfri kryssing av fv. 57. (15.03.21).<br><br>3. Eigedommen har bruksareal på begge sider av FV57. Har både før planarbeidet starta, og etter første høyringsrunde gjort det klart at det må etablerast planfri kryssing av FV57.<br><br>4. Meiner at ROS-analyse ikkje har tatt høgde for stengde landbruksavkøyrsler (19.03.2021). | 1. Statens vegvesen og dåverande Lindås kommune har hatt synfaring med grunneigar etter 1. gongs offentleg ettersyn.<br><br>2. Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad er prosjektert og planlagt i tråd med Statens vegvesen sine handbøker som sikrar ein trafikksikker køyreveg samt gang og sykkelveg.<br><br>3. Bruk 118/1 har i vest tilgang til landbruksareal via avkøyrsle f_SV10. Aust for fv. 57 er det tilkomst til landbruksareal gnr. 118 bnr. 1 via veg f_SV7 og køyring på GS-veg. Stengesymbol ved pel 2010 og 2110 vert vidareført. Viser elles til svar under punkt 2.<br><br>4. Planforslaget legg opp til ein trafikksikker veg i tråd med vegnormalen N100 med bl.a. sanering av avkøyrsler og ein ny GS-veg som skal sikre dei mjuke trafikantane. Sannsyn for trafikkulykker på fv. 57 vil vere til stades. Planforslaget legg til rette for trafikksikre | 1, 2 og 3. Tatt til orientering.<br><br>4. Kommunedir ektøren ser at ROS analysen ikkje har spesifisert konsekvensane av stengde landbruksav køyrslar isolert sett, men vurderer at analysen samla sett tar for seg kva konsekvens planforslaget får for det arealbeslaget som går av landbruksjord i utbygginga.<br><br>Dette er vidare vekta opp mot fordel/ulem per i planforslaget for utbygginga. Så har forslaget tilrettelagt for anten nye eller |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | 5. Tilførselsvegar til naboane på 118/2 og 3 er ikkje teikna av nokon som har vært på staden og sett på området.(19.03.21)<br><br>6. Ønsker at ansvarleg beslutningstakar tek ei befaring på staden saman med grunneigar (19.03.21) | løysingar for å redusere og unngå uønskte trafikkhendingar.<br><br>5. SVV og Alver kommune har vore i dialog og hatt synfaring med grunneigar av bruk 118/2 og 3 i samband med ny vegløysing etter 1.gongs offentleg ettersyn i 2019. Løysinga er i tråd med krava i vegnormalane.<br><br>6. Det har tidlegare i planprosessen vore synfaring med SVV og Alver kommune.<br><br>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget. | alternative løysingar for dei avkøyringane som vert stengd.<br><br>5. og 6. Tatt til orientering |

| **Nr. 1 Plan kart 3** | **Frå** | **Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Uttale til klage - Landbruk** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|---|
| gbnr 118/1 | Olav Kåre Tykhelle, 12.05.2022 | 2 hovudkrav vert sett fram i klagen.<br><br>Krav 1:<br><u>Landbruksundergang</u><br>· <u>Tilkomst til landbruksområde</u><br>· <u>Kryssing av fylkesvegen</u><br>· <u>Sikt</u><br><br>Krav 2:<br><u>Endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178</u><br><br>Krav 1: | Generelt for fleire av punkta teke opp i klagen, gjeld at desse også kommentert i Merknadsskjema – 2.gongs offentleg ettersyn (vedlegg 24), herunder punkt 3.<br><br>Krav 1:<br><u>Landbruksundergang</u><br>Det vert i klagen sett | Krav 1:<br><u>Landbruksundergang</u><br>Ved gbnr 118/1 er | Krav 1:<br><u>Landbruksundergang</u><br>Planen tar ikkje tilstrekkeleg omsyn |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Landbruksundergang.<br><br>Landbruksundergang sikrar tilkomst til landbruksarealet på begge sider av fv. 57 samt sikrar trygg overgang for fotgjengarar og dyr. | fram krav om regulering av køyrbar undergang som sikrar tilkomst til landbruksareal. Etter N100 er det sett krav om at landbruksundergang skal ha fri høgd på 4,2 meter. I tillegg kjem overbygningen av vegen, toppstøyp på kulvert, tak, samt fundament på kulvert. Dvs at ein då må ned 5-6 meter under vegen. For å komme opp og ned til kulvert, må det byggast nye vegar i området, noko som er arealkrevjande, og vil føra til at ein brukar ein større del av jordbruksarealet til dette. Det er etter fylkeskommunen sitt syn ikkje tilrådeleg med ei slik løysing her<br><br>Tilkomst til landbruksområde<br>I vegplanar er det alltid eit mål å sanera avkøyrsler, då det er eit faktum at di fleire avkøyrsler det er langs ein veg, di høgare | garden delt av fv 57 slik at driftssenteret (bygningar med meir) ligg på vestsida medan delar av jordbruksarealet og i all hovudsak all skog ligg på austsida av fylkesvegen.<br><br>Landbruk støtter tanken om en landbrukeundergang under forutseting av at minst mogeleg jordbruksareal går tapt.<br><br>Alternativt må det planleggjast og kostast ein tilførselsveg til området aust for gnr. 118, bnr. 1. Dersom tilkomstvegen er for lang, vil det fort verte freistande å krysse vegen der det ikkje er tenkt. Dette gir trafikale ulemper.<br><br>Areala på austsida for dette bruket ikkje er omtala i planen. Dette er uheldig. Landbruk ber om at ei slik omtale og kva konsekvensar det vil ha for desse areala, vert innarbeidd i planen og at | til mogleg landbruksdrift på gbnr. 188/1. Ynskjer køyrbar undergang som sikrar tilkomst til landbruksarealet på begge sider av fylkesvegen.<br><br>Det er i plankartet (austsida av fylkesvegen) stengt avkøyrsel for køyretøy (ikkje gåande) tvers ovanfor avkøyrsla til gbnr 188/1. For kryssing med køyretøy/landbruksmaskiner er det veg f_SV7 og køyring på GS-veg som er løysinga.<br><br>Det er ikkje nye moment i saka. Samtidig har klagen lagt meir vekt på på at det er eit planfritt kryssing som sikrar tilkomst til landbruksareal han ynskjer seg. Etter N100 vil vera krav om frihøgd på 4,2 meter for landbruksavkøyrsler, og det må byggast nye vegar i området for å komme opp og ned til kulverten.<br><br>Landbruksavkøyringa hans som i dag har kortare avstand til hans bruk (på motsett side/aust for fv.) blir no samla saman med andre avkøyringar på motsett side og blir via f_SV7.<br><br>Dette inneber eit lenger strekk for han å køyre med |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | er ulukkesrisikoen. Bruk 118/1 har i vest tilgang til landbruksareal via avkøyrsle f_SV10. Aust for fv. 57 er det tilkomst til landbruksareal via veg f_SV7 og køyring på GS-veg. Det vil i samband med bygging kunne leggjast til rette for tilkomst frå gang- og sykkelvegen til landbruksareal. For landbruksmaskiner vert det vist til f_SV10 og f_SV7.vist til f_SV10 og f_SV7.<br><br>Kryssing av fylkesvegen<br>Areal merka med o_SGG4 i plankartet, tvers ovanfor avkøyrsla til 118/1, viser areal tilrettelagt for kryssing av fylkesvegen, og gir direkte tilkomst til gang- og sykkelvegen. Det er ikkje lagt opp til andre planfrie kryssingar i planen, med unntak av dei punkta der dette er naudsynt med omsyn til mengde kryssande trafikk. | planen vert vurdert ut i frå det.<br><br>Landbruk har generelle merknadar til planen som også gjeld gbnr 118/1.<br><br>Oppsummert frå Landbruk:<br>I planen er det lagt stor vekt på konsekvensar for areala medan vurdering av driftsmessige ulemper for landbruket er fråverande.<br><br>Bandlegginga av areal langs fv 57 inneber at bruka mister tilgang til/får forverra tilkomst til bakanforliggjande areal og mellom driftsenter og landbruksareal. Det er såleis langt meir areal enn kva tekstdelen i planen synleggjer, som vert råka.<br><br>Dei som får slik redusert tilkomst, bør som avbøtande tiltak få tilgang til gang og sykkelsti (g/s) til transport. Det vil sei at g/s må dimensjonerast til tømmerbiltrans | landbruksmaskiner som er meir trafikksikkert enn at klagar skal krysse fylkesvegen direkte frå den eine sida til andre.<br><br>Slik fylkeskommunen skriv så er det kun lagt opp til planfrie kryssingar i reguleringsplanen der dette er naudsynt med omsyn til mengd kryssande trafikk. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Sikt<br>Det er ikkje planlagt for kryssing for mjuke trafikantar frå nord mot sør i området eller for landbruksmaskiner og dyr. Det er høg fart i området og dårleg sikt både mot aust og vest. | Sikt<br>Det vert i klagen vist til bilete som syner sikt mot aust og vest, frå Tykhelle si avkøyrsle. Bileta viser dagens situasjon, og tek ikkje høgde for ny utforming av veg og avkøyrsle. Ny veg er utforma etter N100, og det vert stilt krav til både vertikal og horisontal geometri, slik at det skal vera tilstrekkeleg sikt både framover og bakover på vegen, og i kryss og avkøyrsler. Sikta i avkøyrsla til 118/1 er det skraverte feltet på begge sider av avkøyrsla, markert med 4x130 meter. Det betyr at når ein står 4 meter frå vegkant/kvit stripe kan ein sjå minimum 130 meter til begge sider.<br><br>2. Endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178<br>Det har tidlegare i prosessen vore synfaring og | port og at det vert skilta at dette er lovleg transport. | 2. Endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178<br>Regulert tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178 må leggast om den inneber at garasjen til klagar må rivast. Klagar ynskjer at denne blir opparbeida parallelt med fv. 57 slik det er gjort for Mongstadvegen 142.<br><br>Det vert også vist til fylkeskommunen si vurdering. Mogleg ny plassering av garasje er vist som ein illustrasjon i plankartet sør for |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | 2. <u>Endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178</u> Tykhelle sin garasje må rivast for å opparbeide veg fram til Mongstadvegen 174 og 178 s. Regulert tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178 må leggast om. Vegen til Mongstadvegen 174 og 178 må opparbeidast parallelt med fv. 57 slik som på motsatt side av vegen, til Mongstadvegen 142. | dialog med eigarar av bruk 118/1 (12.11.2019), og med eigarar av bnr.2 og 3 i samband med ny vegløysing etter 1.gongs offentleg ettersyn i 2019. I nokre tilfelle kan det vera utfordrande å finna løysingar som tilfredsstiller ynskje og krav frå alle involverte partar. For den føreslegne løysinga er lagt opp til at garasje på gnr. 118 bnr. 1 må rivast ved bygging av f_SV10 og f_SV11. Mogleg ny plassering av garasje er vist som ein illustrasjon i plankartet sør for f_SV10, og erstatning vil bli ein del av grunnervervet. | | f_SV10, og erstatning vil bli ein del av grunnervervet.<br><br>Klagars krav er kommentert/ vurdert tidlegare i merknad til 3. gongshandsaming og 1 gong.<br><br>Det er ingen nye moment til klagen. Plan vert ikkje endra. |

**Klagar nr. 2 - Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7**

Kart/foto – plankart 13 og ortofoto – gbnr 126/7

| Plankart 13 - Oversikt |
|---|




Ortofoto Alver - gbnr 126/7



Gardskart – gbnr 126/7




| Nr. 2 Plankart 13 | Frå | Samandrag av merknader/innspel til oppstart reguleringsplan | Kommentar - Vestland fylkeskommune | Kommunedirektørens si vurdering |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 126/7 | Liv Marit og Øyvind Hope, 13.02.2015 | I – Betre løysing med g/s-veg på vestsida av fv.57 nord for nedkøyringa til Hopsvågen.<br>• Gardsvegen til 126/3 langs fv.57 på vestsida kan oppgraderast (bygd av vegvesenet).<br>• Same side som bygda Kjeilen ved kommunegrensa.<br><br>II – Ber om en undergang for gåande på fv.57 rett etter nedkøyringa til Hopsvågen. Trong for eit trygt kryss der fv.57 deler bygda Hope i to, | Merknaden vert tatt til orientering.<br>I – Viser til merknad 11 og pkt. III<br><br>II - Krysset på Hope (ved bensinstasjonen) vert utbetra og vi planlegg å føre vegen frå Hopsvågen ut i dette krysset via ein undergang | - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | spesielt for skuleelevane. Sikker tilkomst til busstopp og g/s vegen.<br><br>III – Landbruksavkøyring til dyrka mark av 126/7 på vestsida må ikkje sperrast. | under fv. 57. Vegen frå Hopsvågen er planlagt med fortau for å ivareta dei mjuke trafikantane. Eksisterande kryss til Hopsvågen vert stengt.<br><br>III – På grunn av trafikktryggleik er jordbruksavkjørsla stengt i planen. | |

| **Nr. 2 Plankart 13** | **Frå** | **Samandrag av merknader/innspel til 1. gongs offentleg ettersyn** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 126/7 | Liv Marit og Øyvind Hope, 19.12.18 | 1. Krev at innmark som vart erverva då fv. 57 vart bygd blir brukt til det planlagde tiltaket heller enn å ta meir areal på austsida. For eit lite bruk vil også eit mindre inngrep i dyrka areal ha stor betydning. Mindre konsekvens for dyrka areal at Statens vegvesen brukar areal vest for eksisterande veg. | 1. Det er gjort ei vurdering av kor GSveg skal ligge lang eksisterande fylkesveg. Det er utarbeida eit notat der desse vurderingane framkjem, sjå vedlegg 15. På strekninga frå Hope til Keilen-krysset er det tilrådd at arealinngrepet bør skje på austsida av eksisterande fv. 57 av omsyn til Hopsvatnet med tilhøyrande vassdrag. Det er vurdert ei løysing med gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesvegen, noko som vil medfører utfylling i Hopsvatnet. Ein har ut frå ei samla vurdering konkludert med at gang- og sykkelvegen skal | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | 2. Meiner at det er planlagt ei for plasskrevjande løysing i høve det reelle behovet på strekninga. | ligge på austsida av eksisterande veg, i ei avveging mellom naturverdiar, dyrka mark m.m. og målpunkta langs gang- og sykkelvegen.<br><br>2. Hovudmålet med prosjektet er å byggje ein gang- og sykkelveg som er trafikksikker og har god framkome for mjuke trafikantar. I tillegg ynskjer ein å betre standard og trafikktryggleik på fv. 57 til U-H4 standard. Kriteria som er styrande for val av vegstandard er vegen sin funksjon, fartsgrense og trafikkmengda i prognoseåret 2050. Den aktuelle parsellen er ein viktig hovudveg som knyt store næringsområde saman med E39. Fartsgrensa er i dag stort sett 70 km/t eller 80 km/t og ein kort strekning med 60 km/t ved Lauvås. Trafikkmengda i prognoseåret vil vere om lag 4600- 6200. Med dette som utgangspunkt blir U-H4 med ÅDT 4000 – 6000 og fartsgrense 80 km/t standardval. Standard for gang- og sykkelvegen er 3 meter bredde + 0,25 meter skulder på begge sider. Rabatten mellom køyreveg og gang- og sykkelveg er 3 meter ved dimensjonerande fartsgrense 80 km/t og 1,5 meter ved dimensjonerande | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | fartsgrense på 60 km/t. Det er valt ei løysing med rabatt for å unngå unødig bruk av rekkverk. Rekkverk vil vere ei ny barriere langs vegen i eit område som i dag er ope. | |
| | | 3. Frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset går det ein kommunal veg. Lurer på kva som er grunnen til at denne ikkje vert gjort om til gang og sykkelveg med opning for køyring til eigedommane og open for buss/skulerute. Det er der folk bur. Når det gjeld gåande og syklande frå Kjeilen er det òg her veg i samband med den kommunale vegen. | 3. Langs fv. 57 er det planlagt eit hovudtilbod for gåande og syklande langs fylkesvegen. Det er lite trafikk langs den kommunale vegen frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset. Denne vegen kan framleis nyttast til blanda trafikk for dei som ynskjer det. Denne vegen kan også være ein del av eit mogleg byggetrinn om ein ikkje får finansiert utbygging av heile strekninga. | |
| | | 4. Usikker på kva argument som ligg til grunn for å leggje gang og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen frå Kolås-krysset til Mongstad. | 4. Med særleg vektlegging av trafikktryggleik og at ein ikkje skal kome i konflikt med miljøverdiar og høgspentleidning er ny gang- og sykkelveg planlagt på austsida av fv. 57 gjennom heile planområdet. Det er gjort eit grundig arbeid med å vurdere kva side ein bør legge gang- og sykkeltilbodet. Ei rekke kriteria er vurdert. Det er konkludert med at det er best å legge gs-vegen på austsida av fv. 57 frå Lindås tettstad og fram til krysset på | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | 5. Lurer på korleis Lindås kommune har tenkt å knyte tidlegare framlagte planar for kryss/rundkøyring ved skytebana på Hope og ny veg gjennom tunell til Mongstad til denne planen. | Hope (lengde 8,8 km). På den vidare strekninga frå Hope til Keilen-krysset er det tilrådd at arealinngrepet bør skje på austsida av eksisterande fv. 57 av omsyn til Hopsvatnet med tilhøyrande vassdrag. Når det gjeld kva side av vegen gs-tilbodet skulle ligge her ønska ein å avklare dette i samråd med Austrheim kommune då planarbeidet heng saman med tilstøytane reguleringsplan for Austrheim grense – Mongstad. Ut frå ei heilheitleg vurdering av gs-tilbodet langs fv. 57 mellom Lindås og Mongstad blei det konkludert med at det ville vere rett å halde same side på heile strekningen. Det ville ha vore ei meir attraktiv plassering på vestsida mellom Hope og Keilen/Mongstad, men opp mot ulempene ein får ved å måtte krysse fylkesvegen i kulvert på flere punkt fann ein at det beste var å halde seg på austsida over heile strekninga.<br><br>5. Planarbeidet for fv. 57 med gang- og sykkelveg - Lindås tettstad- Mongstad legg ikkje hindringar for etablering av nytt kryss til framtidig næringsareal i ein framtidig områdeplan. Dette går fram i notat | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | datert 24.09.18, Notat 616504- PLAN-NOT-001 Vurdering av nytt kryss og vegløysing som avsett i kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad. Notatet er vedlegg til reguleringsplanen | |
| | | 6. Tolkar planen slik at det ikkje vil bli gjort støytiltak sjølv om hus ligg i raud støysone. Meiner dette er heilt uakseptabelt. | 6. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk før anlegget blir sett i gong. | |
| | | 7. Synes framgangsmåten til SVV har vore dårleg då dei har bedt om dialog tidlegare. | 7. Det har vore dialog og synfaring på eigedomen i løpet av planprosessen. Synfaring vart utført 06.03.2017. Statens vegvesen forsøker å ha ein best mogeleg kontakt gjennom planprosessen, men på ei lang strekning med mange eigedomar er det vanskeleg å følgje opp alle i så stor utstrekning som grunneigarar gjerne ynskjer. Etter offentleg ettersyn har hatt ei synfaring 12.11.19 med grunneigar. | |
| | | 8. Etablert landbruksavkøyring for tilkomst til dyrka areal på vestsida då fv. 57 vart bygd. Finn ikkje denne att i høyringsutkastet, heller ikkje skildring av korleis denne skal erstattast. Må få svar på korleis dette skal løysast. | 8. Jordbruksavkøyrslene er vist stengt i plankartet. Eigedomen på nordaustsida av fylkesvegen har tilkomst via kommunal veg.<br><br>Jordbruksavkøyrsla | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | som ligg på sørvest sida av fylkesvegen vert stengt på grunn av trafikktryggleik. Avkøyrsla kan skape farlege situasjonar når vegen er ferdig utbygd. Vegen vil få ein anna standard enn den har i dag. Difor finn ein det naudsynt å stenga tilkomsten. Eventuelle ulemper knytt til stenginga med omsyn til lengre køyreveg eller vanskeleggjering av tilgangen til område på vestsida vil verte vurdert som ein del av grunnervervet i byggefasen.<br><br>9. Synfaring er gjennomført 12.11.19 der grunneigar vart orientert om prosjektet og vidare prosess. | |
| | | 9. Håpar på positiv dialog, og reknar med at innspela blir tatt med i det vidare arbeidet med planen. Ynskjer å møte SVV og Lindås Kommune for ny synfaring for å sjå på løysingar gjeldande område HopeKjeilen-Mongstad. | | |

| **Nr. 2 Plankart 13** | **Frå** | **Samandrag av merknader/innspel til 2. gongs offentleg ettersyn** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 126/7 | Liv Marit og Øyvind Hope | 1. Då FV57 vart bygd, tok Statens 10 mål av innmarka på bruket vårt. Mykje av dette ligg urørt på vestsida av vegen. Me har tidlegare peika at dette arealet må nyttast til den skisserte utvidinga. Me registrerer at det er ikkje teke omsyn til dette i høyringsutkastet. Me | 1. På strekninga frå Hope til Keilen-krysset er det tilrådd at arealinngrepet bør skje på austsida av eksisterande fv. 57 av omsyn til Hopsvatnet med tilhøyrande vassdrag. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | krev at dette arealet må nyttast framfor å ta meir areal frå oss på austsida.<br><br>2. Når det gjeld samfunnsøkonomi spør me om dette er god forvaltning av ressursar. Frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset går det ein kommunal veg. Kva er grunnen til at denne ikkje vert gjort om til gang og sykkelveg med opning for køyring til eigedommane og open for buss/skulerute? Kva argument det er for å leggje gang og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen frå | 2. Langs fv. 57 er det planlagt eit hovudtilbod for gåande og syklande langs fylkesvegen. Det er lite trafikk langs den kommunale vegen frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstadkrysset. Denne vegen kan framleis nyttast til blanda trafikk for dei som ynskjer det. Denne vegen kan også være ein del av eit mogleg byggetrinn om ein ikkje får finansiert utbygging av heile strekninga. Det er gjort ei vurdering av kor GS-veg skal ligge langs eksisterande fylkesveg. Det er vurdert ei løysing med gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesvegen, noko som vil medfører utfylling i Hopsvatnet. Ein har ut frå ei samla vurdering konkludert med at gang- og sykkelvegen skal ligge på austsida av eksisterande veg, i ei avveging mellom naturverdiar, dyrka mark m.m. og målpunkta langs gangog sykkelvegen. Det er utarbeida eit notat der desse vurderingane framkjem, jf. Notat Gang- og sykkelveg – Sidevurdering vedlegg 15. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | 3. Kolås krysset til Mongstad. Tidlegare Lindås kommune har tidlegare lagt fram planar for kryss/ rundkøyring ved skytebana på Hope og ny veg gjennom tunell til Mongstad. Korleis har de tenkt å knytte dette saman med denne planen?<br><br>4. Slik me tolkar det ligg huset vårt slik at me kjem innanfor raud sone når det gjeld støy. Vår tolking er at dette ikkje skal gjerast tiltak for i planen. Dette er heilt uakseptabelt.<br><br>5. Som me tidlegare har sendt innspel om, synes me framgangsmåten til | 3. Når det gjeld ny veg i tunnel til Mongstad sør må dette løysast i ev. ny plan for næringsområdet. Det ligg ikkje til detaljplan for gang- og sykkelveg langs fv. 57 å vurdere kryssløysing for framtidige næringsområde. Dette planarbeidet legg ikkje hindringar for etablering av nytt kryss til framtidig næringsareal i ein framtidig reguleringsplan, sjå også Notat Vurdering av kryss og veg frå Mongstad sør vedlegg 17 til planforslaget.<br><br>4. Eigedommen ligg i delvis raud- og gul støysone. For bustader vil støytiltak, avhengig av lydnivået ved dei einskilde bustadane, kunne innebere fasadetiltak, utskifting av vindauge, støydempa ventilar i yttervegg eller balansert ventilasjonssystem, og lokal skjerming av uteplass. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk i samband med byggeplan og før | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | SVV i denne saka har vore dårleg. Me har bedt om dialog, men det har vorte ignorert. No er det Fylkeskommunen som styrer. Forventar at me no blir kontakta for gjennomgang av konsekvensane dette prosjektet får for oss.<br><br>6. Då FV57 vart bygd, vart det etablert ei landbruksutkøyring. Dette for at me skal ha tilkomst til det dyrka arealet me har vest for vegen. Me finn ikkje denne att i høyringsutkastet. Heller ikkje beskriving av korleis denne skal erstattast. Me må her få svar på korleis dette skal løysast. De må her kalle inn til synfaring slik at dette kan diskuterast.<br><br>7. Ved å leggja traseen slik som vist i høyringsutkastet vil me tapa dyrka mark. Det er i planomtalen vist til at det er lite areal som vert berørt, men i forhold til det dyrka arealet me har på vår gard, vert det mykje for oss. Me har ikkje noko problem med at det vert nytta areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida, då dette alt | anleggsstart.<br><br>5. Det har vore dialog og fleire synfaringar med SVV og representantar frå Lindås/Alver kommune i prosessen.<br><br>6. Landbruksavkøyrsla til fv. 57 i nordaust er stengt på grunn av trafikktryggleik. Avkøyrsla kan skape farlege situasjonar når vegen er ferdig utbygd. Difor finn ein det naudsynt å stenga avkøyrsla. Eigedomen har tilkomst til fv. 57 via Litlåsvegen. Ein har fjerna stengesymbol for avkøyrsle til eigedom 126/7 vest for fv. 57. Her er det lagt inn avkøyrslepil ved pel 9180. Tilpassing og detaljering av avkøyrsel vil skje i byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.<br><br>7. Sjå kommentar under punkt 2. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | er eigd av vegmyndigheita.<br><br>8. Me ynskjer å møta Vestland fylke og Alver Kommune for ny synfaring, slik at me kan få sett på løysingar gjeldande vår eigedom | 8. Sjå kommentar under punkt 5.<br><br>Delvis tatt til følgje. Endring av plankart. | |

| **Nr. 2 Plankart 13** | **Frå** | **Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Uttale til klage - Landbruk** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|---|
| gbnr 126/7 | Liv Marit og Øyvind Hope | 4 hovudkrav vert sett fram i klagen:<br><br>Krav 1: <u>Unngå tap av dyrka mark.</u><br><br>Krav 2: <u>Landbruksutkøyring behaldast</u><br><br>Krav 3: <u>Unngå raud støysone for bustad</u><br><br>Krav 4: <u>Synfaring på klagars eigedom</u><br><br>Krav 1: <u>Unngå tap av dyrka mark.</u> Det kan nyttast areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida, då dette alt er eigd av vegmyndigheita. | Fylkeskommunen ynskjer generelt å vise til forslagsstillar sine kommentarar til merknader til 2.gongs høyring og offentleg ettersyn, der mange av punkta i klagen er kommentert.<br><br>Krav 1: <u>Unngå tap av dyrka mark.</u> Gang- og sykkelveg Fylkeskommunen ynskjer å presisera at det er gjort nøye vurderingar av valt løysing, i samsvar med krav til utforming av | Ved traseen forbi Hopsvatnet lyt ein sprengje og lage dels store skjeringar over lengre avstandar for å kome fram med g/s på austsida av fv 57.<br><br>Litleåsvegen, som går parallelt med og ligg aust for fv 57 og som tek av frå fv 57 ved Hope, òg kan nyttast som g/s i tillegg som tilkomstveg for eigedomane langs vegen. I nord endar Litlåsvegen ved Mongstadvegen som nett der ligg i Austrheim kommune før den mot Mongstad kjem inn i Alver kommune. Skuleelevar må uansett krysse fv 57 for å kome seg til skulen som ligg på vestsida | Denne eigedomen er den som blir mest råka av gang- og sykkelvegen. Slik klagarane skriv, så tapte dei mykje areal ved første utbygginga av fv. 57. Klagarane viser til ca. 10 mål av innmarksbeite som gikk tapt tidlegare.<br><br>Klagars krav er kommentert/ vurdert tidlegare i merknad til 3. gongshandsaming og 1 gong.<br><br>Det er ingen nye moment til klagen. Plan vert ikkje endra. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Krav 2: <u>Landbruksutkøyringa behaldast -</u> Avkøyrsle til 126/7<br><br>Landbruksutkøyrina gir tilkomst til det dyrka arealet vest for vegen. Denne forsvinn med ny plan. | reguleringsplan for veganlegg. Blant anna er det vurdert<br>• landskapsbilete<br>• nærmiljø og friluftsliv<br>• kulturmiljø<br>• naturressursar<br>• val av side for gang- og sykkelveg (vedlegg 15).<br><br>Valet om å legga gang- og sykkelvegen på austsida er basert på trafikktryggleik (unngå skifte av side), samt at ein ynskjer å unngå konfliktar med store miljøverdiar (utfylling i Hopevatnet) og kraftlinjer. Målpunkt som bustadområde, skule, idrettsanlegg, friluftsområde, etc. er vurdert opp mot tilgjenge til gang- og sykkelvegen, og sida med flest målpunkt er vurdert som best og mest trafikksikker for gåande og syklande.<br><br>Krav 2: <u>Landbruksutkøyringa behaldast -</u> Avkøyrsle til 126/7<u>-</u> Bygging av veg, enten det er nye veganlegg, etablering av gang- og sykkelveg eller utbetring av eksisterande veg, vil i nokre tilfelle | av fv 57 (Austrheim kommune).<br><br>Dersom det ikkje byggjast g/s langs Hopsvatnet for så å leie dei syklande/gåande inn på Litleåsvegen, så forstår Landbruk det slik at denne bruken ikkje utløyser krav om g/s langs denne vegen.<br><br>Landbruk savnar ei vurdering om Litleåsvegen kan nyttast som g/s.<br><br>Dette vil redusere massive inngrep i form av skjeringar og det vil redusere inngrepa i høve gbnr 124/7 samt redusere omdisponering av jordbruksareal.<br><br>Dersom alternativet med Litlesåvegen ikkje let seg gjennomføre (grunngjevinga bør dokumenterast ytteligare), ber Landbruk om at trasè langs Hopsvatnet vert konsekvensvurdert .<br><br>Konsekvensutredninga viser kor langt ut i vatnet ein lyt gå, innverknad på fisk og fuglehekking | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | føra til større eller mindre ulemper for grunneigarar langs vegen, ved at dei t.d. får endra tilkomsttilhøve eller må avgi grunn til vegføremålet. Vestland fylkeskommune har forståing for at dette er ein vanskeleg situasjon for dei det gjeld.<br><br>For gnr.126 bnr.7 dagens avkøyrsle med direkte tilkomst til fv.57 er planlagt stengt, noko som dessverre vil føra til ein omveg på 1,2 km. Stenginga er gjort med bakgrunn i trafikktryggleik. I vegplanar er det alltid eit mål å sanera avkøyrsler, då det er eit faktum at di fleire avkøyrsler det er langs ein veg, di høgare er ulukkesrisikoen.<br><br><u>Anna veggrunn – grøntareal:</u><br>Av plankartet kan ein sjå at på strekninga frå grensa mellom 126/7 og 126/49, og eit stykke forbi eksisterande avkøyrsle til 126/7, vert gang- og sykkelvegen planlagt lagt innafor eigedomsgrensa til fylkesvegen. Vidare vestover er det sjølve | med meir. Slik vert ulempene for vassdragsmiljøet synleggjort og då kan det betre vurderast opp mot konsekvensane for gbnr 126/7.<br><br>Landbruk har generelle merknadar til planen som også gjeld gbnr 126/7.<br><br><u>Oppsummert frå Landbruk:</u><br>I planen er det lagt stor vekt på konsekvensar for areala medan vurdering av driftsmessige ulemper for landbruket er fråverande.<br><br>Bandlegginga av areal langs fv 57 inneber at bruka mister tilgang til/får forverra tilkomst til bakanforliggjande areal og mellom driftsenter og landbruksareal. Det er såleis langt meir areal enn kva tekstdelen i planen synleggjer, som vert råka.<br><br>Dei som får slik redusert tilkomst, bør som avbøtande tiltak få tilgang til gang og sykkelsti (g/s) til transport. Det vil sei at g/s | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | gang- og sykkelvegen som vert liggande innafor grensa til 126/7, samt det som i planen er avsett som anna veggrunn – grøntareal. For areal avsett til annan veggrunn gjeld at dette er areal fylkeskommunen ynskjer å eiga.<br><br>Innafor anna veggrunn - grøntareal, er det avsett eit belte som kan nyttast til mellombels rigg- og anleggsområde. Dette er område som ikkje skal eigast av fylkeskommunen, men tilbakeførast eller settast i stand i samsvar med føremål.<br><br>Planen opnar altså opp for justeringar innafor areal avsett til samferdsleføremål. Det kan vera hensiktsmessig å gjera vurderingar kring dette i samband med byggeplan og prosjektering, t.d vurdering av 3 meter rabatt mellom gang- og sykkelveg kontra rekkverk. Systemskifter kan føra til ulukker, så for å få ei trafikksikker løysing må eventuelle endringar vurderast over lengre | må dimensjonerast til tømmerbiltransport og at det vert skilta at dette er lovleg transport. | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Krav 3:<br>Unngå raud støysone for bustad<br><br>Krav 4:<br>Synfaring på klagars eigedom | strekningar. Døme på systemskifte kan vera overgang frå gang- og sykkelveg med 3 m rabatt, til gang- og sykkelveg med rekkverk.<br><br>Krav 3:<br>Raud støysone for bustad<br>For støy vert det vist til støyrapport i vedlegg 3, samt føresegnene §5.1.3. Utklipp under er henta frå rettleiar til T-1442/2021: Det er ikke nødvendig, og heller ikke hensiktsmessig, å skrive inn konkrete avbøtende lokale tiltak i bestemmelsene. Grunnen til dette er at det normalt ikke gjennomføres befaring av private eiendommer i forbindelse med konsekvensutredninger, eller på reguleringsplannivå. Inntil det er gjort befaring på eiendommene og prosjektert lokale tiltak er det derfor usikkerhet knyttet til støynivå innendørs og på privat uteplass, hvilken effekt som kan oppnås av lokale avbøtende tiltak og hvordan disse best kan utformes. Basert på dette, ser me det som mest | | Krav 4:<br>Synfaring på klagars eigedom<br>Synfaring er gjennomført ved 1. gongs |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | hensiktsmessig å venta med konkrete tiltak til byggeplanfasen. | | handsaming av planen.<br><br>Ny synfaring med kommunen finn stad før APM møte den 07.09.2022. |

**Klagar nr. 3 - Rita Waagenæs – gbnr 116/79**

Kart/foto – plankart 8 og ortofoto – gbnr 116/79

Plankart 8



Utsnitt av plankart 8 – vedlagt klagen.
Ønske om å få 3 parkeringsplassar erstatta ved å planere og utvide dagens plass utanfor garasje. Mogleg behov for mur opp mot ny fylling frå FV57, se rødmarkeringa på skisse.




Ortofoto Alver 2020 – gbnr 116/79




| **Nr. 3 Plankart 8** | **Frå** | **Samandrag av merknader/innspel til oppstart reguleringsplan** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 116/79 | Rita Waagenæs | - | - | - |

| Nr. 3 Plankart 8 | Frå | Samandrag av merknader/innspel til 1. gongs offentleg ettersyn | Kommentar - Vestland fylkeskommune | Kommunedirektørens si vurdering |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 116/79 | Rita Waagenæs | - | - | - |

| Nr. 3 Plankart 8 | Frå | Samandrag av merknader/innspel til<br>2. gongs offentleg ettersyn | Kommentar - Vestland fylkeskommune | Kommunedirektørens si vurdering |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 116/79 | Rita Waagenæs | 1. Ny vei SV52 fra FV57 til eiendom må stoppe ved dagens asfalterte vei, ca., ved eiendomsgrense, se blåmarkert på skisse. Utkjørsel fra garasje er mot vest og FV57, og må ha tilsvarende plass som i dag til utkjøring.<br><br>2. Parkeringsplasser ved dagens avkjørsel fra FV57 vil bli fjernet ved utbygging. Plassen har mulighet for oppstilling av 3- biler. Disse plassene må erstattes ved å planere og utvide dagens plass utenfor garasje.<br><br>3. Mulig behov for mur opp mot ny fylling fra FV57, se rødmarkering på skisse. | 1. Etter innspel frå grunneigar av gnr. 116 bnr. 30 og 32 har ein endra veg SV52 (merknad 12). Tilpassing av veg SV52 frå eigedomsgrense og til garasje på eigedom kan løysast i byggeplan. Det er lagt inn ein merknad om dette i Notat til byggeplan, sjå vedlegg 16.<br><br>2. Ny fv. 57 er heva og dagens parkeringsplass vil derfor ligge under ny GS-veg. Det vil også kome eit autovern på staden. Tap av areal og ei ev. erstatning vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.<br><br>3. Mindre tilpassingar av veg SV52 og o_SVG1 vil løysast i byggeplan.<br><br>4. Det vil vere mogleg å gå i anna vegareal | Kommunedirektøren tar dette til orientering.<br><br>Endeleg løysing blir løyst på byggeplan. Samt at eventuelle tap blir kompensert og tatt i samband med grunnerverv |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | 4. Det er ønskelig med en gangsti fra ny bussholdeplass og ned til huset, se svartmarkering på skisse | o_SVG1 til busshaldeplass. Det vil ikkje verte regulert og etablert eige gangareal til busshaldeplass.<br><br>Delvis tatt til følgje. Endring av plankart. | |

| Nr. 3 Plankart 8 | Frå | Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan | Kommentar - Vestland fylkeskommune | Uttale til klage- Landbruk | Kommunedirektørens si vurdering |
|---|---|---|---|---|---|
| gbnr 116/79 | Rita Waagenæs | Krav 1:<br>Tre biloppstellingsplassar vert opparbeida.<br><br>Krav 2:<br>Mogleg behov for mur opp mot ny fylling frå Fv.57<br><br>Klagar finn det urimeleg at det ikkje opparbeidast tilsvarande parkeringsplassar ved garasje på eigedom 116/79 som kompensasjon.<br><br>Parkeringsplassane må bli i området kor ny veg SV52 er teikna inn i eigedom 116/69. At det blir planert og evt. satt opp ein mur mot skjeringa frå ny busslomme. | Vestland fylkeskommune viser til fylgjande:<br><br>Føresegnene § 4.2.1, bokstav b), siste setning, der det heiter at det er tillate med innbyrdes justering mellom samferdselsformål i horisontal og vertikalgeometri.<br><br>Kommentarar til Waagenes sin merknad til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:<br>o Tap av areal og ei ev. erstatning vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.<br>o Mindre tilpassingar av veg SV52 og o_SVG1 vil | - | Det ikkje er vanleg å gå nærare detalj om utforming på dette stadiet. Dette blir tatt på byggeplan slik Vestland fylkeskommune skriv.<br><br>Klagars krav er kommentert/ vurdert tidlegare i merknad til 3. gongshandsaming.<br><br>Det er ingen nye moment til klagen. Plan vert ikkje endra. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | løysast i byggeplan.<br><br>Vedlegg 16, Notat innspel til byggeplanfasen, pkt 4.4 avkøyrsler:<br><br>Avslutning av veg SV52 til eiendom gnr. 116 bnr. 79 må tilpasses utkjøring fra eiendom og garasje.<br><br>Samla sett vurderar fylkeskommunen det slik at det i samband med byggeplan og grunnerverv vil kunne gjerast justeringar, og at ein kan finna ei løysing som er tilfredsstillande for begge partar. | | |

**Klagar nr. 4 - Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3**

Kart/foto – plankart 4 og 5 samt ortofoto – gbnr 117/3

Plankart 4



Plankart 5



Gardskart – gbnr 117/3




Ortofoto Alver 2020 - gbnr 117/3



| **Nr. 4 Plankart 4 og 5** | **Frå** | **Samandrag av merknader/innspel til oppstart reguleringsplan** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 117/3 | Harry Michal Rosnes, 12.02.2015 | I – Uakseptabel yttergrense for prosjektet ved Rosnes, spesielt vestleg yttergrense. Vesentlege øydeleggingar av jordbruksareal for landbrukseigedomar i drift og rasering av fleire jordbrukseigedomar (til dømes 117/3).<br><br>II – Lett å byggje g/s-veg på austsida av køyrevegen. Følgje tilnærma hovudvegen sin trasé og endre litt på eksisterande køyrebane. Vedlagt kart viser forslag til ny vegtrasé<br><br>III – Nødvendig utbering av avkøyrselen på Rosnes Midt. Framleis farleg etter nedsetting av fartsgrensa.<br><br>IV – Samordning av avkøyrselen på Rosnes Sør med avkøyrselen på Rosnes Midt samt bruk av g/s-vegen som tilkomstveg til Rosnes Sør, bør vurderast for å betre trafikkforholda.<br><br>V – Plassering av haldeplassane er ikkje trafikksikker. | Merknaden er vurdert og er i stor grad teke i vare i planen.<br><br>I – Grensen som var sendt ut var ein varslingsgrense, ikkje ein prosjektsavgrensing. | - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | Passasjerar må krysse vegbane og bussar klarer ikkje å stoppe. Litt betre forhold etter nedsetting av fartsgrensa. Vedlegg: Kartskisse | | |

| **Nr. 4 Plankart 4 og 5** | **Frå** | **Samandrag av merknader/innspel til 1. gongs offentleg ettersyn** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 117/3 Plankart 4 og 5 | Harry Michal Rosnes | - | - | - |

| **Nr. 4 Plankart 4 og 5** | **Frå** | **Samandrag av merknader/innspel til 2. gongs offentleg ettersyn** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 117/3 | Harry Michal Rosnes | 1. Er eigar av landbrukseigedom gnr. 117 bnr. 3 som er i drift, med innmark, beite og utmark på begge sider av Fv 57. To landbruksavkøyrsler er stengt - Stemmestølen og Storagjerdet. Det er betydelege driftsulemper knytt til fjerning. Føreset at tilsvarande landbruksavkøyrsle med tilhøyrande landbruksveg vert etablert som i dag.<br><br>2. Har vassforsyning frå brønn, vist i vedlagt kart. Antar at eventuell ny fjellsprenging for etablering av ny Fv 57 lett kan medføre at brønnen mister vatnet. Meiner det er hensiktsmessig å legge rør gjennom Fv for | 1. Det er tilgang til bruk 117/3 i vest via avkøyrsle f_SKV6. Tilgang til 117/3 i aust er via veg f_SV16 og køyring på GS-veg. Del av dei mindre landbruksteigane 117/3 ved Rossnesvågen og Tjukkhetlevatnet er avsett til køyreveg SKV og anna veggrunn SVG samt midlertidig bygge- og anleggsområde. Ev. erstatning for tap av areal vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.<br><br>2. Eventuelle erstatning for ev. tap av vassforsyning vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv. | Tatt til orientering. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | vassforsyning til offentleg vassleidning.<br><br>3. Avkøyrsel som i planen er avsett som erstatning for sjøtilkomst til fleire bruk på Rosnes er i dag ei betydeleg trafikkfelle. Vil føre til betydeleg trafikkauke. Plasseringa bør verte vurdert på nytt. Avkøyrsla bør flyttast lenger syd, godt syd forbi dagens avkøyrsel. Ser ikkje om noverande sjøveg kan nyttast som gangveg, men føreset dette.<br><br>4. Plassering av busshaldeplassar på Rosnes midt bør vurderes på nytt for å oppnå betre siktforhold med en intensjon om å minimalisere og redusere farepotensial ved kryssing av veg.<br><br>5. Avkjørsle Rosnes midt bør vurderes på nytt. | 3. Avkøyrsle f_SV18 er retta opp og sikt er tilstrekkeleg slik at trafikktryggleik er ivaretatt. Ein kan tilpasse bruk av eksisterande sjøveg som gangveg til ny GSveg. Dette er kommentert i notat til byggplanfasen, sjå vedlegg 16. Ny køyrbar veg til naustområde er tilrettelagt, men må kostast av grunnleigerar.<br><br>4. Busshaldeplassane er prosjektert etter krav i Statens vegvesen sine handbøker. Busshaldeplassar på vegstrekninga har tilstrekkeleg sikt og er trafikksikre.<br><br>5. Ny avkøyrsel f_SKV6 er retta opp og sikt er tilstrekkeleg og avkøyrsla er trafikksikker.<br><br>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget. | |

| **Nr. 4 Plankart 4 og 5** | **Frå** | **Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan** | **Kommentar - Vestland fylkeskommune** | **Uttale - Landbruk** | **Kommunedirektørens si vurdering** |
|---|---|---|---|---|---|
| gbnr | Harry | Krav 1: | Krav 1: | | Krav 1: |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 117/3 | Michal Rosnes | Oppretthalde 2 avkøyrsler frå «Storagjerdet» og «Stemmestølen» | Oppretthalde 2 avkøyrsler frå «Storagjerdet» og «Stemmestølen»<br><br>Kommentar til merknad til 2.gongs høyring og offentleg ettersyn:<br><br>*Det er tilgang til bruk 117/3 i vest via avkøyrsle f_SKV6. Tilgang til 117/3 i aust er via veg f_SV16 og køyring på GS-veg. Del av dei mindre landbruksteigane 117/3 ved Rossnesvågen og Tjukkhetlevatnet er avsett til køyreveg SKV og anna veggrunn SVG samt midlertidig bygge- og anleggsområde. Ev. erstatning for tap av areal vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.*<br><br>For den delen av 117/3 som er omtalt som Stemmestølen, er det meste av dette arealet avsett til anna veggrunn og mellombels rigg- og anleggsområde. Anna veggrunn er areal som Vestland fylkeskommune ynskjer å eiga. Det har ikkje lete seg gjera å få tilkomst direkte frå fylkesvegen | | Oppretthalde 2 avkøyrsler frå «Storagjerdet» og «Stemmestølen<br><br>Klagars krav er kommentert/ vurdert tidlegare i merknad til 3. gongshandsaming.<br><br>Det er ingen nye moment til klagen. Plan vert ikkje endra. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Krav 2:<br>Forbehold om skader på eksisterande brønn og vannforsyning | til arealet, og erstatning for tapt areal og skog vil då bli ein del av grunnerverv. Dersom grunneigar ynskjer, kan det gjerast avtale om uttak og bruk av skog når tiltaket skal gjennomførast.<br><br>For området omtalt som Storagjerdet, vil også store deler av dette området verta avsett til anna veggrunn og mellombels rigg- og anleggsområdet. Her vil det bli lagt til rette for tilkomst via gang- og sykkelveg.<br><br>Krav 2:<br>Forbehold om skader på eksisterande brønn og vannforsyning<br><br>Dersom etablering og drift av ny fv.57 fører til skade på vassforsyning frå eksisterande brønn til driftsbygning og våningshus, vil dette vera grunnlag for erstatning. | | |

**Klagar nr. 5 - Karstein Stene – gbnr 116/36**

Kart/foto – plankart 7 og ortofoto – gbnr 116/36



Ortofoto Alver 2020 – gbnr 116/36




| Nr. 5 Plankart 7 | Frå | Samandrag av merknader/innspel til oppstart reguleringsplan | Kommentar - Vestland fylkeskommune | Kommunedirektørens si vurdering |
|---|---|---|---|---|
| gbnr | Karstein | Ingen merknad/innspel | - | - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 116/36 | Stene | | | |

| Nr. 5 Plankart 7 | Frå | Samandrag av merknader/innspel til 1. gongs offentleg ettersyn | Kommentar - Vestland fylkeskommune | Kommunedirektørens si vurdering |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 116/36 | Karstein Stene | Ingen merknad/innspel | - | - |

| Nr. 5 Plankart 7 | Frå | Samandrag av merknader/innspel til 2. gongs offentleg ettersyn | Kommentar - Vestland fylkeskommune | Kommunedirektørens si vurdering |
|---|---|---|---|---|
| gbnr 116/36 | Karstein Stene | Ingen merknad/innspel | | |

| Nr. 5 Plankart 7 | Frå | Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan | Kommentar - Vestland fylkeskommune | Uttale - Landbruk | Kommunedirektørens si vurdering |
|---|---|---|---|---|---|
| gbnr 116/36 | Karstein Stene | 1. <u>Krav til to parkeringsplassar avsett til framtidig naust.</u> | <u>1. Krav til to parkeringsplassar avsett til framtidig naust.</u><br>Det er sikra tilkomst til eigedommen 116/36 via f_SV59 (og gangvegen som går vidare) jamfør føresegnene, §4.2.2 h):<br>*Veg f_SV59 (plankart 9) skal vere felles for gnr. 116 bnr. 5, 27, 36, 38.*<br><br>I vedlegg 16 «Innspel til byggeplanfasen», er område merka med f_SVG10 avsett til parkeringsplassar.<br><br>Tal parkeringsplass | - | 1. Det er eit detaljplankrav på området til klagar. Klagar må anten utarbeide detaljplan eller søkje dispensasjon frå plankravet for oppføring av naust.<br><br>I fv. 57 planen er det ikkje satt av parkeringsplassar til denne eigedomen. Det er krav til parkeringsplass når klagar skal utarbeide ein detaljplan, evt. søke dispensasjon for oppføring av naust.<br><br>Fylkeskommunen har svart at det er plass til å avsette parkeringsplass til denne eigedomen når dei går i gang med byggeplan.<br><br>Klagar har tilkomst til eigedomen. Det er vanleg at klagar sjølv opparbeider parkeringsplass til naust i samband med ein |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | ar skal vurderast i byggeplanfasen. | | framtidig reguleringsplan/dispensasjon.<br><br>Kommunen legg til grunn at klagar bør bli sikra ein parkeringsplass til naustet no. Dette kan løysast på byggeplan slik fylkeskommunen skriv. |

**Konklusjon**

Etter ein konkret heilskapleg vurdering, så er planen vurdert å vere noko inngripande overfor grunneigarane, der gbnr 126/7 truleg vert hardast ramma. Styrken av samfunnsinteressene er likefullt vesentlege målt opp mot grunneigars interesse. Planen må gis forrang og vert ikkje endra.

Det er kommunaldirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagene skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

**Aktuelt regelverk**

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse

frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 12.08.2022 | Uttale frå landbruksavdeling til klage på reguleringsplan for Fv 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad-Mongstad | 1784971 |
| 10.06.2022 | Vurdering av klager på vedtatt reguleringsplan - gang- og sykkelveg fv. 57 Lindås tettstad-Mongstad | 1752872 |
| 19.05.2022 | Klage på detaljreguleringsplan for Fv. 57 med gang- og sykkelvei fra Lindås til Mongstad | 1741278 |
| 16.05.2022 | Klage til vedtatt plan Fv. 57 med gang- og sykkelveg - Lindås tettstad Mongstad som gjeld eigedom 11/79 Alver | 1739717 |
| 13.05.2022 | Klage på reguleringsplan Fv. 57 - gang-/sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad | 1738971 |
| 11.05.2022 | Klage på Detaljregulering for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, PlanId. 1263 201407 | 1737488 |
| 04.05.2022 | Klage på Reguleringsplan for Fv.57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad | 1734199 |
| 08.04.2022 | Reguleringsplan for Fv.57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad - 3. gongshandsaming - vedtak av plan | 1616691 |
| 14.03.2022 | Vedlegg 1 - Planskildring | 1706330 |
| 14.03.2022 | Vedlegg 2 - Føresegner | 1706331 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 3 - Plankart 1-14 | 1706332 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 4 - Støyrapport | 1706333 |
| 14.03.2022 | Vedlegg 5 - Fagrapport - Naturmiljø | 1706334 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 6 - Fagrapport Økosystem i ferskvatn | 1706335 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 7 - Fagrapport Marinkartlegging | 1706336 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 8 - Fagrapport Naturressursar | 1706337 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 9 - Fagrapport Kulturminner og kulturmiljø | 1706338 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 10 - Rapport - Nærmiljø og friluftsliv | 1706339 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 11 - Geoteknisk rapport Statens vegvesen | 1706340 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 12 - Ingeniørgeologisk rapport | 1706341 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 13 - Rigg og marksikringsplan | 1706342 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 14 - Faseplaner | 1706343 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 15 - Notat - Sidevurdering Gang- og sykkelveg | 1706344 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 16 - Notat innspill byggeplanfasen | 1706345 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 17 - Støysonekart | 1706346 |
| 10.03.2022 | vedlegg 18 - Plan og profilteikningar | 1706347 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 19 - Profilteikningar | 1706348 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 20 - Normalprofil | 1706349 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 21 - Landskapsplan | 1706350 |
| 14.03.2022 | Vedlegg 22 - VA plan | 1706351 |
| 14.03.2022 | Vedlegg 23 - Samlefil innkomne merknader 2.gons offentleg ettersyn | 1706352 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 24 - Merknadsskjema og endringsskjema - 2 gongs offentleg ettersyn 20.08.2021 | 1706353 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 26 - ROS-analyse | 1706355 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 27 - Presentasjonsmodell | 1706356 |
| 10.03.2022 | Vedlegg 28 - Begrunning for linjeforing ved Hellestveit | 1706357 |
| 14.03.2022 | Vedlegg 25 - VA rammeplan | 1706605 |
| 11.03.2022 | Vedlegg 29 - Saksframlegg 1. gongshandsaming | 1706660 |
| 11.03.2022 | Vedlegg 30 - Saksframlegg, 2. gongshandsaming | 1706661 |
| 14.03.2022 | Vedlegg 31 - Vurdering av merknader etter 2. gongshøyring | 1706678 |
| 29.08.2022 | Plankart 3 - reguleringsplan for Fv.57 | 1790982 |

| | | |
|---|---|---|
| 29.08.2022 | Plankart 13 - reguleringsplan for Fv.57 | 1790983 |
| 29.08.2022 | Plankart 8 - reguleringsplan for Fv.57 | 1790984 |
| 29.08.2022 | Plankart 4 - reguleringsplan for Fv.57 | 1790985 |
| 29.08.2022 | Plankart 5 - reguleringsplan for Fv.57 | 1790986 |
| 29.08.2022 | Plankart 7 - reguleringsplan for Fv.57 | 1790987 |
| 31.10.2022 | Svar på spørsmål - klage på reguleringsplan - Fv.57 - gang og sykkelveg - Lindås tettstad - Mongstad - Alver kommune (L)(866471) | 1826243 |
| 31.10.2022 | Spørsmål og invitasjon til utgreiing i møte for Utval for areal, plan og miljø - Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad (L)(850196) | 1826343 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-122, TI-&37, TI-&01 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 03.11.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 115/22 | Alver formannskap | 10.11.2022 |
| 156/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2024 - 2027**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommune prioriterar tilrådingane til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024 -2027 slik det er lagt fram i saka.

**Alver formannskap 10.11.2022:**
**Handsaming:**
**Tilleggsframlegg frå L.Johnsen-MDG:**
Arbeidet med strategiplan for miljøløftprosjekt i Alver må prioriterast, starte opp og gjerast ferdig snarast.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (N.Øvreås-FRP, A.Byrknes-KRF, L.Johnsen-MDG, S.Knudsen-SP og M.Færø-uavh.)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 115/22 innstilling:**
Alver kommune prioriterar tilrådingane til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024 -2027 slik det er lagt fram i saka.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**SAKSUTGREIING**

**Saka gjeld**

Denne saka gjeld den årlege prioriteringa av prosjekt som Alver kommune vil legge inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram, no for perioden 2024 –2027, og til dei tilhøyrande belønningsmidlane for 2022 og 2023.

Organisering, prinsipp og prosess for innspel av prosjekt til Miljøløftet vart gjennomgått som bakgrunn i sak KO-020/22.
Formannskapet vart som styringsgruppe orientert den 6. oktober 2022, om mogelege innspel i høve den årelege rulleringa av handlingsprogrammet i Miljøløftet, no for perioden 2024 – 2027.

Denne saka gjeld altså den vidare politiske handsaminga av dette framlegget. Med bakgrunn i det politiske vedtaket her vil det bli utarbeidd og sendt inn prosjektark i Miljøløftet for tiltaka. Desse vert handtert og vurderte i Miljøløft-organisasjonen, og tilrådde prosjekt vert

så lagt inn i  handlingsprogrammet for Miljøløftet 2024 -2027,  som så vert sendt inn med søknad om finansiering i statsbudsjettet for 2024.

**Bakgrunn**

Alver kommune vedtok å vere med i byvekstavtalen i februar 2020. Det er nullvekstmålet for personbiltrafikk som ligg til grunn for avtalen. Gjennom avtalen vil kommunen i avtaleperioden få kr 29,5 mill i snitt til gang- og sykkelvegprosjekt langs riksveg, fylkeskommunal veg eller kommunal veg (Statsbudsjettet, post 30). I tillegg får kommunen kr 2,46 mill (+ indeksregulering) per år i belønningsmidlar som kan brukast på eit noko vidare omfang innan tema.

Så langt i avtaleperioden har Alver kommune mottatt omlag kr 55 mill til utbygging av gang- og sykkelveg. Dette fordeler seg på følgjande prosjekt:

- Fv5308 Utbetring av Sagstadvegen g/s-veg – kr 28 mill
- Fv5476 Kvamsbrekko – kr 12 mill
- Regionsenteret Knarvik, Kv1023, Kv1056 – kr 10,5 mill
- Regionsenteret Knarvik, gangveg mellom Helsehuset og Såtabu-området – kr 4,1 mill
- Frekhaug, Mjåtveitvegen – 1 mill

Vestland Fylkeskommune er byggherre for den pågåande utbygginga av Kvamsbrekko og den framtidige utbygginga av Sagstadvegen. Fylkeskommunen har varsla at Sagstadvegen vil få ei vesentleg høgare byggekostnad enn tidlegare vurdert og vil kome tilbake til dette. Dei to prosjekta i Knarvik har ein moderat ekstrakostnad, noko som er innmeld til Miljøløftet.

I sak 97/22 vedtok kommunestyret å melde inn følgande prosjekt til handlingsprogrammet for 2023 -2026:

- Fv5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
- Fv5456, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen

- Fv5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri
- Fv5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen.

Prosjekta er for tida til økonomisk og framdriftsmessig justering hjå Vestland fylkeskommune som byggherre, og det er nyleg gjeve signal derfrå om at det vil bli justeringar i kostnad og tid ved vidareføring av desse prosjekta inn i  handlingsplanen for 2024 – 2027. Fylkeskommunen har signalisert at kommunen bør bidra med midlar til detaljregulering på Seim, dette arbeidet bør gjennomførast i 2023. Det er allereie sett av belønningsmidlar til ei slik regulering. Kommunedirektøren legg til grunn at desse prosjekta vert vidareført i Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2024 – 2027.

**Prioritering av nye anleggsprosjekt 2024 -2027**

Kommunedirektøren la fram ei portefølje av mogelege prosjekt i styringsgruppemøte 6. oktober i år. Vidare vart det her foreslege eit utdrag for over aktuelle prosjekt for gjennomføring i 24 – 27 og ei liste/utdrag over prosjekt for vidare utgreiing for seinare, mogeleg utbygging. Det er forventa at utgreiingsarbeidet vil dokumentere trong for reviderte eller nye reguleringsplanar.

Ettersom dagens byvekstavtale og dermed finansieringsopplegget for Alver på samla omlag 350 millionar kroner går ut i 2029, er det viktig å sikte seg inn på ein slik sum for ferdigstilling av eit totalprosjektomfang i Alver på denne tida. Det er derfor viktig å legge ein langsiktig plan for kva prosjekt Alver skal prioritere dei neste åra. Kommunedirektøren vil legge fram eit forslag til ein langsiktig plan for formannskapet i løpet av 2023.

Etter dialog med Vestland Fylkeskommune vil kommunedirektøren tilrå at følgjande nye

utbyggingsprosjekt vert lagt inn som kommunen sitt investeringsframlegg i Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2024 – 2027:

- Fv 565 Manger kyrkje – Hesthaugen, fortau, bygging, førebels kostnadsramme/estimat: 2 mill
- Fv 565 Alverstraumen, snuplass for buss, alt. rundkøyring Hilland, utgreiing og tilskot til bygging, estimat: 5 mill
- Knarvik, G/S-vegar i Knarvikplanen og ved Nh-hallen, bygging, estimat: 16 mill

I tillegg legg kommunedirektøren til grunn at finansiering av Sagstadvegen vert vidareført i handlingsprogrammet.

Staten sine krav til avklarande prosessar i det einskilde prosjekt er krevjande når de gjeld å fastsette tidspunkt for gjennomføring, og dermed også framlegg til budsjettering det einskilde år i budsjettperioden. Dette vert imidlertid arbeidd med og vil bli meir avklart før innsending av søknads- og budsjettframlegget via Miljøløftet no i 2022.

**Belønningsmidlar**

I tillegg til dei reine anleggsmidlane på i snitt 29,5 millionar årleg, har også Alver kommune ein årleg sum på 2,46 millionar ( i 2019-kroner) i belønningsmidlar som kan brukast på eit noko vidare omfang innan tema, mellom anna:

- Planarbeid og prosjektering
- Utgreiingar
- Kampanjar
- Ruteproduksjon kollektiv
- Fysisk utbygging
- Utstyr
- Tilskotsordningar

Kommunedirektøren har utarbeidd følgande liste av mogelege prosjekt og prosessar som vert tilrådd finansierast av belønningsmidlane for åra 2022 og 2023:

**Utgreiingar** som grunnlag for eventuell reguleringsplan og med sikte på mogeleg anleggsutføring i siste del av dagens byvekstavtale, dvs. fram mot 2029:

- Fv 565 Hilland til Austmarka G/S-veg, utgreiing, evt. i samarbeid med Nh.pakken
- Fv 564 Holme – Sandskaret utgreiing, evt. i samarbeid med Nh.pakken
- Kv1163 Fosseskarvegen G/S-veg øvre Fosse - Sagstad skule, utgreiing

Kostnad, eksternt og internt samla estimat: kr 1 mill.

**Utgreiing BLOXX**

- Mogeleg etablering av miljøbase ( BLOXX) på Frekhaug v/BUA, evt. andre stader, utgreiing av etablering og drift.

Interne kostnader, estimat : 100'.

**Innfartsparkeringar**

- Plan/forprosjekt og utgreiingar i samband med arealdelen av kommuneplanen.

Estimat: 500'.

**Mobilitet**

- Nye mobilitetsløysingar i spreidd busetnad, - subsidiere oppstart/drift. Samarbeid med Skyss i arbeidet med regional mobilitetsstrategi
- Ringbuss Alversundområdet – Frekhaugområdet (matebuss båt), støtte drift av

prøveprosjekt

Samla estimat: 1 mill.

**Sykkelpakke**
- Trygg sykkelparkering (elsyklar), fysisk etablering fleire stader i kommunen.
- Sykkel, motivasjonstiltak for innbyggjarane
- Sykkelservice, gratis/subsidiert for innbyggjarane.
- Innkjøp av elsyklar på nokre kommunale arbeidsplassar, prøveprosjekt.

Samla estimat for sykkelpakke: 1 mill

**Bildeleordningar**
- Oppretting av ulike bildeleordningar, utgreiing, internkostnad.

Estimat: 50'.

**Sekkepost for trafikksikring**
Sikring/trygging av mjuke trafikkantar.
- Vegrekkverk,
- Veglys, særleg ved busshaldeplassar og G/S vegar

Samla estimat: 500'

Samla utgjer desse framlegga om lag 4,1 mill. Innestående belønningsmidlar til og med forventa utbetaling i 2023 utgjer om lag 6,8 mill (indeksregulert). Formannskapet har tidlegare vedteke at inntil 2,5 mill av desse skal settast av til reguleringsarbeid for G/S-prosjekta på Seim og på Ostereidet.
Resterande beløp vert då om lag 0,2 mill som er tidlegare vedteke nytta innan tilrettelegging for sykkel og med visning til vedteken sykkelstrategi for Alver.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 03.11.2022 | Miljøløftet i Alver | 1828832 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> PlanID-46312022001, Plannavn-Kommuneplanen sin arealdel for Alver, Komnr-4631, FA-L13 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 19.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 138/22 | Utval for areal, plan og miljø | 09.11.2022 |
| 157/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver kommune-Framlegg til vedtak etter høyring og offentleg ettersyn**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 vedtek kommunestyret planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver, med dei endringane som kjem fram i tabell 1, under kommunedirektøren si tilråding.

**Utval for areal, plan og miljø 09.11.2022:**
**Handsaming:**
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Tilleggsframlegg frå Sveinung Toft-V:**
*Arealdelen vert lagt fram til 1. gongs høyring innan 1. oktober 2023.*
Framlegget vart samrøystes vedteke.

**APM- 138/22 Vinnstilling:**
I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 vedtek kommunestyret planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver, med dei endringane som kjem fram i tabell 1, under kommunedirektøren si tilråding. Arealdelen vert lagt fram til 1. gongs høyring innan 1. oktober 2023.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Saka gjeld**
Utval for areal, plan og miljø vedtok den 15. juni 2022 oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin arealdel til høyring og offentleg ettersyn.

Planprogrammet viser føremål med planen, kva tema som skal vurderast, utgreiingsbehov, organisering, opplegg for medverknad og framdriftsplan. Alle planar med vesentleg verknad for miljø og samfunn skal ha eit planprogram, jf. plan- og bygningslova § 4-1.

Planprogrammet har vore til høyring og offentleg ettersyn i perioden 24. juni til 15. september 2022. På same tid som planprogrammet var ute til høyring, var det innspelsperiode for sjølve planarbeidet.

Saka omhandlar innspel til planprogrammet, framlegg til endringar, og endeleg vedtak av planprogrammet.

**Saksopplysningar**

**Bakgrunn:**

Om innspel til planarbeidet
Det har kome inn om lag 500 innspel. Hovuddelen er innspel til sjølve planarbeidet (i hovudsak konkrete arealinnspel). Handsaming av desse innspela vert gjennomført i ein eigen prosess.

I nokre tilfelle er det opent for tolking om eit innspel er relevant for planprogrammet eller ikkje. Fleire av innspela i merknadsskjema er tatt med både som innspel til planprogrammet og som innspel til planarbeidet. Innspel som i merknadsskjema er markert med grå farge «Tatt til orientering», er tema som vert vurdert i planarbeidet.

Planprogrammet har vore sak i alle råd og utval. Uttale frå råd og utval er summert opp og kommentert i merknadsskjema.

Kommunedirektøren vil i den politiske saka samanfatte og kommentere nokre av dei tema som er omtalt i merknadane. Innspel frå nokre utvalde offentlege mynde er kommentert meir i detalj. Vestland fylkeskommune og Statsforvaltar fekk utsett frist til 22. september. Kommunedirektøren sin tilråding til endringar i planprogrammet er summert opp i tabell 1 Kommunedirektøren sine f*ramlegg til endringar i planprogrammet etter høyring og offentleg ettersyn.*

Medverknad
For å sikre at flest mogleg skulle få med seg at kommuneplanen sin arealdel er i prosess, er det gjennomført eit omfattande kommunikasjonsarbeid, med følgjande hovudaktivitetar:

- Utsending av høyringsbrev i foreningsportalen ( ca. 350 lag og organisasjonar)
- Annonser i lokalavisene; både i papirutgåve og digitale annonser. Det har vore to rundar med annonser, i juni og august/september
- Utsending av infoskriv frå ressurspersonar (t.d. landbruk og næring)
- Annonse på facebook
- SMS til alle innbyggjarar med adressepunkt i kommunen

Basert på omfang av innkomne innspel og attendemelding frå innbyggjarar, er det grunnlag for å meine at vi har lykkast med å nå ut med informasjon.

**Vurdering:**
Vedlagte merknadsskjema gjev ei oppsummering av alle innspel til planprogrammet. I merknadsskjema ligg det lenke til kvart enkelt innspel. I denne vurderingsdelen vil kommunedirektøren kommentere og vurdere nokre av innspela som er kome inn. Denne delen er delt inn i fire bolkar. Dei tre første handlar om merknadar som er kome inn i høyringsperioden og den siste handlar om kommunedirektøren si særskilte vurdering av framdrift og risiko.

1. **Hovudtema frå dei offentlege instansane, med særleg vekt på innspel frå Statsforvalteren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen**

Parallell høyring av planprogram og innspelsperiode

Innspel frå Statsforvaltar at det er uryddig at det er invitert til innspel til arealdelen på same tid som planprogrammet er på høyring.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Det er gjort eit val å ha planprogram på høyring på same tid som det er invitert til å gje innspel til planarbeidet. Det er vanleg praksis i mange kommunar å gjennomføre desse prosessane parallelt. Det er  stram framdrift på planarbeidet og dette grepet er tidssparande.

Satsing på sentra og spreidd busetting (LNF-spreidd bustad)

Statsforvaltaren, Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen er negative til bruk av LNF-spreidd bustad. Dei peiker på at planprogrammet må ha eit aktivt forhold til målkonfliktane ved både satse på sentera og ta vare på og styrke kvalitetane ved spreidd busetting. Peiker på at veksten (80 %) i hovudsak skal skje i Knarvik. Sentrale stikkord er manglande høve til å få på plass gode løysingar for mjuke trafikantar, uheldig for folkehelsa, auke i kostnader for kommunen (eldreomsorg, skuleskyss og anna infrastruktur) og at LNF-spreidd bustad kan vere i strid med «Statlege planretningslinjer for bustad, areal og transportplanlegging. Vert og vist til at planprogrammet bør legge til grunn dei same kvalitetskrava til spreidd busetnad, som til større bustadområder.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Eit overordna mål i samfunnsdelen er at vi ønskjer å ta heile Alver kommune i bruk. Vi skal sikre at det blir godt og attraktivt å bu og arbeide i alle delar av den nye kommunen. Vi skal ha størst bustadvekst i dei definerte sentra våre, men vi ønskjer også å ta vare på å styrke kvaliteten som ligg i det å ha spreidd busetnad og bustadutvikling i heile kommunen.

I tillegg til dei definerte sentera er det mange bygder og grender i Alver. Ein del av bygdene har nokre av dei same funksjonane som nærsentera og utfyller med dette senterstrukturen. Utvikling av bygdene skal følgje prinsippa om å samle tenester og tilbod slik som i sentera. Levande bygder og grender er viktig for landbruket, og vidare utvikling må skje i eit godt samspel mellom interessene til landbruket, og omsyn til andre utbyggingsformål.

Alver kommune vurderer ikkje at dette målet har ein målkonflikt. Statistikk over urealiserte byggeområder og kor bustadveksten faktisk har vore, viser at hovuddelen av veksten i bustad kjem i sentera våre, med hovudvekt på Knarvik, Frekhaug og aksen mot Alversund. Kommuneplanen sin arealdel for Alver skal ikkje rokke ved den utviklinga. Målsettinga knytt til «å ta heile kommunen i bruk» og ein aktiv bruk av LNF-spreidd bustad, er derimot eit verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling av bygdene og grendene i kommunen.

Nullvekstmål og Miljøløftet

Statlege og regionale mynde saknar omtale av nullvekstmålet og Alver kommune sine forpliktingar som part i Miljøløftet/byvekstavtalen. Dei skriv det er uklart kva Alver meiner med *«Alver kommune er ein geografisk stor kommune, med spreidd busetnad. Personbiltransport vil framleis vere viktig for mange, og vi må leggje opp til fleksible løysingar tilpassa områda vi planlegg i»*, Dei stiller spørsmål om i kva omfang kommunen ser føre seg at ein i kommuneplanen kan opna for bilbasert utbygging.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Bakgrunnen for desse formuleringane i planprogrammet er ei anerkjenning av at personbilen framleis vil vere viktig i deler av Alver kommune. Vi ønsker å arbeide for betre kollektivtilbod i

distrikta og gode gang- og sykkelvegar. Vi skal ha nærleik til funksjoner som premiss for utviklinga i Alver, men kommunen er langstrakt og vi må basere oss på bruk av bil også i framtida. Alver har ei uttalt ambisjon om å halde liv i bygdene og grendene våre, utan at det skal endre på det faktum at dei store bustadkonsentrasjonane er, og skal vere, i sentera våre.

Framdrift

Mellom anna Statsforvalteren peiker på at Alver kommune legg opp til ein intensiv prosess med ganske korte tidsfristar. Ein forhasta prosess kan gå utover kvaliteten på planen, og kan føre til meir konfliktar. I tillegg at det kan gå utover omfang av medverknad og dialog med innbyggjarar og andre partar.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Framdrifta er vedteke i utval for areal, plan og miljø 15. juni 2022. Kommunedirektøren har vurdert framdrift og risiko særskilt under punkt 4.

Strandsona

Statsforvaltar peiker på at planprogrammet er uklart på føringar i strandsona og korleis ein i kommuneplanen skal vurdere tiltak i strandsona. Strandsona bør vere eit punkt i kap. 5.3. Vurdering av byggeområder, anten som eit eiga punkt eller under punkt om «konflikt med viktige verneinteresser og/eller kvalitetar».

Kommentar frå kommunedirektøren:

Samfunnsdelen har fastsatt delmål og vegvalg på tema som skal følgjast opp i arealdelen, med ein klar ambisjon om ein berekraftig utvikling av strandsona som ein viktig verdi for innbyggjarane i Alver kommune. For å tydeleggjere at arealdelen skal ta omsyn til nasjonale føringar for strandsona er det lagt inn forslag til endring under kommunedirektøren si tilråding, tabell 1, punkt 7.

Kulturmiljø

Vestland fylkeskommune er tydelege på at kommunen må prioritera arbeidet med ny kulturmiljøplan og ber om at ein prioriterer å bruke tilstrekkeleg med ressursar til arbeidet. Understrekar at kulturmiljøplan bør ferdigstillast før kommuneplanen, då den legg viktige premissar for arealbruk.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Planprogrammet er ambisiøst, og med vedtatt framdriftsplan er det behov for å gjere nokre endringar. Den tematiske delen av kulturmiljøplanen vil ikkje vere ferdig før i 2024, men kartleggingane kan dels vere klare til arbeidet med KPA Alver. Tidlegare Radøy kommune vart ferdig kartlagt før 2017 og skal berre rullerast. For tidlegare Meland kommune er kartlegginga i stor grad ferdig. For tidlegare Lindås kommune må ein basere seg på ein grovare kartlegging dersom ein skal verte klar til fastsetting av kommuneplanen sin arealdel, ettersom denne delen av Alver er i mindre grad kartlagt frå tidlegare. Planen kan rullerast på seinare tidspunkt med ytterlegare kartlegging, men slik utviding av kunnskapen vil ikkje kunne få dei juridiske bindingane som trengs. Når det gjeld føresegn kan ein basere seg på planen frå 2017. Det er lagt inn framlegg til endring i tabell 1, punkt 6.

Biosfære

Statsforvalteren og Vestland fylkeskommune utfordrar Alver kommune på å konkretisere kva statusen som biosfæreområde har å sei for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, til

dømes knytt til jordvern.

Kommentar frå kommunedirektøren:

I planprogrammet er biosfæreområdet lagt inn som ei overbygning for planarbeidet. I biosfæreområde er fokuset å sjå heilskapen av alt areal, og korleis ein kan nytta ressursar på ein berekraftig måte, til dømes matproduserande areal, areal for næring og busetting, kulturlandskap, skogs- og havressursar. Alver kommune har gjennom deltaking i biosfæreområdet forplikta seg til å utvikle området i ein berekraftig retning, og i utarbeiding av planen skal biosfæreområdet sin konsekvens for planarbeidet konkretiserast.

Naturmangfald

Statsforvalteren og Vestland fylkeskommune peiker på at omsynet til naturmangfald må sikrast i planarbeidet. Arealbruk er den største trusselen mot naturmangfald, og langsiktig vern og forvaltning av LNF-område bør difor sjåast som eit viktig bidrag i arbeidet med å hindre tap av naturtypar og artar.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Ved utsending av planprogrammet på høyring var det intensjonen å gjennomføre ei kartlegging av naturmangfald og naturtypar. Det er kommunedirektøren sin vurdering at kommuneplanen sin arealdel må ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap knytt til naturmangfald. Det er lagt inn framlegg til endring i tabell 1, punkt 6.

Mangel på klare kriteria for arealinnspel

Statsforvalteren peiker på at mangel på klare kriteria for arealinnspel kan gjera handsaming av innspela meir utfordrande og tidkrevjande.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Planprogrammet er tydeleg på at eit innspel til kommuneplanen kan vere eit råd, ein ide eller eit ynskje, og at alle innspel skal vurderast opp mot anna kunnskap og ulike omsyn. Kap. 5 Innspel til arealdelen viser kva føringar alle innspel til planarbeidet skal vurderast opp imot. Vedlegg 2 sumerar opp føringar og kunnskapsgrunnlag. Med utgangspunkt i kap. 5 og føringar omtalt i vedlegg 2 skal det fastsettast ein metode for grovsiling av innspel. Denne metoden skal opp til politisk handsaming, før politisk sak med framlegg til grovsiling av innspel vert utarbeida.

Klima og klimatilpassing

Det er fleire merknader på at planprogrammet bør vere meir tydeleg på klimarisiko og klimatilpassing i arealplanlegginga.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Kommunedirektøren er samd i at planarbeidet må sikre ei arealdisponering som tek omsyn til eit klima i endring. Det vert ikkje tilrådd nokre konkrete endringar i planprogrammet på tema, men kommunedirektøren vil understreke at dette er eit viktig tema i planarbeidet.

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Statsforvalteren er uroa for at omtalen av ROS-analysen i planprogrammet er tynn.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Omtalen av ROS i planprogrammet er overordna, og kommunedirektøren vil understreke at det i planarbeidet skal gjerast grundig greie for metoden for ROS.

2. **Hovudtema frå lag og organisasjonar**

Innspel frå lag og organisasjonar inneheld i stor grad både innspel til planprogrammet og konkrete innspel på arealbruk. Innspel på konkret arealbruk, utforming av føresegner, samt kunnskap som er nyttig for sjølve planarbeidet, vert tatt med inn i planarbeidet og er ikkje kommentert i denne saka.

Utval av innspel til planprogrammet:

- Bygdeutvikling og LNF-spreidd bustad
- Samarbeid og medverknad
- Viktige verdiar som må takast vare på; friluft, naturmangfald, strandsona, kystlynghei m.m.

3. **<u>Hovudtema frå privat personar og bedrifter</u>**

Innspel frå privat personar og bedrifter inneheld i stor grad både innspel til planprogrammet og innspel til planarbeidet. Innspel på konkret arealbruk, utforming av føresegner, samt kunnskap som er nyttig for sjølve planarbeidet, vert tatt med inn i planarbeidet og er ikkje kommentert i denne saka. Nokre innspel omhandlar tema som ikkje er ein del av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, til dømes veglys og konkrete vegprosjekt. Kommunedirektøren vil overføre desse innspela til dei avdelingane dei ulike innspela er relevant for.

13 av innspela ber om at planprogrammet vert endra slik at det vert opna opp for innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen.

Utval av andre innspel til planprogrammet:
- Heile kommunen i bruk
- Strandsona og kystlinja
- Framdrift og medverknad
- Eldrebustader
- Trafikktryggleik, veg og trafikklys
- Kollektivtransport og gange og sykkel

Kommentar frå kommunedirektøren:
Vil gjere merksam på at dersom planprogrammet vert endra for å opne opp for innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen, må det opnast opp for ei avgrensa innspelsperiode slik at innbyggjarar og andre kan få sendt inn sine innspel.

4. **<u>Kommunedirektøren si vurdering av framdrift og risiko</u>**

Planprogrammet skal avklare framdriftsplanen til sjølve planprosessen, og det er derfor viktig å vurdere kva for prosessar som kan påverke framdrifta. Utval for areal, plan og miljø (APM) vedtok i høyringsdokumentet for planprogrammet 15. juni 2022 (sak 092/22), at arealplanen skal til 1. gangs handsaming innan sommaren 2023.

Kommunedirektøren har i arbeidet med planprogrammet peika på at arbeidet med arealdelen vil vere omfattande, der det skal gjennomførast mange ulike utgreiingar, aktivitetar og vurderingar. Kommunedirektøren har signalisert at det er mest realistisk å ha eit planforslag klart til våren 2024. Det er forståing for at det er politisk ønskje om ein raskast

mogleg planprosess, men kommunedirektøren vil likevel leggje fram nokre risikomoment som kan påverke framdrifta av planprosessen:

- Kommuneplanen sin arealdel skal følgje opp ambisjonane i samfunnsdelen, og arealdelen er det viktigaste juridiske styringsverktøyet for å sikre ønska utviklinga av Alver kommune. Ein stram tidsplan vil utfordre arbeidet med å lage ein plan, som skal sikre gjennomføring av ønska politikk.
- Samfunnsdelen har tydelege politiske ambisjonar om å utvikle heile kommunen, og då må kommunen gjennom arealdelen sikre seg eit handlingsrom for å utvikle både senter, bygder og grender. På fleire område vil kommunen truleg utfordre nasjonal og regional arealpolitikk, og i slike prosessar er det viktig å ha tid og kapasitet til dialog og samhandling med relevante aktørar og mynde. Viss framdriftsplanen er for stram, vil det bli mindre tid til å sikre denne viktige dialogen.
- Per i dag har Alver kommune seks gjeldande kommunedelplanar med mange ulike føringar i kvar enkelt plan, og som påverkar utviklinga av eigedommane på ulik måte. Den nye arealplanen skal samordne og fastsette nye juridiske føringar som skal gjelde for alle eigedomar i kommunen. Dette er eit omfattande arbeid, og det er viktig å ha tilstrekkeleg med tid til å kvalitetssikre det juridiske grunnlaget.
- Alver kommune har om lag 350 regulerings- og områdeplanar. Det er eit krav ved rullering av kommuneplanen at Alver kommune vurderer alle desse planane i forhold til følgjande omsyn:
    - Grad av motstrid i høve til ny kommuneplan.
    - Gjeldande statlege planretningsliner (SPR).

  Kommunen er i dialog med Statsforvaltaren for å avklare omfanget av desse vurderingane og kva dokumentasjon som er naudsynt. Det er likevel kommunedirektøren si klare oppfatning at dette arbeidet vil vere særs omfattande, og det er stor risiko dette arbeidet vil påverke ønska framdrift. (j.fr. vedtak 15. juni 2022).
- På kommuneplannivå er det krav om mange utgreiingar og vurderingar, til dømes konsekvensutgreiingar og avklaringar av risiko- og sårbarheit. Det er viktig å ha god kvalitet i desse vurderingane, og resultata av vurderingane kan også føre til endringar i ønska utvikling, til dømes på kva utbyggingsområde som kan vere med i planen. Erfaringsvis er dette prosessar som tar tid, og det kan ofte vere prosessar og dialog som går mellom ulike mynde.
- I høyringa til planprogrammet er det opna for arealinnspel. Det er kome inn over 500 innspel som skal handsamast på ein god måte. Kommunedirektøren tilrår ei grovsiling av arealinnspel etter gitte kriterier. Metode for grovsiling skal opp som politisk sak i den politiske styringsgruppa for planarbeidet, før administrasjonen utarbeider framlegg til kva innspel som skal vurderast nærare og kva innspel som vert silt ut. Detaljert gjennomgang av alle innspela vil påverke ønska framdriftsplan.
- Medverknad i slike planprosessar er viktig, og opplegg for medverknad i planfasen er ikkje fastsett enno, men kommunedirektøren vil peike på at ein stram tidsplan vil ha konsekvens for kva medverknadsaktivitetar det er mogleg å gjennomføre i planfasen.

Det bør vere eit mål for prosessen at Alver skal ha ein arealdel med kvalitet, som sikrar at ambisjonane frå samfunnsdelen er mogleg å følgje opp. Etter ei samla vurdering av momenta beskrive over, vurderer kommunedirektøren at det vil vere krevjande å ha ei framdrift, der arealplanen skal til 1. gongs høyring i juni 2023. Det blir henta inn ekstra kapasitet og ressursar til planarbeidet, men det er likevel ein stor risiko for at denne framdriftsplanen ikkje vil halde. Det er kommunedirektøren si tilråding å endre på framdriftsplanen som utval for areal, plan og miljø la fram i sak 092/22.

**Kommunedirektøren si tilråding**
Det har kome inn mange gode innspel til planprogrammet. Under kommunedirektøren si vurdering er eit utval av tema kommentert. I dette avsnittet vil kommunedirektøren tilrå endringar i planprogrammet. Ingen av endringane som blir foreslått er vurdert til å gje behov for ei ny høyring av planprogrammet. Dersom det er ønskje om å gjere ei endring for å opne opp for innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen, vil det heller

ikkje vere behov for ny høyring av planprogrammet, men det vil vere behov for ei ny og avgrensa innspelsperiode.

Tabell 1 er kommunedirektøren sitt framlegg til endringar av planprogrammet:

*Tabell 1 Kommunedirektøren sine framlegg til endringar av planprogrammet etter høyring og offentleg ettersyn*

| Nr. | Kap. i planprogrammet | Om framlegg til endring | Endring |
|---|---|---|---|
| 1. | Kap. 2.2 | Endre framdriftsplan | Utval for areal, plan og miljø (APM) vedtok i høyringsdokumentet for planprogrammet 15. juni 2022 (sak 092/22), at arealplanen skal til 1. gangs handsaming innan sommaren 2023. Med bakgrunn i alle prosessane som skal gjennomførast, der fleire av dei har høg risiko for å påverke framdrifta, vil kommunedirektøren tilrå å endre på framdriftsplanen. Det blir lagt fram to forslag til endringar, der punkt 1 er anbefalt:<br><br>1. Arealdelen blir lagt fram til 1. gongs høyring i februar 2024<br>2. Arealdelen blir lagt fram til 1. gongs høyring innan 1. oktober 2023 |
| 2. | Kap. 4.1. | Behov for å presisere at vurderingane av naturmangfald skal ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap.<br><br>Setning i høyringsutkastet: «Dette skal blant annet gjerast ved å auke kunnskapen om, kartlegge og ta omsyn til miljøtilstand, naturmgngfald og naturressursane på land og i vann». | Endring av siste setning i tekst under «Naturmangfald»:<br><br>«Dette skal blant annet gjerast ved å samanfatte eksisterande kunnskap og ta omsyn til miljøtilstand, naturmangfald og naturressursane på land og i vann». |
| 3. | Kap. 4.2 | Tilrår å legge inn omtale av mål frå samfunnsdelen knytt til jordvern. | Tillegg til tekst under «Landbruk»:<br><br>Samfunnsdelen har mål om at vi skal ta vare på biologisk mangfald, og ha eit sterkt jordvern, og aktivt forvalte verdifulle område. |
| 4. | Kap. 4.3 | Tekst i kap. 4.3. må endrast på grunn av at kulturmiljøplan ikkje vert ferdig før etter | Endring av siste setning i tekst under «Kulturarv»:<br><br>«I planarbeidet skal vi sikre at vi oppdaterer |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | vedtak av KPA.<br><br>Setning i høyringsutkastet: «I planarbeidet skal vi sikre at vi har oppdatert kunnskap om kulturarven i Alver kommune, gjennom utarbeiding av Kulturmiljøplan for Alver». | kunnskap om kulturarven i Alver kommune». |
| 5. | Kap. 4.4 | Vedtak i formannskapet:<br>Under Nærmiljø grønstruktur og friluftsliv: Rasteplassar og Parkeringsplassar og serviceanlegg (tømmingsanlegg bubil) | Tillegg til tekst under «Mobilitet».<br><br>I planarbeidet skal rasteplassar, parkeringsplassar og serviceanlegg (tømmingsanlegg for bubil) vurderast. |
| 6. | Kap. 4.5. | Omfang av utgreiingar må endrast på grunn av vedtak om planforslag før sumaren 2023.<br><br>Tema naturmangfald må ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap.<br><br>Kulturmiljøplan vert ikkje ferdig før etter vedtak av KPA. | Kap. 4.5. Samle tabell-utgreiingsbehov til kommuneplanen sin arealdel.<br><br>Ta ut punkt 4: «Kartlegging av naturmangfald og naturtyper, og tilpasse eksisterande kartlegging av naturmangfald til «Natur i Norge-systemet (NiN)».<br><br>Endre tekst i punkt 8 frå «Kulturmiljøplan-kartlegging av verdifulle kulturminner og kulturmiljø» til «Kulturmiljø; samanfatting av eksisterande kartleggingar og ny kartlegging av deler av Alver kommune». |
| 7. | Kap. 5.3 Vurdering av byggeområder | Innspel på ytterlegare tema som særskilt bør nevnast som del av grunnlaget for vurdering; naturfare og strandsone. | Sett inn «naturfare» som omgrep i tabell 5, under «Er arealet egna for utbygging?».<br><br>Legg til «strandsone» i tabell 5, under «Er arealet/tiltaket i konflikt med viktige verneinteresser og/eller kvalitetar?» |
| 8. | Kap. 6.1. | Innspel på at det er lagt inn feil rettleiar for konsekvensutgreiing i arealplanlegging. Andre kommunar har vist til KU-forskriften § 6 og har ikkje vist til konkrete rettleiarar. | Ta ut tekst som visar til konkret rettleiar og legge inn tekst som visar til KU-forskriften § 6.<br><br>Kva rettleiarar som skal nyttast i konsekvensutgreiinga skal avklarast i planarbeidet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 9. | Kap. 6.1. | Tillegg til tema i KU | · Støy<br>· Mineralressursar |
| 10. | Kap. 6.1. | Tillegg til kunnskapsgrunnlag som må vurderast i KU. | · Retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar<br>· Rettleiar Flaumfare i bekker<br>· Temakart og aktsemdkart for flaumfare på NVE Atlas<br>· Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen<br>· Forskrift om vassforsyning og drikkevatn<br>· Miljødirektoratet-Vannmiljø<br>· Rettleiar Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021).<br>· Alver kommune sin folkehelseoversikt.<br>· Datagrunnlag frå NGU (Grus-, pukk- og steintippdatabasen og mineralressursar) |
| 11. | Kap. 6.2. | Setning i høyringsutkastet: «ROS-analyse skal gjerast i samsvar med vedtekne akseptkriterier…». | Tillegg i tekst om ROS:<br><br>«Alver kommune har per i dag ikkje eit sett med akseptkriterier, men har akseptkriterier frå dei tre gamle kommunane». |
| 12. | Vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag | Innspel på tillegg til føringar og kunnskapsgrunnlag som bør vere med i opplistinga av føringar og kunnskapsgrunnlag for planarbeidet.<br><br>Tilrår å sette inn kunnskapsgrunnlag som eiga overskrift, slik at det ikkje er kopla til kommunen sitt kunnskapsgrunnlag. | Endre overskrifta «kommunale føringar og kunnskapsgrunnlag» til to nye overskriftar; «Kommunale føringar» og «Kunnskapsgrunnlag».<br><br>Legg til følgjande punkt i vedlegg 1:<br><br>· Faktaark «Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen».<br>· DSB sin rettleiar «Havnivåstigning og stormflo».<br>· Klimaprofil Hordaland<br>· NVE 4/2022 «Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar».<br>· Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av overvatn.<br>· NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging-grunnlag for innsigelse».<br>· Retningslinje 2/2011 «Flaum- og skredfare i arealplanar»<br>· Rettleiar «Flaumfare i bekken»,<br>· Temakart og aktsemdkart for flaumfare på NVE Atlas<br>· Miljødirektoratet sin rettleiar om vassmiljø i arealplanlegging; Vannmiljø.<br>· Vassressurslova og lakse- og innlandsfiskelova. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | · Drikkevatnforskrifta<br>· Strandsonerettleiar for Vestland<br>· St. meld. 16 Nye mål i kulturmiljøpolitikken-Engasjement, bærekraft og mangfold.<br>· Riksantikvaren sine anbefalingar for by- og stedsutvikling.<br>· MVA-rapport 1/2014 Kystlynghei i Austrheim, Lindås, Radøy, Meland, Øygarden, Fjell - Handlingsplan kystlinghei. |

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 31.10.2022 | KPA_Merknadsskjema_Innspel til planprogrammet_vedlegg til politisk sak | 1825742 |
| 30.10.2022 | Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentleg ettersyn | 1825743 |
| 31.10.2022 | Planprogram_Kommuneplanen sin arealdel Alver_Høyringsutkast | 1825744 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-033 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 27.10.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 158/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Melding/orientering til kommunestyret 24.11.2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
Meldinga vert teke til orientering.

**Politisk handsaming**
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Meldingar/orienteringar:**

- Protokoll Regionrådet 6-2022, 4.november med vedlegg.
- Notat – busetting av flyktningar utover busettingstalet for 2022

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 17.11.2022 | Protokoll Regionrådet 6-2022 4. november | 1837443 |
| 17.11.2022 | Sak 38-22. NGIR - forslag ny selskapsorganisering | 1837444 |
| 17.11.2022 | Sak 39-22. Husbanken | 1837445 |
| 17.11.2022 | Notat - buseting av flykningar utover busettingstalet for 2022 | 1837613 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FE-033, HistSak-14/3748 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 17.11.2022 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 159/22 | Alver kommunestyre | 24.11.2022 |

**Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 24.11.2022**

**Vedlegg i saken:**

09.11.2022 Spørsmål Ostertunet - kommunestyret 24.11.2022 1832054